



SØGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2019



Årsrapport 2019 - Sogn og Fjordane fylkeskommune

Foto framside:

Elsykkel i Henjahaugane barnehage, Leikanger. Foto Ida-Beate Mølmesdal/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Flo i Stryn kommune. Foto Matias Gjøstein Sundal.

Fylkesblomen i Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmann, fylkesordførar og fylkesvaraordførar i Sogn og Fjordane. Foto Birthe J. Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

INNHOLD

Side 4 Året 2019 - fylkesrådmannen har ordet

Side 11 Fakta om Sogn og Fjordane fylkeskommune

Side 13 Økonomi

Rekneskap

Byggerekneskap

Innkjøp

Side 25 Regional utvikling

Nye Vestland fylkeskommune

Planarbeid

Klimaarbeid

Internasjonalt arbeid

Side 49 Resultat og aktivitetar

Næring og kultur

Opplæring

Samferdsle

Tannhelsetenesta

Bygg og eigedom

Side 105 Organisasjon

Fylkeskommunen som arbeidsgjevar

Likestilling, likeverd og mangfold

Forvaltningsrevisjon og internkontroll

ÅRET 2019 - FYLKESRÅDMANNEN HAR ORDET

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrapport for 2019 er utarbeidd frå januar til mars 2020. Rapporten er skriven av den delen av administrasjonen i Vestland fylkeskommune som tidlegare utgjorde Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Dette er gjort ved at

- fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, Rune Haugsdal, godkjende arbeidsplanen for årsrapporten og legg fram tilhøyrande sak til politisk godkjenning
- tidlegare fylkesrådmann i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Tore Eriksen, har koordinert arbeidet med årsrapporten og har også skrive dette kapitelet

Det vert gjort eit tilsvarande rapporteringsarbeid for tidlegare Hordaland fylkeskommune. Det same er tilfelle for 2019-rekneskapane for dei to tidlegare fylkeskommunane.

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE - REGIONREFORMPROSESSEN I 2019

Første stortingsvedtaket om regionreforma kom i juni 2014. Sogn og Fjordane følgde opp med forhandlingar med Hordaland og Rogaland, seinare berre Hordaland, før dei fylkesvise godkjenningane fall på plass i februar 2017. I oktober same år vart det halde felles fylkesting med Hordaland i Gulen kommune (jf. Gulatinget). Der gjorde vi dei første fellesvedtaka som peikte fram mot nye Vestland fylkeskommune.

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk, gjennom ei innbyggjarhøyring før godkjenninga i eige fylkesting, innspel om at vi særleg måtte

- hegne om det nynorske skriftspråket
- ta vare på verdiane i Sogn og Fjordane Energi AS i «dagens fylke»
- vere merksame på dei store avstandane vi kunne stå overfor i eit eventuelt nytt storfylke

Alt dette vart rimeleg godt ivaretake:

- Nynorsken vart sikra i samarbeidet med Hordaland.
- Kraftverdiane skapte i Sogn og Fjordane, vart tekne vare på i ein kommuneoverføringsmodell.
- Dei «store avstandane» løyste seg dels ved at Rogaland «fall ut», og dels ved at det vart satsa tungt på samhandlingsmåtar basert på digitale løysingar.

2019 vart elles nytta til prosessar vi måtte gjennom i interimsperioden, dels før konstitueringa midt i oktober 2019 og dels opp mot årsskiftet 2019/20. Denne perioden er nærmere omtalt i eit eige kapittel, som er felles i årsrapportane for Sogn og

Fjordane og Hordaland for 2019. Det ligg dessutan inne visse omtalar også i dei meir sektorspesifikke kapitla, som til dømes kapitelet om samferdsle/fylkesveg.

SGON OG FJORDANE OG FOLKETALSUTVIKLINGA I 2019

Sogn og Fjordane fylke kom ut med eit folketal på 109 566 ved utgangen av 2019. Dette er 208 færre enn ved førre årsskifte, ein nedgang på 0,2 prosent. Tilsvarande tal på landsbasis auka med 0,7 prosent. Vi låg såleis 0,9 prosentpoeng under landsnivået, dvs. om lag som i 2018 (1,0 prosent). Fire andre fylke kom ut med tilsvarande negative tal.

Av kommunane våre auka folketalet i 10 av 26. Dette er noko betre enn dei siste åra, då vi berre hadde folketalsauke i åtte (2018) og seks (2017) kommunar. Den mest positive utviklinga i 2019 kom i Sogndal, som fekk ein auke på 134 (1,6 prosent). I andre enden av skalaen kom Høyanger med ein nedgang på 100 (2,4 prosent).

REKNESKAP FOR 2019

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2019 viser eit overskot på 71,8 mill. kr. Det er godt over gjennomsnittet dei seinare åra.

I budsjettstyringa skil vi mellom anslagsløyvingar og ordinære løyvingar. Anslaga er kjenneteikna av at dei er lite «styrbare». Det betyr at sluttresultatet på aktuelle postar er avhengig av faktorar som ligg utanfor fylkeskommunal kontroll. Dei ordinære løyvingane er meir styrbare, og der skal fylkeskommunen ha større kontroll på sluttresultatet.

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje styrbare». Her fekk vi ei samla netto meirinntekt/innsparing på 53,5 mill. kr. Skatt og rammetilskot gav 18,5 mill. kr, pensjon og premieavvik 17,3 mill. kr, konsesjonskrafta 8,7 mill. kr og kapitalinntektene og -utgiftene 8,8 mill. kr.

For dei styrbare løyvingane har Sogn og Fjordane fylkeskommune hatt som prinsipp at vi skal ha budsjettdekning for dei tenestene vi yter. Med sterkt søkerjels på budsjettdisiplin vert difor ikkje alle budsjettpostane nyttar fullt ut; vi styrer så nær opp til 100 prosent som råd. Det gjev mindre innsparingar på ein god del postar, og forklarar at vi kom ut med ei netto innsparing på 18,2 mill. kr på sektornivå i 2019.

Sektornivået hadde ei netto utgiftsramme på nær 2,60 mrd. kr. Med eit mindreforbruk på 18,2 mill. kr hadde sektorane - sett under eitt - ei budsjettgjennomføring på om lag 99,3 prosent. Ingen sektorar har brukta meir enn dei har hatt budsjettdekning for, dvs. at alle har såkalla mindreforbruk.

Fordelinga på sektornivået var slik:

- Forvaltning fekk eit mindreforbruk på 8,5 mill. kr. Blant dei største postane kan nemnast politisk styring 2,3 mill. kr, administrasjon 2 mill. kr, div. fellesutgifter 1,4 mill. kr og plan 1,4 mill. kr.
- Opplæring fekk eit mindreforbruk på 7,1 mill. kr, der skulelokale fekk 4,2 mill. kr, spesialundervising/tilpassa opplæring 3,9 mill. kr og pedagogisk leiing,



Fylkesrådmann Tore Eriksen
Foto: Oskar Andersen/Sogn og Fjordane fylkeskommune

pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevar 3,5 mill. kr. Fagopplæring fekk eit meirforbruk på 4,5 mill. kr. Dei vidaregåande skulanane og Fagskulen hadde i sum eit mindreforbruk på drift på om lag 4,7 mill. kr. Desse har resultatoverføring (til 2020), og innsparinga påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

- Tannhelse fekk eit mindreforbruk på 3,5 mill. kr. Også dei har resultatoverføring (til 2020), og innsparinga påverkar såleis ikkje samla rekneskapsresultat.
- Nærings og kultur fekk eit mindreforbruk på 0,8 mill. kr, der 0,6 mill. kr kom frå næring og 0,2 mill. kr frå kultur.
- Samferdsle fekk eit mindreforbruk på 1,8 mill. kr, der fylkesvegferjedrifta kom ut med 1 mill. kr og båtrutene med 0,8 mill. kr.
- Fylkesveg (drift og vedlikehald) hadde eit mindreforbruk på 21,1 mill. kr. Dette vert overført til bruk seinare år og påverkar såleis ikkje rekneskapsresultatet.

REGIONAL PLANLEGGING I 2019

Arbeidet med regional planstrategi gjekk i 2018 inn i ein ny fase. Dette skjedde ved at fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland gav fellesnemnda fullmakt til å starte opp det førebuande arbeidet med regional planstrategi for Vestland fylkeskommune.

Ein slik planstrategi er det einaste lovpålagde plandokumentet fylkeskommunen må utarbeide, jf. plan- og bygningslova §§ 7-1 og 7-2. Strategien skal vere klar seinast eitt år etter konstitueringa av nytt fylkesting.

Før dette fellesarbeidet starta, hadde Sogn og Fjordane vedteke eigne regionale planar for kysten, klimaomstilling, arealbruk, kultur, transport (RTP), idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, vassforvaltning, klima og miljø, folkehelse og for verdiskaping.

Sogn og Fjordane fylkesting gjorde i juni 2018 vedtak om at eiga regional planføresegns om lokalisering av handel og kjøpesenter skulle reviderast før 2020. Det gjaldt altså nemnde føresegns, ikkje den samla arealbruksplanen. Føresegna vart revidert i samsvar med dette, og fylkestinget vedtok denne i oktober 2019. Kort tid etter kom Fylkesmannen med ei «vesentleg innvending» til vedtaket. Saka vart difor sendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

FORVALTNING AV EIGNE KRAFTAKSJAR I 2019

Fylkestinget (FT) i Sogn og Fjordane gjorde i desember 2016 slikt vedtak:

FT ber fylkesrådmannen arbeide vidare med å sikre at dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen skal løpende konsultere og orientere FU i saka.

I desember 2018 vidareførte og konkretiserte FT nemnde vedtak slik:
Sogn og Fjordane fylkeskommune har til hensikt å overføre inntil 80 prosent av fylkes-

kommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane i Sogn og Fjordane, innanfor rammene av søksmålet mot BKK og innanfor rammene av ein rettskraftig dom i saka (fylkeskommunen sine aksjar låg i SF Holding AS) ...

FT ber fylkesrådmannen, i samråd med Sogn og Fjordane Holding AS, utarbeide utkast til aksjonæravtale og nye vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS for endleg godkjenning i FT, samstundes med at FT gjer vedtak om overføring av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane ...

Dette vart 4. juni 2019 følgd opp med at fylkestinget (FT) gjorde slikt vedtak:

1. FT i Sogn og Fjordane har til hensikt å overføre 80 prosent av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til dei kommunane i dagens Sogn og Fjordane fylke som vil vere ein del av Vestland fylke frå 1. januar 2020. Overføringa skal skje med utgangspunkt i kommunestrukturen i 2019 og etter ein fordelingsnøkkel der 65 prosent av aksjane vert fordelt etter kommunane sitt folketal per 1. januar 2019 og 35 prosent vert fordelt likt mellom kommunane ... Overføringa til kommunane føreset at:
 - det vert rettskraftig avgjort at overføringa ikkje utløyser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS
 - styret i SFE gjev samtykke til overføringa til kommunane
 - kommunane får konsesjon frå Olje- og energidepartementet til å eige
 - aksjeoverføringa ikkje får negative konsesjonsrettslege konsekvensar for Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine datterselskap.
2. FT godkjenner vedlagte gåvebrev (1) til kommunane og vedlagde aksjonæravtale (2) mellom fylkeskommunane og kommunane. FT sluttar seg vidare til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar sine vedtekter
3. Dersom føresetnadene i pkt. 1 vert oppfylte, får fylkesrådmannen i oppgåve - så snart som mogleg - å overdra aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS til dei aktuelle kommunane i Sogn og Fjordane.
4. Dersom føresetnadene i pkt. 1 ikkje vert oppfylte, ber FT generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS gjere vedtak om endringar i selskapet sine vedtekter i samsvar med vedlegg 4.
5. Dersom Sogn og Fjordane Holding AS og BKK vert samde om ein transaksjonsavtale innan den avtalte fristen 17.06.19, vil FT i ekstraordinært møte 26.06.19 ta stilling til om fylkeskommunen godkjenner transaksjonen. FT sitt vedtak i den føreliggjande saka er såleis gjort med etterhald om at FT kan kome til å handsame saka på nytt 26.06.19.

Alle føresetnadene for aksjeoverføringa vart kort tid etter oppfylte, jf. pkt. 1 over. Dette gjorde det uaktuelt med ei vidare oppfølging av pkt. 4.

BKK opplyste dagen før eit avtalt forhandlingsmøte at ein (likevel) ikkje ønskte å forhandle om ein transaksjonsavtale, jf. pkt. 5 i vedtaket. Det vart difor ikkje ny FT-handsaming av saka. Vidare trekte BKK anken til Høgsterett i rettssaka om forkjøpsrett til SF Holding sine aksjar. Gulating lagmannsrett sin dom - som gjekk i fylkeskommunen sin favør - var med dette rettskraftig.

Det var likevel behov for å gjere nokre små endringar i aksjonæravtalen og

vedtekten til SF Holding før fylkesrådmannen endeleg følgde opp fylkestingsvedtaket. Det vart gjort i eit eige vedtak i FT 8. oktober 2019.

Alle kommunane i Sogn og Fjordane var positive til å gå inn som aksjonærar i SF Holding AS. Selskapet vart etter dette reorganisert med nye vedtekter mv.

Fylkestinget sitt vedtak av 2016 var med det så godt som oppfylt (80 prosent).

ANDRE VIKTIGE SAKER - FRÅ FYLKESTINGET

FT handsama i 2019 også nokre andre viktige saker, der nokre fekk si avslutning i Sogn og Fjordane fylkeskommune, medan andre vert ført vidare i Vestland fylkeskommune.

Her følgjer ei kort opplisting (stikkord):

Fylkeskommunale investeringsprosjekt mv.

FT vedtok i april (sak 16/19) endelige rammer for den nye vidaregåande skulen på Øyrane i Førde. Denne vil bli den største i Sogn og Fjordane og gje både yrkes- og studieretta tilbod. Vedtaket er følgt opp i avtale med Førde/Sunnfjord kommune, som overtek dagens Hafstad vidaregåande skule. Tannhelsetenesta vil få lokale i den nye vidaregåande skulen. Fagskulen vert ikkje ein del av dette prosjektet.

Sogndal vidaregåande skule har i dag undervisning for vg3 (landslinje yrkessjåfør) og delar av vg2-faga i transport og anlegg på Kaupanger. FT vedtok i april (sak 15/19) at skulen skal få nye lokale same stad, kopla til lokale for eit nytt Vitensenter (AS). Vedtaket er følgt opp ved regulerings- og planarbeid og leigeavtale med det nye Vitensenteret. I juni 2019 vedtok FT (sak 22/19) å inngå ein treårig rammeavtale med Vitensenteret om fylkeskommunalt tenestekjøp ved senteret frå skuleåret 2020-21. Vedtaket er følgt opp i ein eigen avtale med senteret.

Våren 2019 gjorde FT to vedtak om tannhelsetenesta (sakene 13/19 og 23/19). Begge følgde opp eit tidlegare vedtak om ny klinikksstruktur i fylket, der ein reduserte tal klinikkar fra 28 til 18. I første saka vedtok fylkestinget, ut frå økonomiske og funksjonelle vurderingar, å kjøpe eigedomen til tannklinikken på Eid. I den andre saka vedtok fylkestinget korleis arealbehova for tannklinikkanne i Florø og Sogndal bør løysast. Dette siste vert følgt opp (leigeløysing og bygg på eigen grunn). Klinikken i Sogndal skal også gje eit tilbod til tortur- og overgrepssutsette og personar med angst for tannbehandling (statleg satsing).

I juni 2019 vedtok FT eit oppjustert kostnadsoverslag for fv. 303 Seimdalstunnelen (sak 24/19) ut frå nye tal frå SVV. Vidare stadfesta fylkestinget eige vedtak for ferjeavløysing for Ytre Steinsund (sak 28/19). Det siste vedtaket krev endeleg godkjenning også frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Fylkeskommunalt tenestekjøp

FT gjorde i sak 10/19 vedtak om kjøp av rutetenester med båt frå 1. mai 2022, eit vedtak som vart konkretisert i ny sak (26/19) i juni 2019. Vedtaket er seinare følgt opp av Vestland FT (2019), med visse endringar.

Økonomisaker

Fylkestinget reviderte eige budsjett (2019) i tre eigne saker (31/19, 49/19 og

51/19). Vedtaka var i samsvar med vanleg fylkeskommunal praksis og dessutan tilpassa inndelingslova sine reglar. Mange av dei endringane/presiseringane som vart gjorde, både her og i einskildsaker, var varsle og til dels føresett alt i det opphavelige budsjettet for 2019 - vedteke i desember 2018.

Eigarskapssaker

FT vedtok i oktober 2019 (sak 43/19) sin årlege eigarmelding, i samsvar med vanleg praksis. I denne ligg både den generelle eigarpolitikken og ein full selskapsspesifikk gjennomgang. I vedtaket heiter det at «FT oppmodar Vestland fylkeskommune om å vidareføre Sogn og Fjordane fylkeskommune sin praksis med godt eigarskapsarbeid.»

Sogn og Fjordane fylkeskommunen har ei tid arbeidd for å få ryddigare ordningar og ei meir rettvis kostnadsfordeling i IKS Trivselshagen, som vi eig saman med Gloppen kommune (50/50). FT engasjerte seg i saka 8. oktober 2019, på oppmøding frå kontrollutvalet (sak 38/19, selskapskontroll). Etter dette har styret i selskapet bedt eigarane kome med innspel til justert selskapsavtale. Denne saka må førast vidare av Vestland fylkeskommune.

Klimakrise

Fylkestinget gjorde 8. oktober 2019 slikt vedtak (innbyggjarinitiativ):

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune erklærer klima- og miljøkrise. Vi erkjenner at fylket står overfor utfordringar som er omfattande og krev ekstraordinære tiltak.
2. Vi ønskjer å styrke klimaomstillinga ved å setje i verk berekraftige tiltak til beste for samfunnet, innanfor naturen sine tolegrensar.
3. Vi oppmodar om å erklære nasjonal klima- og miljøkrise, då mykje av handlingsrommet ligg på nasjonalt nivå.
4. Dette skal vere eit premiss for det vidare arbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vestland fylkeskommune.

Andre saker (frå fylkestinget)

FT slutta seg i juni til tilrådd forslag til nytt fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune (sak 19/19). Saka kravde separate vedtak i både SFFK og HFK.

I april 2019 vedtok FT ein handlingsplan for førebyggande arbeid mot radikalising og valdeleg ekstremisme (sak 6/19). Denne var det første av sitt slag i Sogn og Fjordane.

I same møte (sak 14/19) slutta FT seg til ei framforhandla avtale med Høgskulen på Vestlandet om etablering og utvikling av Campus Førde verftet AS, m.a. som ledd i å styrke Fagskulen. I etterkant er nødvendige formalitetar komne på plass. Fylkeskommunen har løyvd vel 15 mill. kr til tiltaket.

I oktober 2019 gav FT si tilslutning til at Sogn og Fjordane teater LL inngjekk avtale om å leige lokale i eit framtidig Nynorskhus i Førde. FT sette som vilkår at også staten og Førde/Sunnfjord kommune følgjer opp til tilskotsida. FT etablerte for eigen del eit fond på 18 mill. kr til å dekke framtidige fylkeskommunale meirutgifter. Nynorskhuset er planlagt ferdig i 2022, og vil vere basert på eit samarbeidd med NRK, teateret og Firdakonsernet (sak 46/19).

SLUTTORD

Årsrapporten, saman med tilhøyrande rekneskap, er den viktigaste attendemeldinga fylkesrådmannen gir til fylkestinget. Begge delar er heimla i kommunelova.

Etter rapporteringsåret 2012 har ikkje hovudutvala i Sogn og Fjordane lagt fram eigne årsmeldingar. Den tidlegare ordninga på dette området var sjølvpålagt.

I Sogn og Fjordane har det vore lagt til grunn at årsrapporten og tilstandsrapporten for vidaregåande opplæring skal samlast i eitt og same dokument. Det har bidrige til effektivisering og god samordning og er følgd opp også for året 2019.

Ein annan viktig referanse for årsrapporten er målekartet som ligg i FT sitt budsjett for same år. Dette set mål for tenesteyting, regional utvikling og medarbeidar/organisasjon. Årsrapporten kommenterer berre det som måtte vere av avvik frå fylkestinget sine mål.

Eg vil takke fylkeskommunen sine politiske organ for godt samarbeid i 2019.

Eg vil òg takk medleiarar, tilsette og organisasjonane for god innsats i eit krevjande arbeidsår.

Leikanger, 31. mars 2020

Tore Eriksen
fylkesrådmann i Sogn og Fjordane (2019)

FAKTA OM SOGN OG FJORDANE

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane styrer fylkeskommunen gjennom å velje representantar til fylkestinget kvart fjerde år. Fylkestinget er det øvste politiske organet i fylkeskommunen. Hovudansvarsområda til fylkestinget er vidaregående opplæring, tannhelse, samferdsle, kultur, næringsutvikling, fylkesvegar, energipolitikk og planlegging.

Vidaregående opplæring for ungdom og vaksne er det største tenesteområdet vårt. Vi har tolv vidaregåande skular med plass til vel 4400 elevar. Fylkeskommunen har også ansvaret for at lærlingar og lærekandidatar får vidaregående opplæring i bedrift. Kultursektoren arbeider med å ta vare på kulturminne av regional og nasjonal verdi. Vi forvaltar spelemiddelordninga, administrerer Den kulturelle skulesekken og driv musikkarbeid gjennom distriktsmusikarordninga. Vi støttar det frivillige kulturlivet og driv ungdomsarbeid.

Fylkeskommunen er største vegeigar i fylket med totalt 2599 km fylkesveg. Statens vegvesen har vegfagleg ansvar for fylkesvegnettet på vegne av fylkeskommunen. Fylkeskommunen har også ansvar for kollektivtrafikktilbodet i fylket. Vi har fleire ordningar som er etablerte for å gje ungdom eit trygt og godt offentleg transporttilbod. Trygt heim for ein 50-lapp og ungdomskortet er døme på slike ordningar.

Fylkeskommunen arbeider med planlegging etter plan- og bygningslova. Dette inkluderer i stor grad eit tett samarbeid med, og rettleiing av, kommunane. Viktige omsyn her er mellom anna samordna areal- og transportplanlegging, folkehelse, tettstadforming, prinsippet om universell utforming, omsynet til oppvekstvilkår for barn og unge og estetisk utforming. Det er ei overordna oppgåve for fylkeskommunen å leggje til rette for næringsutvikling i heile fylket. Vi er med og gjer det mogleg å skape nye arbeidsplassar og næringar. Samstundes vidareutviklar vi eksisterande næringar. Vi samarbeider med kommunane og Innovasjon Norge for at næringslivet og etablerarar skal lukkast.

Den offentlege tannhelsetenesta behandlar alle grupper klientell.

POLITISK ORGANISERING


Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune har 31 medlemer. Styringsforma er formannskapsprinsippet. Fylkestinget vedtok i sak 39/14 slik politisk organisering i fylkeskommunen for valperioden 2015-19:

- Fylkestinget skal ha 31 medlemer.
- Fylkesutvalet skal ha ni medlemer.
- Fylkeskommunen skal ha tre hovudutval, kvart med ni medlemer:
 - hovudutval for samferdsle
 - hovudutval for opplæring
 - hovudutval for næring og kultur
- Kontrollutvalet skal ha fem medlemer.




Fylkesklubba er laga av firmaet Brødrene Lohne. Treverket kjem frå eit akasietre på fylkesmannsgarden i Leikanger.

Politisk organisering



Administrativ organisering



ØKONOMI



Det siste fylkestinget for Sogn og Fjordane fylkeskommune vart halde i Sogndal 10. desember 2019.
F.v. fylkesrådmann Tore Eriksen, fylkesordførar Jenny Følling og
fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes.
Foto: Birthe Johanne F. Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

REKNESKAP

Dei siste åra har rekneskapen vore gjort opp med overskot. Overskotet for 2019 er 71,766 mill. kr - det beste resultatet vi har hatt, i alle fall dei siste ti åra. 18,2 mill. kr av overskotet skriv seg av innsparingar på sektornivå medan 53,5 mill. kr er innsparingar på fellesinntekter/-utgifter.

DRIFTSREKNESKAPEN

Økonomisk oversikt – drift (mill. kr)	Budsjett 2019	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Skatt på inntekt og formue	656,100	673,160	646,738	621,079	609,784
Rammetilskot	1765,623	1779,041	1725,291	1 754,548	1 754,478
Andre statlege overføringer	147,340	221,890	260,495	209,308	216,558
Andre driftsinnt. eks. renter	409,531	699,669	687,767	611,842	568,394
Sum driftsinntekter	2978,594	3373,761	3 320,291	3 196,778	3 149,214
Driftsutgifter eks. avskrivningar	3008,974	3340,172	3065,809	2 837,968	2 795,487
Brutto driftsresultat	-30,380	33,589	254,482	358,810	353,728
Renteinntekter inkl. utbytte	121,916	134,474	79,238	148,799	86,307
Renteutgifter	55,000	54,590	47,659	49,898	50,627
Avdrag på lån	95,157	95,152	90,099	123,523	174,521
Netto driftsresultat	-58,621	18,321	195,962	334,187	214,886
Bruk tidl. års mindreforbruk	56,506	56,506	44,695	14,540	57,978
Bruk av disposisjonsfond	174,183	268,651	168,165	103,814	145,605
Bruk av bundne fond	53,533	215,256	158,553	160,455	179,787
Sum bruk av avsetjingar	284,222	540,412	371,414	278,809	383,370
Avsett til disposisjonsfond	212,121	298,922	352,393	391,547	355,381
Avsett til bundne fond	0,000	174,565	149,116	166,878	187,704
Overført til investeringsrekneskap	13,480	13,480	9,361	9,876	40,631
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	0,000	71,766	56,506	44,695	14,540

Tabell 1


NETTO DRIFTSRESULTAT

Diagram 1

Netto driftsresultat vert ofte nytta som indikator på kor god økonomi ein kommune eller fylkeskommune har. Det er tilrådd for fylkeskommunar å ha eit netto driftsresultat på minst fire prosent (av samla driftsinntekter). For 2019 har Sogn og Fjordane fylkeskommune eit netto driftsresultat på 18,3 mill. kr, noko som utgjer 0,54 prosent mot, 5,9 prosent i 2018.

Eit netto driftsresultat på 0,54 prosent er ikkje handlekraftig over tid. Årsaka til at vi i 2019 har eit så lågt netto driftsresultat er:

- **Næring og kultur:** fylkeskommunen har i 2019 prioritert å gje tilskot til fleire større næring- og kulturtiltak som vi har finansiert med bruk av avsette midlar tidlegare år. Dette påverka netto driftsresultat, men ikkje sluttresultatet.
- **Forvaltning:** fylkeskommunen har i 2019 nytta nær 20 mill. kr av eigne midlar til dekning av kostnader ved fylkeskommunesamanslåinga. Dette påverkar både netto driftsresultat og sluttresultat

Begge desse momenta er ekstraordinære for 2019, og påverkar ikkje økonomien vi tek med oss inn i Vestland i 2020.

Fylkeskommunane samla har eit netto driftsresultat på 2,8 prosent i 2019.

LOKALE INNTEKTER

Lokale inntekter er eit «samleomgrep» på inntekter Sogn og Fjordane fylkeskommune har på omsetjing av konsesjonskraft og utbytte.

Straumprisane i 2019 var svært høge, noko som vert speglia i nivået på dei lokale inntektene i 2019.

Lokale inntekter i mill. kr	Budsjett 2019	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
Konsesjonskraft	70	78	55	51	44	52	55	73
Utbytte	75	75	38	112	59	37	49	58
Sum lokale inntekter	145	153	93	163	102	89	104	132

Tabell 2

RENTER OG AVDRAG



Diagram 2

Nivået på rente og avdragsbelastninga i prosent av samla driftsinntekter har ein liten auke frå 4,1 prosent i 2018 til 4,4 prosent i 2019. Det betyr at 4,4 prosent av alle inntektene til fylkeskommunen vert nytta til å dekke renter og avdrag. Redusjonen i rente- og avdragsbelastninga frå 2016 skuldast at fylkeskommunen tidlegare har hatt ein strategi om å nytte eit ev. handlingsrom i driftsbudsjettet til å betale ekstra avdrag. Denne strategien er blitt reversert for å auke handlingsrommet både i drifts- og investeringsbudsjettet.

Avdragsbetaling på langsiktig gjeld i driftsrekneskapen utgjorde 95,2 mill. kr i 2019. Tilsvarande tal i 2018 var 90,1 mill. kr.

Brutto renteutgifter for 2019 er på om lag 54,6 mill. kr - ein auke på nær 7 mill. kr samanlikna med 2018.

DRIFTSUTGIFTER SPESIFISERT SEKTORVIS

Sektor (mill. kr)	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018	%-vis vekst
Forvaltning og fellesutgifter	189,674	160,584	15,3
Opplæring	882,763	844,959	4,3
Tannhelse	86,625	83,355	3,8
Næringer og kultur	271,314	152,426	43,8
Samferdsle	1 140,922	1 063,215	6,8
Sum	2 571,297	2 304,539	10,4

Tabell 3

Sum netto driftsutgifter har auka med 10,4 prosent frå 2018 til 2019. Tek vi omsyn til løns- og prisveksten for kommunesektoren på 2,8 prosent, er realveksten på 7,6 prosent. Den relativt sterke veksten skriv seg frå to ekstraordinære forhold:

Næring og kultur har ein vekst på 43,8 prosent. Den sterke veksten for næring og kultur er i all hovudsak grunna i fleire «eingongstilskot» til ulike kultur- og næringsføremål i 2019. Tilskotet er finansiert med bruk av tidlegare oppsparte midlar.

Forvaltning og fellesutgifter har ein auke på 15,3 prosent. Auken kjem i hovudsak frå løyving til samanslåingskostnadane for Vestland fylkeskommune.

For dei andre sektorane er det mindre endringar.

BUDSJETTAVVIK

Sektor (mill. kr)	Budsjett 2019	Rekneskap 2019	Avvik
Forvaltning og fellesutgifter	198,177	189,674	8,503
Opplæring	889,921	882,763	7,158
Tannhelse	86,610	86,625	-0,015
Næring og kultur	272,101	271,314	0,787
Samferdsle	1 142,723	1 140,922	1,801
Sum sektornivå	2 589,532	2 571,297	18,235
Felles utgifter og inntekter	-2 589,532	-2 643,063	53,531
Rekneskapsresultat	0,000	71,766	-71,766

Tabell 4

Fellesinntekter- og utgifter

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje styrbare» løyvingar. Samla fekk vi i 2019 ei netto meirinntekt/innsparing på 53,5 mill. kr. Skatt og rammetilskot er her dei største postane. Dei utgjer i sum om lag 2,44 mrd. kr i 2019 og gav ei meirinntekt på om lag 18,5 mill. kr. Vidare viser rekneskapen meirinntekter knytt til premieavvik og pensjon på 17,3 mill. kr, på konsesjonskrafta 8,6 mill. kr. 6,25 mill. kr. avdrag utlån og 2,8 mill. kr. kapitalinntekter og -utgifter.

Sektornivået

Sektornivået hadde ei netto utgiftsramme på nær 2,60 mrd. kr. Med eit mindreforbruk på 18,2 mill.kr hadde sektorane - sett under eitt - ei budsjettgjennomføring på om lag 99,3 prosent. Ingen sektorar har brukt meir enn dei har hatt budsjettdekning for, dvs. at alle har såkalla mindreforbruk.

Forvaltning kom ut med eit overskot 8,5 mill. kr. Dei fleste postane hadde mindreforbruk. Dei største er polisk styring (2,3 mill. kr), administrasjon (2 mill. kr), diverse fellesutgifter (1,4 mill. kr) og plan (1,4 mill. kr).

Opplæring kom ut med eit overskot på 7,1 mill. kr. Dei fleste postane hadde mindreforbruk, der dei største er

- skulelokale (4,2 mill. kr)
- spesialundervising og særskilt tilpassa opplæring (3,85 mill. kr)
- pedagogisk leiing, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevar (3,45 mill. kr)

Fagopplæring hadde eit meirforbruk på 4,5 mill. kr. Dei vidaregåande skulane og Fagskulen i Sogn og Fjordane hadde eit samla mindreforbruk på ordinær drift på om lag 4,7 mill. kr i høve budsjettet. Skulane har resultatoverføring (til 2020), og nemnde innsparing påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

Tannhelse fekk ei innsparing på 3,5 mill. kr. Også dei har resultatoverføring (til 2020), og innsparinga påverkar såleis ikkje samla rekneskapsresultat

Næring og kultur fekk eit overskot 0,8 mill. kr – 0,6 mill. kr på næring og 0,2 mill. kr på kultur

Samferdsle fekk eit overskot 1,8 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er fylkesvegferjedrifta med 1 mill. kr og båtrutene med 0,8 mill. kr.

Fylkesveg - drift og vedlikehald - hadde eit mindreforbruk på 21,1 mill. kr. Det vert overført til bruk seinare år og påverkar såleis ikkje rekneskapsresultatet.

INVESTERINGAR

Investeringar i anleggsmiddel utgjorde 717 mill. kr i 2019 mot 352 mill. kr i 2018. Investeringane fordeler seg slik på sektorane:

- 39,5 mill. kr forvaltning
- 200,4 mill. kr til opplæring
- 25,8 mill. kr til tannhelse
- 1,4 mill. kr til kultur
- 450,4 mill. kr til samferdsle

Avvik i høve budsjett skuldast i hovudsak forseinkingar i gjennomføringa av investeringane.

I tillegg har fylkeskommunen utgiftsført 27,8 mill. kr i avdrag, avsetjingar og aksjekjøp.

Av samla finansieringsbehov på 745,2 mill. kr, utgjer låneneoptaket 148,0 mill. kr eller 19,9 prosent. Tilsvarande tal for 2018 var 11,2 prosent.

Hovudtal (mill. kr)	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik 2019	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Forvaltning	39,451	37,951	1,500	14,877	18,202
Opplæring	200,403	253,224	-52,821	62,249	102,769
Tannhelse	25,824	27,145	-1,321	3,638	2,717
Kultur	1,401	2,798	-1,397	1,691	1,372
Samferdsle	450,351	487,694	-37,343	269,521	257,796
Investering i anleggsmidlar	717,429	808,812	-91,383	351,976	382,856
Avdrag, avsetjingar, aksjar	27,795	3,125	24,670	728,866	485,141
Finansieringsbehov	745,224	811,937	-66,713	1080,842	867,997
Bruk av lånemidlar	148,015	199,798	-51,783	121,322	223,587
Inntekter frå sal av anlegg	0,000	0,000	0,000	0,015	7,341
Tilskot til investeringar	212,947	199,736	-3,211	104,896	42,576
Mva-kompensasjon	107,473	139,234	-31,761	61,449	65,720
Mottekne avdrag på utlån	0,000	0,000	0,000	354,248	
Utbyte	5,679	5,679	0,000	366,751	291,902
Andre inntekter	9,338	13,365	-4,027	18,079	16,119
Overført frå drifta	13,480	13,480	0,000	9,361	9,876
Bruk fond	248,292	240,645	7,646	44,721	210,876
Sum finansiering	745,224	811,937	-66,713	1080,842	867,997

Tabell 5

BALANSE

Oversikt - balanse (mill. kr)	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Sum anleggsmidlar	8 245,856	8 012,885	7 790,145	7 298,494
Faste eigedomar og anlegg	6 233,211	5 726,277	5 562,511	5 172,808
Utstyr, maskinar og transport-middel	151,245	133,293	136,502	135,577
Utlån	5,000	7,247	7,247	7,650
Aksjer og andelar	220,033	638,502	655,022	605,802
Pensjonsmidlar	1 636,368	1 507,565	1 428,863	1 376,657
Sum omløpsmidlar	2 557,007	2 727,922	2 136,167	1 735,879
Kortsiktige fordringar	129,153	153,907	144,829	127,628
Premieavvik	31,810	12,499	8,621	17,043
Obligasjonar	210,478	211,544	209,017	155,422
Kasse, postgiro, bankinnskot	2 185,566	2 349,972	1 773,700	1 435,786
Sum eigendelar	10 802,863	10 740,807	9 926,312	9 034,373
Sum eigenkapital	5 883,189	6 002,212	5 339,870	4 569,465
Dispositionsfond	710,009	912,167	758,103	667,900
Bundne driftsfond	116,634	159,716	171,482	164,663
Ubundne investeringsfond	951,534	961,763	595,977	300,610
Bundne investeringsfond	16,061	0,384	7,392	8,501
Rekneskapsmessig mindrefor-bruk	71,766	56,506	44,695	14,540
Kapitalkonto	4 059,184	3 953,464	3 804,010	3 455,040
Endr. RK-prinsipp - AK Drift	-41,788	-41,788	-41,788	-41,788
Sum langsiktig gjeld	4 266,452	4 152,852	4 050,338	3 892,849
Pensjonsforpliktingar	1 876,037	1 799,150	1 757,087	1 714,470
Andre lån	2 390,415	2 353,702	2 293,251	2 178,379
Sum kortsiktig gjeld	653,010	585,743	536,104	572,136
Sum eigenkapital og gjeld	10 802,862	10 740,807	9 926,312	9 034,451

Tabell 6

Balansen gjev eit oversyn over eigendelane, eigenkapitalen og gjelda til fylkeskommunen.

Lånegjeld

mill. kr Utvikling lånegjeld og driftsinntekter




Diagram 3

Lånegjelda til fylkeskommunen har, etter ein sterk vekst fram til 2013, vore relativt stabil på +/- 2,3 mrd. kr. Ved utgangen av 2019 var lånegjelta på 2,39 mrd. kr - ein liten vekst frå 2018.

Samla driftsinntekter har auka nominelt med 153 mill. kr frå 2018 til 2019. Lånegjelta har auka frå å utgjere om lag 50 prosent av samla driftsinntekter i 2010, til å utgjere 70,9 prosent i 2019. Det er på same nivå som i 2018.

For fylkeskommunane samla utgjer lånegjelta 81,7 prosent av netto driftsinntekter.

kr per innbyggar Brutto lånegjeld per innbyggjar




Diagram 4

Lånegjelda til fylkeskommunen er på om lag 21 850 kr per innbyggjar, medan landssnittet (for fylkeskommunane) ligg på omlag 14 150 kr per innbyggjar. Lånegjelda per innbyggjar syner ein auke i 2019 for Sogn og Fjordane, i all hovudsak grunna nedgang i folketalet, medan lånegjelda er redusert for landet samla.

Disposisjonsfond i % av driftsinntekter




Diagram 5

Avsetjing til disposisjonsfond har vore stabilt høg over fleire år. Hovudgrunnen til oppbygginga av disposisjonsfonda, er den vedtekne strategien for bruken av lokale inntekter (utbyte og konsesjonskraft), samt streng budsjettdisiplin. I 2019 er denne «trenden» broten, i og med at fylkeskommunen dette året delte ut vesentlege beløp i tilskot (i hovudsak investeringstilskot) til kommunar og bedrifter i Sogn og Fjordane. Desse tilskota er finansierte med bruk av fond, og medfører at vi i 2019 har fått ein reduksjon i disposisjonsfonda.

Pr. 31.12.19 er det samla 710 mill. kr på disposisjonsfonda, noko som utgjer 21 prosent av sum driftsinntekter. Tilsvarande tal for 2018 var 912,1 og 27,5 prosent av sum driftsinntekter. Tilsvarande tal for alle fylkeskommunane samla var 10,3 prosent.

Ubundne investeringsfond har ein mindre reduksjon i 2019 (- 10 mill. kr.) og er på 951,5 mill. kr pr 31.12.2019.

KOSTRA

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev informasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemder: SSB offentleggjer 15. mars ureviderte tal for 2019. Reviderte tal vil bli lagt ut 15. juni 2020. I tabellen er vist nokkeltal for Sogn og Fjordane fylkeskommune dei fire siste åra - og 2018 for Vest-Noreg og landet u/ Oslo for samanlikning.

Sogn og Fjordane har dei seinare åra hatt eit netto driftsresultat vesentleg betre samanlikna med dei andre. Men for 2019 har vi ei endring - Sogn og Fjordane har eit resultat på 0,5 prosent, medan landssnittet u/Oslo har 2,6 prosent. Det er tilrådd å ha eit netto driftsresultat på minst 4 prosent.

Sogn og Fjordane har vidare vesentleg høgre inntekter og utgifter per innbyggjar enn landet i heile perioden. Vår netto lånegjeld per innbyggjar er òg vesentleg over landet. Men ser vi netto lånegjeld i høve brutto driftsinntekter, ligg vi under landssnittet.

Indikator - konsern	Sogn og Fjordane				Vestlandet	Landet u/Oslo
	2016	2017	2018	2019	2019	2019
Finansielle nøkkeltal i prosent av brutto driftsutgifter						
Netto driftsresultat	6,8	10,5	5,9	0,5	2,5	2,6
Netto avdrag	5,5	3,9	2,7	2,5	4,5	3,4
Netto renter	-1,1	-3,1	-1,0	-2,2	1,3	0,5
Netto lånegjeld	67,4	69,5	67,9	68,3	94,5	77,8
Arbeidskapital ekskl. premieavvik	36,5	49,9	64,2	55,8	17,5	19,2
Finansielle nøkkeltal i kroner per innbyggjar						
Brutto driftsutgifter	27 001	27 426	29 660	32 187	18 349	17 824
Brutto driftsinntekter	28 560	29 001	30 243	30 793	18 313	17 900
Frie inntekter	21 441	21 552	21 608	22 381	13 420	13 438
Netto lånegjeld	19 238	20 156	20 524	21 043	17 298	13 920
Fordeling av brutto driftsutgifter i prosent						
Adm., styring og fellesutgifter	4,9	4,7	4,6	4,6	3,9	5,0
Vidaregåande opplæring	33,2	33,7	32,0	31,5	41,1	43,9
Tannhelsetenesta	3,6	3,5	3,3	3,0	4,0	4,3
Fysisk planlegging, kulturminner osv.	1,9	2,2	2,3	2,0	1,7	2,4
Kultur	4,6	4,4	4,3	5,2	4,3	4,6
Samferdsle	38,3	38,0	40,3	39,2	37,2	31,5
Næringsutvikling	6,2	5,8	5,1	6,2	2,6	2,5

BYGGEREKNESKAP

BYGGEREKNESKAP FOR INVESTERINGSPROSJEKTET FV. 633 KLEIVA

Prosjektbeskriving

Prosjektet omfattar bygging av ein kort tunnel (598 m) og veg i dagen (360 m) som skredsikringstiltak. Eksisterande veg forbi Kleiva var utsett for ras, og det datt mykje stein ned på vegen. Prosjektet sikrar trygg tilkomst både for innbyggjarane og naudhamna i Honningsvågen i Selje kommune.

Kostnadsramma for prosjektet - utvikling

- 2017: Kostnadsoverslag for prosjektet: 122 mill. kr
- 2018: Prisomrekning: 127,2 mill. kr
- 2019: Prisomrekning: 130,3 mill. kr

Rekneskapsførte kostnadar i mill. 2019-kr

2016	2017	2018	2019	Sum
2,5	25,0	81,2	20,4	129,1

Tabell 8

Sluttrekneskap for fv. 633 Kleiva (i mill. 2019-kr)	Kostnadsrammer		Rekneskap	Avvik
	Opphaveleg	Revidert		
Investeringskostnad	130,3	130,3	129,1	- 1,2
Generell finansiering			129,1	

Tabell 9

Forklaring på avvik

Samarbeidet på anlegget har vore godt, og vi har i fellesskap kome fram til gode løysingar. Prosjektet er gjennomført ut frå føresetnadane i kostnadsoverslaget.

Læringsløye/erfaringar

Det er ikkje notert særslikte tema for den fylkeskommunale oppfølginga av prosjektet.

BYGGEREKNESKAP FOR INVESTERINGSPROSJEKTET FV. 60 UGLA-SKARSTEIN

Prosjektbeskriving

Prosjektet omfattar bygging av

- Vangbergtunnelen på om lag 1,2 km med tunnelprofil 9,5 meter
- veg i dagen mellom Ugla og Vangbergtunnelen vest og frå Vangbergtunnelen aust til Skarstein

Prosjektet vart opna 1. mars 2018, tre månadar før ferdigstillingsfristen.

Kostnadsramma for prosjektet - utvikling

- 2015: Fylkestinget vedtok kostnadsramme på 363 mill. 2015-kr
- 2016: Prisomrekning: 369,5 mill. kr
- 2017: Prisomrekning: 382,5 mill. kr
- 2018: Prisomrekning: 398,9 mill. kr
- 2019: Prisomrekning: 408,5 mill. kr

Rekneskapsførte kostnadar i mill. 2019-kr

Før 2015	2015	2016	2017	2018	2019	Sum
7,5	5,8	180,4	150,1	37,5	-1,8	379,7

Tabell 10

Sluttrekneskap for fv. 60 Ugla-Skarstein (i mill. 2019-kr)	Kostnadsrammer		Rekneskap	Avvik
	Opphaveleg	Revidert		
Investeringskostnad	408,5	408,5	379,7	- 28,8
Generell finansiering			379,7	

Tabell 11

Forklaring på avvik

Prosjektet oppnådde god konkurranse mellom tilbydarane. God planlegging frå entreprenør og god tilrettelegging frå byggherre i utføringa, gjorde at prosjektet vart noko rimelegare enn det som var lagt til grunn i kostnadsanslaget.

Læringssløyfe/erfaringar

Det er ikkje notert særslikte tema for den fylkeskommunale oppfølginga av prosjektet.

INNKJØP

OVERORDNA

Innkjøpstenesta har det innkjøpsfaglege ansvaret for alle innkjøp over 500 000 kr eks. mva., med unntak av byggje- og anleggskontraktar og avtalar knytte til drift av kollektivtransport og fylkesveg. Innkjøpa vert gjort i tråd med den fylkeskommunale innkjøpsstrategien.

I tillegg driftar innkjøpstenesta også Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI), ei innkjøpsordning for 25 kommunar og nokre statlege etatar i fylket. Innkjøpstenesta har i 2019 gjennomført konkurransar på vegne av samarbeidspartane, vore rådgjevar for samarbeidspartane og følgt opp felles rammeavtalar mot leverandørane. Fellesnemnda for samanslåinga med Hordaland vedtok i desember 2018 at fylkeskommunen skulle tre ut av innkjøpssamarbeidet frå 01.01.2020. KS peika i januar 2019 ut ei arbeidsgruppe som skulle sjå på eit nytt innkjøpssamarbeid for fylket. Fylkeskommunen har vore representert i denne arbeidsgruppa. Gruppa leverte rapporten sin til KS i august. Overgangen frå SFFI til eit nytt innkjøpssamarbeid er tenkt så smidig som mogleg og vil halde fram i 2020.

Innkjøpstenesta har i 2019 arbeidd tett med innkjøpsseksjonen i Hordaland. Dei to einingane har arbeidd etter felles innkjøpsplan, og innkjøpsmiljøa i dei to fylkeskommunane har hatt møte kvar veke for å oppdatere innkjøpsplan og planlegge oppstart av nye felles innkjøp. Det er brukta mykje tid på juridiske vurderingar av forlenging og utviding av avtalar, og tekniske vurderingar for felles drift og bruk av innkjøpssystema. Det har òg vore arbeidd mykje med å få på plass rutinar, malar og oppdaterte innkjøpsdokument for Vestland fylkeskommune. Der kommunar i SFFI har slått seg saman, har innkjøpstenesta tatt ansvar for å utarbeide eventuelle endringsavtalar med aktuelle leverandørar.

Innkjøpstenesta arrangerte i 2019 ei dagssamling for SFFI. Saman med Hordaland arrangerte vi ei felles todagarssamling for innkjøpskontaktane ved dei vidaregåande skulane i den nye fylkeskommunen.

NØKKELTAL

Fylkeskommunen gjorde netto innkjøp av varer og tenester for om lag 1,9 mrd. kr i 2019:

- 1,7 mrd. kr til drift
- 0,6 mrd. kr til investeringar

Innkjøpstenesta liste saman med innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune ut 74 konkurransar, 25 av desse over EØS-terskelverdi. Innkjøpstenesta har hatt

ansvaret for å følgje opp om lag 100 rammeavtalar. Vi har i 2019 brukt mindre tid på strukturert avtaleoppfølging, då vi har måttå prioritere arbeid i samband med samanslåingsprosessen med Hordaland.

EHANDEL

Fylkeskommunen har i 2019 arbeidd med å førebu EHF-infrastruktur for katalog og ordreutsending, både for den nye fylkeskommunen og for kommunane i SFFI.

Status for innføring av ehandel i fylkeskommunen per 2019:

Årstal	Tal ordrar i ehandel	Omsetning i kr	Tal aktive brukarar	Eininger som brukar ehandel
2014	120			
2015	2987	37 572 117		
2016	3964	132 000 000*		
2017	4586	47 000 000	130	49
2018	5370	104 000 000	140	51
2019	5205	90 000 000	120	46

* Stort tal grunna kjøp av Sogndal vidaregåande skule byggjetrinn 2 via ehandel.

Tabell 12

REGIONAL UTVIKLING



Høyanger
Foto: Morten Wanvik

NYE VESTLAND FYLKESKOMMUNE

VAL AV FYLKESVÅPEN

29. januar 2018 nedsette fellesnemnda sitt arbeidsutval ein fagkomité som skulle vurdere og tilrå alternativ til fylkesvåpen for Vestland. Det skulle skje etter ein rådgjevande og open innspelsprosess og ein designkonkurranse der nokre motiv bestemt av fagkomiteen, skulle teiknast ut.

Fellesnemnda fekk 19. desember 2018 framlagt fagkomiteen sine tilrådde forslag, men valde ingen av forslaga. Administrasjonen fekk i oppgåve å arbeide vidare med sak og få fram alternativ med utgangspunkt i forslag knytt til natur og landskap, vilje til demokrati, folkevald makt og med referanse til felles historie.

På møtet i fellesnemnda 23. mai 2019 vart det lagt fram nye forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune. Fellesnemnda samla seg då om å innstille eit velkjent geografisk motiv i det nye fylket i fargane djup blå og sølv til vidare handsaming i dei to fylkestinga.

Begge fylkestinga vedtok det nye fylkesvåpenet for Vestland fylkeskommune i samsvar med innstillinga frå fellesnemnda på møta deira i juni.

NY FYLKESORDFØRARKJEDÉ

På møte i fellesnemnda 23. mai 2019 vart det nedsett følgjande komité for innkjøp og utforming av ny fylkesordførarkjede:

- Folkevalde frå fellesnemnda:
Benthe Bondhus, Nils Marton Aadland, Bjørn Erik Hollevik og Åshild Kjelsnes
- Administrasjon:
Ronny Skaar (Hordaland fylkeskommune) og Ingebjørg Erikstad
(Sogn og Fjordane fylkeskommune)

Marianne Ose Askvik (Hordaland fylkeskommune) var prosjektleiar for komitéarbeidet.

Val av profesjonelle kunsthandverkarar/designarar vart gjennomført gjennom ei prekvalifisering.

Sylvsmed Knut Mykkeltvedt i Fjordsylv A/S, Vik i Sogn fekk oppdraget med å utforme den nye fylkesordførarkjeda i samarbeid med biletkunstnar Åse Bjørnestad Dale i Aurland.

For komiteen som har hatt ansvar for fylkesordførarkjeda, var det viktig at det skal



Den nye fylkesordførarkjeda til Vestland fylkeskommune har motiv frå heile det nye fylket.

Foto: Morten Wanvik

vere ei kjede som alle i Vestland fylkeskommune kan vere stolte av. Motiva i kjeda skal vere samlande og representere den nye fylkeskommunen på ein god måte. Symbola skal representere historie, næringsliv, natur og miljø i både fortid, samtid og framtid. Blant symbola er Gulatinget, helleristningar, Urnes stavkyrkje, steinkross og andre element frå Vestland.

Den ferdige fylkesordførarkjeda vart presentert i samband med det første konstituerande fylkestinget til Vestland fylkeskommune 15. oktober 2019.

OVERFØRING AV SAMS VEGADMINISTRASJON

Vestland fylkeskommune får nye oppgåver på vegsida frå 1. januar 2020. Oppgåver knytte til planlegging, utbygging, drift, vedlikehald og forvaltning av fylkesvegnettet vert overførte frå Statens vegvesen.

Det vart inngått ein avtale med Statens vegvesen om overføring av personell til Vestland fylkeskommune 1. februar 2019. Fylkesrådmannen gjennomførte ei kartlegging av behovet for overføring av nødvendige personellressursar.

I første omgang vart det overført nærmare 200 årsverk frå Statens vegvesen Region vest til Vestland fylkeskommune. I etterkant av dette vart det kartlagt eit behov for 100 nye stillingar til den nye avdelinga for infrastruktur og veg i fylkeskommunen. Stillingane vart lyst ut i oktober, med over 500 søkerar. Det vart gjort tilsetjingar i desember, etter ein omfattande rekrutteringsprosess.

DIALOGMØTE OM UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGER

Arbeidsutvalet i fellesnemnda fekk i oppdrag å gjennomføre dialogmøte med kommunar, næringsliv, organisasjonar osv. i ulike område av det nye fylket. Føremålet med møta var å få fram kunnskap om og innsikt i utviklingsutfordringar i ulike delar av Vestland fylke. Dette vart dokumentert som innspel i ein førebuande fase til det formelle arbeidet med regional planstrategi for det nye fylket. På møta vart det også informert om den pågående prosessen med å etablere den nye fylkeskommunane.

Møta var opne for alle, med spesielt inviterte representantar frå kommunane, regionråda, sentrale nærings- og samfunnsaktørar og frivillige organisasjonar. Det vart stor interesse for og deltaking på dialogmøta i/på

- Bergen 4. februar 2019
- Voss 6. februar 2019
- Gulen 7. februar 2019
- Førde 26. mars 2019
- Stord 29. april 2019

Sekretariatet for kontrollutvalet og val av revisor

På møte i fellesnemnda, 13. mars 2019 vart det vedteke at sekretariatet for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune skal ha hovudsete i Bergen. Fellesnemnda vedtok vidare 18. september 2019 at Deloitte AS vert revisor for den nye fylkeskommunen fram til 30. juni 2024.

BUDSJETT- OG ØKONOMIPLAN 2020-2023 FOR VESTLAND FYLKESKOMMUNE

I inndelingslova er det lagt opp til at fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåingen er sett i verk.

Fellesnemnda vedtok at gruppeleiarane for parti som ikkje sit i fellesnemnda, skulle få møte- og talerett i samband med det førebuande arbeidet med økonomiplan og budsjett.

Fellesnemnda handsama til saman fem arbeidsdokument om budsjett og økonomiplan gjennom året.

På det siste møtet sitt, 18. september 2019, vedtok fellesnemnda at fylkesrådmannen skulle legge fram konkrete innsparingstiltak på sektornivå og forslag til omprioriteringar med konsekvensvurdering på møtet i finansutvalet 24. oktober 2019.

Økonomiplan og budsjett for 2020-2023 vart endeleg handsama av fylkestinget 17. desember 2019.

KONSTITUERANDE FYLKESTING OG HISTORISK MARKERING

Etter kommunestyre- og fylkestingsvalet 9. september 2019, kalla leiaren i fellesnemnda inn til konstituerande fylkesting i Vestland fylkeskommune 15.-16. oktober.

På dette fylkestinget møtte dei 65 valde fylkestingsrepresentantane og handsama følgjande saker:

- godkjenning av fylkestingsvalet 2019
- reglement for folkevalde organ og delegering
- reglement for kontrollutvalet
- val av fylkesutval
- val av fylkesordførar og fylkesvaraordførar
- val av kontrollutval
- val av valnemnd
- val av folkevalde organ
- KS - val til landsting og fylkesmøtet
- folkevalde i Vestland fylkeskommune - rettar og plikter
- Vestlandsrådet - samarbeidsavtale
- val av representantar til Vestlandsrådet
- møteplan for hausten 2019 og 2020

I samband med det konstituerande fylkestinget vart det òg arrangert ei historisk markering av Vestland fylkeskommune i Håkonshallen 15. oktober. Ordførarane i alle kommunane var inviterte til markeringa, saman med stortingsrepresentantar, leiing for utdannings- og forskingsinstitusjonar, kulturinstitusjonar, politi, helsevesen, næringsliv og frivillige organisasjonar. I tillegg var ti innbyggjarar i Vestland fylke trekte ut til å vere med på markeringa.



Under markeringa i Håkonshallen fekk nyvald fylkesordførar Jon Askeland overrekt den nye fylkesordførarkjeda og heldt innsettingstalen sin som fylkesordførar. Her med fylkesordføraren i Sogn og Fjordane, Jenny Følling.
Foto: Vestland fylkeskommune

SAMFUNNSOPPDRAg, VISJON OG VERDIAR

I samanslåingsprosessen vart det arbeidd med å skape eit grunnlag for felles identitet og organisasjonskultur for den nye fylkeskommunen. Nye og godt forankra formuleringar og uttrykk rundt samfunnsoppdrag, visjon og verdiar er viktige verktøy for langsigktig bygging av identitet og organisasjonskultur i den nye organisasjonen. Slike formuleringar skal vere retningsgivande for måling, rapportering og utføring av arbeidsoppgåver.

Gjennom heile prosessen var det lagt opp til brei og god involvering internt og eksternt, for å få fram eit best mogleg grunnlag for val av samfunnsoppdrag, visjon og verdiar. Dette omfatta workshop-samlingar, spørjeundersøkingar og dialogmøte med interne og eksterne interessentgrupper. Eit omfattande materiale vart samla inn og nytta i det førebuande arbeidet.

Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for Vestland fylkeskommune vart lagt fram for fellesnemnda 18. juni 2019 og vedteke av Vestland fylkesting 17. desember 2019.

Samfunnsoppdrag

Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidssetta Vestland.

Visjon

Nyskapande og berekraftig

Verdiar

Kompetent - Open - Modig

PLANARBEID

REGIONAL PLANSTRATEGI FOR SGN OG FJORDANE 2016-2020

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020 er den overordna reiskapen fylkeskommunen har i rolla som samfunnsutviklar. Strategien legg òg føringerar for kva planarbeid vi har arbeidd med i 2019. Planstrategien saman med dei regionale planane, er styringsdokumenta som skildrar prioriteringar og vegval for ønska utvikling i regionen.

Fylkeskommunen samarbeider med kommunar, regional statsforvaltning, organisasjonane i næringslivet, ulike kompetansemiljø og frivillige organisasjonar om utforming og gjennomføring av dei regionale planane.

UTVIKLINGSPLAN FOR VESTLAND (REGIONAL PLANSTRATEGI)

Fylkeskommunen skal, i løpet av første året etter nytt fylkesting er konstituert, utarbeide ein regional planstrategi. Planstrategien skal peike ut den strategiske retninga for utviklinga i fylket, og skal i tillegg gjøre greie for korleis dette skal følgjast opp gjennom regional planlegging i valperioden.

Vi har sidan våren 2018 arbeidd med Hordaland fylkeskommune om å utarbeide kunnskapsgrunnlag for den første felles utviklingsplanen for Vestland. Arbeidet i 2019 resulterte i tre grunnlagsrapportar:

- Vestland - Statistikk og utviklingstrekk
- Vestland - utfordringar for fylket og regionane
- Folkehelseoversikt for Vestland 2019-2020

Den formelle oppstarten av arbeidet med regional planstrategi vart gjort i fylkesutvalet i Vestland i desember 2019. Fylkestinget skal vedta planstrategien i september 2020. Ei sentral problemstilling er korleis Vestland skal jobbe for å nå berekraftmåla til FN.

SAMLA OVERSIKT OVER PRIORITYERTE PLANARBEID 2016-2020

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
Nye planar					
Regional strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling					
Revidering/rullering av eksisterande planar					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					
Fylkesdelplan for klimaomstilling					
Regional plan for folkehelse					
Regional verdiskapingsplan					

- Planperiode
- Forlenging av planperiode
- Eventuell oppstart av planarbeid utsett til nytt fylkesting

Tabell 13

Regional strategisk plan for kysten (2018-2029)

Fylkestinget vedtok Regional strategisk plan for kysten i juni 2018 (FT-sak 28/18). Hovudmålet med planen er å skape «ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og fleire gjestande».

Fylkeskommunen, kommunane og representantar frå næringane på kysten meiner meir forpliktande samarbeid og meir kartlegging av ressursane i kystsona er avgjerdande for å nå målet. Planen inneholder fire satsingsområde:

- etablere eit kystråd
- ta styringa i kampen om sjøareal og strandsone
- knyte saman kysten med betre infrastruktur
- auke skaparkrafta og evna til nyskaping

Det er knytt ei rekke tiltak til kvart av dei fire satsingsområda. For kvart tiltak er det presisert kven som skal vere initiativtakar, støttespelar, og i kva tidsrom tiltaket skal bli gjennomført.

Fylkesdelplan for arealbruk (2000)

Fylkestinget vedtok i 2016 Regional planføresegna om handel og kjøpesenter (handelsføresegna), som er knytt til fylkesdelplanen (FT-sak 54/16). Handelsføresegna har som mål å hjelpe oss å oppnå ei god regional utvikling, som balanserer omsynet

til næringslivet, stadutvikling, arealforvaltning og klima og miljø.

I desember 2018 vedtok fylkesutvalet planprogrammet for revisjon av handelsføresegna (FU-sak 136/18). Arbeidet med planføresegna gjekk føre seg gjennom året, og fylkesutvalet tilrådde i oktober 2019 (FU sak 18/7724-58) fylkestinget å gjera slikt vedtak: «Regional handelsføresegns med retningslinjer vert vedteken slik den ligg føre.» Fylkestinget vedtok handelsføresegna i oktober, i sak 18/7724-59, men gjorde endringar i vedtaket.

I november 2019 varsla Fylkesmannen vesentleg innvending mot vedtaket i fylkestinget: «Vedtaket er i strid med Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (BATP)». Fylkesmannen bad om at fylkeskommunen sende saka over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for endeleg avgjerd. Inntil endeleg avgjerd fra KMD ligg føre, gjeld planføresegna frå 2016.

Regional plan for kultur (2019-2027)

Fylkestinget vedtok Kultur for alle - Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 i oktober 2018 og handlingsprogrammet for 2019-2022 i desember. Vi har definert to hovudmål for planarbeidet:

- Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn.
- Fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn.

Planen omfattar også fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Han avløyser såleis den tidlegare regionale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling (2018-2022)

Fylkestinget vedtok strategien i april 2018. Målet for strategien er å gje Sogn og Fjordane sterke bustads-, arbeids- og serviceregionar (BAS-regionar), med meir attraktive tettstadar som utfyller og styrkar kvarandre. Analysar av flyttemønsteret i fylket har vore eit viktig grunnlag for strategien. Strategien er eit grunnlag for og styringsverktøy innan regional utvikling.

Når det gjeld støtte til tettstadforming og stadutvikling, gav Sogn og Fjordane fylkeskommune støtte til åtte kommunar med til saman 4,284 mill. kr i 2019.

Regional plan for klimaomstilling (2018-2021)

Regional plan for klimaomstilling blei vedtatt i fylkestinget i juni 2018 (FT-sak 26/18). Planen har som overordna mål å «saman få til ei klimaomstilling av Sogn og Fjordane», der fylket vert smartare, tryggare og grønare. Planen har prioritert åtte plantema. Gjeldande handlingsprogram gjeld ut 2019, og vil bli erstatta av eit felles handlingsprogram for Vestland

Verdiskapingsplanen

Regional plan for verdiskaping gjev føringar for arbeidet på næringsområdet. Nyskaping og kunnskap er gjennomgåande plantema i verdiskapingsplanen. Planen omhandlar også sjømatnæringer, reiseliv og energi (både fornybar energi og olje/gass), i tillegg til industri og landbruk. Planen blei rullert i 2018, og vi gjorde justeringar for perioden 2018-2021. I rulleringa av planen la vi vekt på ei drøfting av kva vi har oppnådd så langt, og kva justeringar som trengst. Framover skal vi legge endå større vekt på bransjesamarbeid og grøn omstilling.

Rettleiing og kompetanseheving i kommunane

Vi gir fråsegn til alle kommunale planar - samfunnsdelar, arealdelar og reguleringsplanar. I tillegg til å gje planfagleg rettleiing, gir fylkeskommunen innspel på tema som

- kulturminneomsyn
- kulturmiljøomsyn
- landskapsomsyn
- friluftsliv
- samordna areal- og transportplanlegging
- omsyna til regional plan eller planstrategi
- barn og unge sine interesser
- fylkesvegar
- næring
- tettstadutvikling

Omsyn som spesielt har innverknad på nasjonale og regionale omsyn og interesser, vert vektlagde.

Fylkeskommunen har ansvar for regionalt planforum. Kommunane kontaktar oss om planarbeid dei har behov for å drøfte med ulike statlege og regionale fagetatar. Vi gjennomførte ti møte med totalt seks ulike kommunar i 2019. Også Statens vegvesen nyttar planforum mykje, konkret i tre større vegsaker i 2019.

KS har i samarbeid med fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane gjennomført eit pilotprosjekt med arealplanleggarar i kommunane. Prosjektet er med bakgrunn i registrerte rekrutterings- og kapasitetsutfordringar innan areal- og samfunnsplanlegging, spesielt i mindre kommunar. Prosjektet vart avslutta våren 2019. 14 planleggjarar i tillegg til 4 mentorar har delteke, og tilbakemeldingane er at mentorprogrammet har vore nyttig fordi det både gav ny kunnskap og eit nettverk ein kunne rådføre seg med. I tillegg meiner planleggarane det var ein tryggleik å ha ein mentor som ein enkelt kunne kontakte og be om hjelp eller råd.

I oktober arrangerte fylkeskommunen saman med Fylkesmannen i Vestland plansamling i Sogndal. Hovudmålgruppa var kommunalt tilsette som jobbar med planlegging, men konsulentar og andre interesserte kunne også delta. Det var i alt 140 deltakarar på samlinga, som gjekk over to dagar. Ein raud tråd gjennom samlinga var korleis ein kjem seg frå overordna langsiktige mål og strategiar for utvikling, til faktisk gjennomføring. Vidare kva rolle medverknad og samhandling har og bør ha i planprosessar for å få best mogleg resultat. Utvikling av stadane i fylket vårt fekk også særskilt merksemd på samlinga: Korleis lagar vi gode, trygge og attraktive stadar der folk vil bu, arbeide og leve liva sine?

Fylkesatlas og Fylkesspegelen

Fylkesatlas (www.fylkesatlas.no) er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen i Vestland om felles webkart. Det vart våren 2019 utarbeidd ein ny samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland for å sikre felles drift og vedlikehald av Fylkesatlas. Kartløysinga blir brukt både internett i sakshandsaming og av eksterne. Det var i gjennomsnitt 160 sidevisningar kvar dag i 2019.

På Fylkesspegelen (<https://statistikk.fylkesatlas.no/>) publiserer vi statistikk og kunnskap om utviklinga i fylket. Data frå SSB er oppdatert og publisert på

Fylkesspegelen gjennom heile året, saman med den regionale analysen om Sogn og Fjordane frå Telemarkforsking. Nettsida er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Fylkesmannen i Vestland, Høgskulen på Vestlandet og NAV. Frå 1. januar 2020 er Fylkesspegelen erstatta med <https://statistikk.ivest.no/>.

KLIMAARBEID

KLIMA OG MILJØ

Arbeidet har i hovudsak gått med til å følge opp handlingsprogrammet til Regional plan for klimaomstilling og andre regionale planar. Det er i tillegg brukt store ressurser på å førebu klimaarbeidet i Vestland fylkeskommune, for å sikre ei vidareføring av det gode arbeidet frå både Hordaland og Sogn og Fjordane. Det er også nyttta klimamidlar som har blitt delt ut til ulike prosjekt og tiltak for å følge opp Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 og bidra til klimaomstilling i Sogn og Fjordane.

KLIMAGASSUTSLEPP FOR SOGN OG FJORDANE

Klimagassutsleppet for Sogn og Fjordane var 1 763 221 tonn CO₂-ekvivalenter i 2017, med ein stigande trend frå 2009 til 2017 (tal for 2018 og 2019 ikkje tilgjengelege). Det viser at utviklinga går feil veg, sjølv om det har vore ein liten utsleppsreduksjon frå 2016. Utsleppa presentert av Miljødirektoratet gjeld berre innanfor fylkeskommunen sine geografiske grenser, og syner ikkje klimagassutslepp fylkeskommunen er skuld i utanfor dei geografiske grensene sine. Dei største utsleppskjeldene innanfor Sogn og Fjordane er industri, olje og gass, sjøfart, jordbruk og vegtrafikk.




Diagram 6

KLIMAFOTAVTRYKK EIGA VERKSEM

Det blei i samarbeid med Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein klimakostanalyse for både Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune. Analysen baserer seg på tal frå førre år. Klimakost berekner det komplette fotavtrykket frå fylkeskommunal verksem. Aktiviteten som medfører størst klimafotavtrykk er utslepp knytt til kollektivtrafikk, både birluter, fylkesvegferjer og båtruter. I tillegg er det utslepp knytt til bygg- og infrastrukturtiltak på fylkesvegane.




Diagram 7



Leif Arne Stavøstrand og selskapet Evoy AS fekk klima- og miljøprisen 2019.
Foto: Runar Bjørkvik Mæland/Sogn og Fjordane fylkeskommune



Klimakonferansen i Sogndal i april starta med ein klimaekskursjon til Leikanger.
Foto: Ida-Beate Mølmesdal/Sogn og Fjordane fylkeskommune

KLIMA- OG MILJØPRIS

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin fyrste og siste klima- og miljøpris blei delt ut i fylkestinget i april 2019. Prisen på 50 000 kr blei etablert som ein del av oppfølginga av Regional plan for klimaomstilling. Prisvinnar var Evoy AS, og det var Leif Arne Stavøstrand som tok imot prisen frå fylkesordførar Jenny Følling. Evoy AS er ei verksemd som har stort potensial for å skape grøne arbeidsplassar, og har satset stort på utviklinga av verksemda. Verksemda jobbar med å utvikle teknologi som kan bytte ut fossilt brensel med elektriske motorar. Dei utviklar verdsleiane heilelektrisk framdriftssystem til båtar i både proff- og fritidssegmentet.

KLIMAOMSTILLINGSKONFERANSEN

Den fjerde klimaomstillingsskonferansen blei arrangert i Sogndal i april. Det var eit spanande program, der hovudtemaet var klimaomstillingsval. Konferansen blei arrangert i same form som tidlegare år og starta med ein klimaekskursjon til Leikanger. Ekskursjonen inkluderte omvising på verdas nordlegaste vingard på Slinde, klimavandring i Leikanger og informasjon om klimaklynger på Leikanger og samarbeidsmodellar nyttar lokal. Hovudprogrammet var delt inn i klimarisiko og klimaomstillingsval. Konferansen blei avslutta med ein politisk debatt leia av Frøy Gudbrandsen.

KLIMATURNÉ PÅ BIBLIOTEK

Hausten 2019 blei det arrangert ein klimaturné med temaet «Lyg vi for dei unge?» på seks ulike bibliotek i Sogn og Fjordane, samt på fleire vidaregåande skular. Sigbjørn Mostue, forfattar av trilogien "I morgen er alt mørkt", og Svein Tveitdal, tidlegare direktør ved FN sitt klimaprogram (UNEP), sette sokkjelset på dei unge sitt engasjement for klimaendringane. Dei sette sokkjelset på klimafakta, og snakka om korleis vaksne kan vere gode rollemodellar når det gjeld klima og miljø.

TILSKOTSORDNING FOR KLIMA OG MILJØTILTAK

Det kom inn søknadar på over 6,5 millionar, og midlane gjekk til gode og varierte prosjekt. Desse prosjekta fekk støtte i 2019:

Søkar	Prosjektnamn	Tilsegn
Firda vidaregåande skule	Digitalisering av klimaspelet	350 000
Bremanger kommune	Gatevarme Svelgen Samfunnshus	54 743
Sogn EISykkel	Utleige av elsykler	217 500
Gloppen kommune	Solcelletak som gir energi til elsykler og møteplass for ungdom	100 000
Luster kommune	Støtte til gjennomføring av mobilitetsveke 2019	10 700
Utkantfestivalen	Utvila kollektivtilbod - Utkant2019// 25.-28. juli 2019	80 000
Forum for natur og friluftsliv (FNF)	Seminar om vindindustri og nasjonal ramme for vindkraft på land	90 700
ViteMeir vitensenter	Installasjonsprogram ViteMeir (midlar gjennom fylkestingsvedtak, teneste 7015 Nyskaping 2 millionar)	2 000 000
Vik kommune	Karbon på rett veg-prosjekt	400 000
Verksemder og private	Tilskotsordning for kjøp av elsykler	609 000
Norsk Klimastiftelse	2graders-magasinet og nanokurs for 25 personar	65 000
Totalt		3 977 643

Tabell 14



Henjahaugane barnehage på Leikanger er ein av barnehagane i fylket som har kjøpt elsyklar med støtte frå fylkeskommunen.

Foto: Ida-Beate Mølmesdal/Sogn og Fjordane fylkeskommune

TILSKOT TIL KJØP AV ELSYKKEL

Det kom inn over 640 søknadar både frå privatpersonar og verksemder i heile fylket. Grunna stor interesse, blei det løyvd tilskot for over 600 000 kr, der 47 verksemder fekk midlar. Dette var både barnehagar, skular, lokallag og private verksemder. Samstundes blei det trekt ut ti privatpersonar som fekk støtte til å kjøpe transportsykkel. Tilskotsordninga blei godt tatt imot, og det blei etterlyst vidareføring av ordninga.

SATSING PÅ ETABLERING AV HURTIGLADESTASJONAR

Det blei gjennomført ei felles utlysing på etablering av hurtigladestasjonar for Hordaland og Sogn og Fjordane våren 2019. Fondet til nullutsleppsinfrastruktur hadde ei originalramme på 0,5 millionar, men grunna mange søknadar, løyvde fylkespolitikarane ekstra midlar - til saman 2,5 millionar. Det vil bidra til etablering av 29 nye ladepunkt fordelt på ti lokasjonar. Vilkåra opna for ei utviding av eksisterande ladestasjonar knytt til regionssentera og etablering av nye stasjonar i område utan ladestedkning. Gjennom utlysinga vert det etablert nye ladestasjonar i Svelgen, Dale i Sunnfjord og Hardbakke i Solund.

SAMHANDLING FOR GRØNT SKIFTE

Prosjektet Samhandling for Grønt skifte blei avslutta sommaren 2019. Sluttrapporten frå prosjektet viste at fylkeskommunen kan ta ei meir aktiv rolle i klimaarbeidet enn det som så langt har vore vanleg, og då særleg som medspelar for kommunane på analyse- og planleggingsstadiet i klimaarbeidet. Ein viktig føresetnad er at fylkeskommunen då også tar ei aktiv rolle i å koordinere innsatsen regionalt overfor kommunane. Vi nyttar erfaringane frå prosjektet i det vidare arbeidet i Vestland fylkeskommune.

MIDLAR FRÅ KLIMASATS

Fylkeskommunen søkte Miljødirektoratet om støtte til tre prosjekt gjennom Klimasatsordninga i 2019 og fekk midlar til alle tre:

- 200 000 kr til eit prosjekt for å byggje ned elbilbarrierar i Sogn og Fjordane. Det vert tilsett ein person midlertidig til å følge opp prosjektet.
- 250 000 kr til etablering av Klimapartnarar i Sogn og Fjordane. Det vert tilsett ein person midlertidig til å følge opp dette. Prosjektet har ein langsiktig horisont og er ei styrking av Klimapartnarar i nye Vestland, i samarbeid med Klimapartnarar i Hordaland.
- 5,2 millionar til arbeidet med klimavenlege hurtigbåtar. Midlane skal nyttast til å styrke prosessen med anbod for nullutslepps hurtigbåt for å lykkast i det krevjande arbeidet.

FORNYBAR ENERGI

Fornybar energi er eit satsingsområde i verdiskapingsplanen. Fylket har store fornybarressursar, ikkje minst vass- og vindkraft. Fylkeskommunen yter støtte, inklusiv sekretærtenester, til Energiforum Sogn og Fjordane, som skal bidra til auka verdiskaping knytt til planlegging, utbygging, drift og bruk av fornybar energi i Sogn og Fjordane. Forumet skal også legge til rette for teknologiutvikling knytt til fornybar energi og energiøkonomisering.

HYDROGEN REGION SGN OG FJORDANE

Prosjektet Hydrogen Region Sogn og Fjordane blei avslutta i 2018, og sluttrapport for prosjektet blei ferdigstilt og overlevert til fylkeskommunen i slutten av 2018. Hovudutval for næring og kultur handsama i februar 2019 ei politisk sak med oppsummering og råd til vidareføring av hydrogensatsinga, i tråd med industristrategien i verdiskapingsplanen 2015-2025.

Det vert mellom anna gjort gjennom å vidareføre hydrogensamarbeidet på Vestlandet, Hydrogen Region Vestlandet med tilhøyrande strategi og handlingsprogram for 2019-2020. Mellom anna har Sogn og Fjordane fylkeskommune årleg arrangert ein konferanse om hydrogen i Florø. I tillegg er fylkeskommunen partner i ulike FoU-prosjekt knytt til hydrogen, blant anna eit forskingsprosjekt som ser på moglegheitene for innkjøp av hydrogenteknologi i hurtigbåtar. Fylkeskommunen er vidare initiativtakar og hovudpartner i eit læringsnettverk for lokale hydrogensamfunn i Noreg, Skottland, Island, Færøyane og Canada (NORA-prosjekt).

ENERGI OG MILJØ (RAPPORT FRÅ INNOVASJON NORGE)

Bruk av miljøteknologiordninga har auka kraftig i 2019, og mange av prosjekta er energiretta. Tibber AS fekk mellom anna 13,5 mill. kr til utvikling av digital plattform for etablering av kommersiell teneste, som skal tilby forbrukarfleksibilitet i energimarknaden. Evoy AS har i 2019 mottatt to rundar med tilskot frå Miljøteknologiordninga til utvikling av batteridrivne framdriftssystem for utsleppsfree, hurtiggåande småbåtar. Norsun AS i Årdal har også fått miljøstøtte til vidareutvikling av produksjonen i Årdal.

Arena-klynga Ocean Hyway Cluster har gjennomført første driftsår og fått støtte til årto. Klynga femner om bedrifter som er kopla opp mot hydrogenbruk i dei havbaserte næringane. Målet med satsinga er å arbeide for at Noreg vert leiande i verda på bruk av hydrogen som energiberar.

Frå Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket er det løyvd støtte til eit forprosjekt for varmesalsanlegg og ein forstudie om etablering av biogassanlegg på gardsnivå. Det er ytt støtte til mobiliseringaktivitetar innanfor bioenergi. Prosjektet er ei samfinansiering mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge, der det er sett av midlar til informasjonsmøte og oppfølging av inntil tolv gardsbruk med gjennomføring av forstudie.

Tilskot til miljøteknologi utmerkar seg med ein auka på heile 93 prosent. Det vart løyvd 193 mill. kr til bedrifter i heile Vestland. Dette utgjer ein tredjedel av forbruket for heile landet, noko som syner at bedriftene i Vestland er orienterte mot miljøprosjekt.

ENERGISPARING, ENERGIBRUK OG MILJØ

Bygge- og eigedomstenesta jobbar aktivt med å etablere effektive energiløysingar i dei fylkeskommunale bygga for å redusere den samla energibruken. Vi har teke grep for å legge om til fornybar energi, slik at oppvarming basert på fossile energikjelder fortløpende kan fasast ut. Det er etter 2019 ingen fylkeskommunale bygg i Sogn og Fjordane som har oppvarming basert på fossil oljefyring, men nokre skular har oljefyring som reserveløysing.

Alle eigde bygg har etablert automatisk energiovervaking. Vi kan då enkelt rette tiltak mot det som er mest fornuftig, i tillegg til at driftspersonellet enkelt kan optimalisere drifta av tekniske anlegg. I 2019 har det diverse vore problem med registrering av elektrisk energi som følgje av overgang til Elhub. Overgangen er eigentleg godt nytt, og oppfølginga vert meir nøyaktig, men det er nokon månader i starten av 2019 der vi manglar rette tal for energibruk til energioppfølgingssystemet. Det gjer at rapporteringa for 2019 er noko usikker.

Vi har gjennomført det fyrste større solcelleprosjektet for fylkeskommunal bygningsmasse i Aurland, men resultat av og potensial for dette vert fyrst synleg i 2020 når sola kjem over fjellet att. Vi har gjennomført to større konkurransar for utbygging, og både energi- og miljøkrav er høgt på lista for begge. For bygginga av vitensenteret/Sogndal vidaregåande skule på Kaupanger vert yting i høve energi og miljø òg ein relativt stor del av evalueringskriteria. Vi ser at dette fører til at vi kan bygge langt meir effektivt på desse områda, og metodikken må utviklast og takast med på vegen vidare.

2019 var eit steg i feil retning når det gjeld energibruk, trass i at det var eit relativt varmt år. Energimålet på gjennomsnittleg 130 kWh/m² er òg framleis innan rekkevidde, men vi har ein jobb å gjere for å få dette til. Auka energibruk kan koplast til fleire faktorar:

- usikre målingar grunna overgang til nytt system for innrapportering av elektrisk forbruk
- enkelte ombyggingsprosjekt som fører til auka trøng for fyring
- fleire episodar med utfall av kontakt med sentrale driftskontrollanlegg

Sistnemnde førte til noko manuell styring og elles därlege tilhøve for oppfølging og optimalisering. Delar av problemet står att i 2020, men vi arbeider med å løyse det. Det ligg eit uforløyst potensial i dagens bygningsmasse, og det er fullt mogleg å komme inn på rett spor att. Fleire av dei minst energieffektive bygga står i tillegg på lista for ombygging/renovering/delvis riving. Det er sannsynleg at kombinasjonen av å forbetre därlege bygg, i tillegg til å etablere ny og effektiv bygningsmasse, vil slå positivt ut i åra som kjem.




Diagram 8

TRANSPORTSEKTOREN

Reduksjon av klimagassar frå transportsektoren er eitt av hovudmåla i Regional planstrategi.

Ferjer, bussar og båtar i fylkeskommunale ruter slapp ut 40,0 1000 tonn CO2-ekvivalenter i 2018.

Transportmiddel som Sogn og Fjordane fylkeskommune forvaltar	Forbruk i liter i 2018	Utslepp i 1000 tonn CO2-e kv. i 2018
Ferjer (fylkesvegar)	3 786847	10,0397
Hurtigbåtar (Bergensrute)	6 747444	18,074
Lokalbåtar	1962148	4,372
Buss	2 590 876	6,564
Barmen-Barmsund	36000	0,954
Sum	15 090 915	40,003

Utslepp av CO2 frå ferjer, båt og buss som er under kontrakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2018 (2,65 kilo CO2-ekvivalenter utslepp per liter forbruk. Mjånes-Hisarøy er 95 prosent elektrifisert. Sambandet hadde eit straumforbruk på 136486 kWh i 2018. Omrekna blir det ca. 0,01 utslepp i 1000 tonn Co2-ekv. Barmen-Barmsund 3000 x12= 36 000x 2,65 l diesel.

Tabell 15

I dag går alle hurtigbåtar i Sogn og Fjordane på fossilt drivstoff. Båtane som går frå Sogn og Fjordane til Bergen utgjer nærmere 40 prosent av utsleppa frå kollektivsektoren til fylkeskommunen.

Noverande kontraktar om drift av hurtigbåt og lokale båtruter i Sogn og Fjordane gjeld fram til april 2022. Arbeidet med å førebu anbod på nye lokal- og hurtigbåtar føregjekk i heile 2019, mellom anna gjennom deltaking i ulike forskingsprosjekt knytt til teknologi i båten og lade-/fyllleinfrastuktur på land. Vi gjennomførte omfattande marknadsdialog - omlag 30 møte - med ulike aktørar for å tilegne oss kunnskap. Utkast til anbod blei lagt ut på høyring hausten 2019. Informasjon frå marknadsdialogen, utviklingskontrakten «fremtidens hurtigbåt» frå Trøndelag fylkeskommune og Klimasats-prosjektet «infrastruktur fremtidens hurtigbåt» tilseier at det er mogleg med nullutslepp på hurtigbåt frå 2023. For å få ein god overgang til ny teknologi, vert det for ein del ruter stilt krav om nullutslepp frå seinast 1. mai 2024.

Dagens ferjeflåte i Sogn og Fjordane er under opprusting. I løpet av dei neste åra vil fleire ferjer bli bytta ut. Nye ferjer har lågare utslepp av klimagassar enn dei gamle. Med dagens teknologi er det mogleg å elektrifisere ferjedrifta.

I gjeldande busskontraktar er det krav om nyaste tilgjengelege motorteknologi. Nye bussar skal bruke såkalla EURO 6-motorar. Motorar som tilfredsstiller EURO 6-standard har spesielt lågare NOx-utslepp enn tidlegare motortypar.

Alle dagens anbod for kollektivtransport går ut i løpet av planperioden til Regional

transportplan. Utover anbod på enkeltvise ferjeruter, er det tre anbod for buss i fylket samt anbod for høvesvis lokalbåtar og hurtigbåt med rute til Bergen.

Anbod	Utan opsjon	Med opsjon
Buss Nordfjord	2022	2024
Buss Sunnfjord	2024	2026
Buss Sogn	2025	2027
Lokalbåtar	(opsjon utløyst)	2022
Hurtigbåt med rute til Bergen	(opsjon utløyst)	2022
Sum	15 090 915	40,003

Oversikt over siste kontraktsår under gjeldande avtalar for buss og båt i Sogn og Fjordane.
Tabell 16

Ferjekontraktane går i hovudsak til 2025 med 1+1 års opsjon. Daløy-Haldorsneset går til 2023 med 1+1 års opsjon. Hisarøy-Mjånes går til 2023 med inntil 5 års opsjon.

I Regional transportplan 2018-2027 er det skissert ei mogleg nedtrapping av utsleppa til tilnærma nullutslepp frå kollektivtrafikken innan 2050. Her er det tenkt ein gradvis klimagassreduksjon i takt med ordinære fylkeskommunale innkjøp av kollektivtenester, ei oppgåve som vil gå inn i Vestland fylkeskommune sine oppgåver frå 2020.

INTERNASJONALT ARBEID

EUROMONTANA

Sogn og Fjordane fylkeskommune var representert på generalforsamlinga for 2019. Euromontana er ein kanal for prosjektutvikling og for politisk interessehevdning. I 2019 har Euromontana arbeidd aktivt med politikk for «smarte bygder», framtida for regionalpolitikken og landbrukspolitikken og fjellsamfunn-problemstillingar i det framtidige forskings- og innovasjonsprogrammet Horisont Europa.

SMART ECO-SOCIAL VILLAGES

EU-kommisjonen sette «smarte bygder» på dagsorden i 2017. Sogn og Fjordane fylkeskommune deltok med ekspertise i pilotprosjektet Smart Eco-Social Villages. Som del av arbeidet med smarte bygder deltok vi på workshop i EU-parlamentet og presenterte Fjordvarme-prosjektet på Nordfjordeid som døme på god organisering. Fylkeskommunen vart også invitert til å formidle tenkinga «smarte bygder» på Nordic Edge Expo i Stavanger hausten 2019.

P-IRIS

Interreg Europe prosjektet P-IRIS er leia av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjektet handlar om å utvikle innovasjonsnettverk i distriktsamfunn. Vi arbeider med ei verktøykasse til bruk for leiing av innovasjonsnettverk. Vi har vore aktive pådrivarar for at statlege SIVA og Innovasjon Norge inkluderer hub-node-samarbeid i høvesvis katapult- og klyngeprogrammet. Frå juli 2019 samarbeider vi med partnarskapen i Hordaland fylke.

SMART SPESIALISERING

Hausten 2019 sende vi saman med Hordaland fylkeskommune inn ein søknad til Interreg Europe om ein «peer review» for i fellesskap å utvikle smart spesialisering som metode for næringsutvikling. Vi har fått god førebels tilbakemelding på søknaden (formell avgjerd er venta i februar 2020). Vi vil på denne måten nytte oss av europeisk erfaringsutveksling gjennom tilbodet «Policy Learning Platform»

Saman med hydrogenklynga Ocean Hyway Cluster og Hordaland fylkeskommune har vi engasjert oss i det europeiske samarbeidet Hydrogen Valley. Samarbeidet vart initiert i 2019, og vi deltok frå første stund saman med klynga. Målet er å etablere eit konkret bedriftsretta samarbeid, for å utvikle europeiske verdikjeder innan hydrogenbaserte næringar. Eit tilsvarande arbeid er sett i gang for å utvikle eit næringsmiljø innan batteriteknologi. Det har vore leia frå Hordaland.

VEST-NORGES BRUSSELKONTOR

Sogn og Fjordane fylkeskommune er medlem, og vi deltek aktivt i arbeidet til Vest-Norges Brusselkontor. I 2019 har vi mellom anna nytta kontoret i samarbeidet vårt med Euromontana og Hydrogen Valley.

NORA (NORDISK ATLANTERHAVSSAMARBEID)

NORA er ein mellomstatleg organisasjon under det regionalpolitiske samarbeidsprogrammet til Nordisk Ministerråd. Organisasjonen skal bidra til vekst i regionen, mellom anna ved å styrke samarbeidet mellom bedrifter og forskings- og utviklingsorganisasjonar på tvers av landegrensene.

Island, Færøyene, Grønland og Kyst-Noreg (representert ved Vestlandsrådet og Nordsamarbeidet) er med i NORA-regionen. Sekretariatet med direktør er på Færøyene, og NORA vert leia av ein komité med tre representantar frå kvart land. Island har leia komiteen i 2019, og i 2020 overtek Noreg leiinga. Frå Noreg består komiteen av

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- Nordsamarbeidet (representert ved Nordland fylkeskommune)
- Vestlandsrådet (representert ved marin fagkoordinator i Sogn og Fjordane fylkeskommune)

Marin fagkoordinator har også vore Noreg sin representantert i NORA sitt arbeidsutvalet i 2019.

NORA hadde hausten 2019 møte i Inverness for å bli betre kjende med utfordringane i regionen. Mykje var samanliknbart med regionane i NORA, og ein vil forsøke å finne fram til nokre felles prosjekt.

I 2019 støtta NORA elleve utviklingsprosjekt, sju har norske partnarar. For nærmere informasjon, sjå nettsida www.nora.fo.

EU-PROSJEKTET SPARSE

Fylkeskommunen er med i EU-prosjektet SPARSE - Supporting & Promoting Arts in Rural Settlements of Europe. Prosjektet har som mål å etablere eit europeisk nettverk for turnering av kunst og kultur i rurale område. I mai 2019 var to representantar frå prosjektet på besøk i Sogn og Fjordane og fekk presentert korleis Den kulturelle skulesekken er bygd opp og fungerer.

RESULTAT OG AKTIVITETAR



DKS hadde forfattarturne med Anders Totland for ungdomsskulelevane i Luster kommune på Eikjabu i september. Elevane vart frakta i rib-båtar.

Foto: Silje Engeland/Sogn og Fjordane fylkeskommune

NÆRING OG KULTUR

Nærings- og kulturavdelinga dekkjer eit breitt spekter av oppgåver innan næringsutvikling, marin forvaltning, vassforvaltning, kultur, folkehelse og friluftsliv. Nærings- og kulturarbeidet i Sogn og Fjordane vart slått saman frå april 2016. Same år starta det innleiande arbeidet med regionreforma. Samlinga av nærings- og kulturarbeidet i ei avdeling kan difor trygt kallast ein mellomfase. Ved inngangen til nye Vestland fylke er det likevel freistande å summere opp nokre hovudpunkt for begge områda.

Næringsutviklingsarbeidet i Sogn og Fjordane er prega av mange framveksande kunnskapsmiljø, der delingskulturen er langt meir tydeleg enn før. Samarbeidet med Innovasjon Norge, kunnskapsparkane, inkubatorverksemndene og kommunane er prega av høgare tillit og betre kjennskap enn for nokre år sidan. Sjølv om det relativt grisgrendte Sogn og Fjordane er prega av næringsverksemd tufta på naturressursane, er der fleire suksessrike verksemder i «dei nye næringane».

Kultursektoren arbeidde etter sin første regionale plan i 2019. Forholdet til dei største regionale kulturinstitusjonane er godt, og dei har fått støtte i arbeidet med å tilpasse seg det nye fylket. Nynorsken er fellesnemnaren for «vestlendingen», og statusen til språket synest å vere styrka. Det er ekstra gledeleg at arbeidet med institusjonar som fremmar nynorsk går godt. Dagsturhyttene vekker stor interesse nasjonalt. Framifrå samarbeid med Sparebankstiftinga, kommunane og fylkesbiblioteket om hyttene, er noko vi skal vere skikkeleg krye av.

NÆRINGSOMRÅDET

Fylkeskommunen si næringssatsing skal legge til rette for at bedriftene våre utviklar seg, at ny næring og nye bedrifter oppstår. Slik skal vi skape grunnlag for arbeidsplassar og folkesetnad. Vi samarbeider med Innovasjon Norge og andre om å skape eit oversikteleg og godt apparat for å hjelpe både bedrifter og etablerarar.

Regional plan for verdiskaping gjev føringar for arbeidet på næringsområdet. Nyskaping og kunnskap er gjennomgåande tema i verdiskapingsplanen. Planen omhandlar også sjømatnæringar, reiseliv og energi (både fornybar energi og olje/gass), i tillegg til industri og landbruk. Bransjesamarbeid og grøn omstilling er viktige prioriteringar. Hovudutval for næring og kultur og fylkestinget sette i 2019 av midlar til fleire store og viktige næringsutviklingsprosjekt. I fylkestinget i juni sette fylkestinget av 15 mill. til eit felles pakkeri for frukt og grønt på Håbakken i Lærdal. Fylkestinget sette også av 4 mill. kr. til investeringar på Njøs Eigedom. Dette kom i tillegg til 2 mill. kr som hovudutval for næring og kultur tidlegare hadde sett av. Begge løyingane blir særskilt viktige for grøntnæringa i åra som kjem. Fjordane Virtuelle Campus (no kalla Inviro) fekk 8 mill. kr for utvikling av eit næringsmiljø med vekt på automasjon, energi, bygg og utdanning.

Etter at Sogn og Fjordane kom därleg ut ved tildeling av nasjonale midlar til breibandutbygging, løvde fylkeskommunen gjennom ulike vedtak til saman 24,56 mill. kr til breibandprosjekt i Sogn og Fjordane i 2019. Det er ein rekordhøg sum frå fylkeskommunen. Slik kompenserte fylkeskommunen for summen på 9,93 mill. frå Nkom, som er ein god del lågare enn åra før.

Vi har i 2019 arbeidd mykje med å bu oss på nytt fylke frå 2020. Samfunnet endrar seg snogt, og drivkrefter for endring og nytt fylke har stått på dagsorden når vi har samla kommunar og næringsselskap.

KULTUROMRÅDET

Året 2019 var det første året der «Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027» låg til grunn for arbeidet. Handlingsprogram for perioden 2019-2022 er vedteke, og handlingsplan for 2019 detaljerte innsatsen for året. Tittelen på planen, «Kultur for alle», set retninga for kulturarbeidet i Sogn og Fjordane. Det å nå alle med kultur, det å gi rom for deltaking og aktivitet skal prege arbeidet i kultursektoren i Sogn og Fjordane. Planen er også førande for korleis Vestland fylkeskommune innrettar kulturpolitikken sin for denne delen av fylket, inntil det ligge føre vedtak om oppheving av planen, eller ny plan er vedteken.

2019 har elles vore eit år der førebuing til etableringa av Vestland fylkeskommune også har prega mykje av arbeidet på kultursektoren i fylkeskommunen. Det vart også rom for å ta nye initiativ og støtte opp om nye kulturprosjekt.

Sogn og Fjordane Teater, som i løpet av året skifta namn til Teater Vestland har vore ein aktiv deltar i prosessen for å realisere Nynorskhuset i Førde. Fylkestinget har støtta arbeidet til teateret og har sett av eit fond på 18 mill. kroner til å dekke ev. uventa fylkeskommunale utgifter i framtida.

Musea i Sogn og Fjordane fekk tilsegn om løying på 40 mill. kroner frå staten til fellesmagasin i Angedalen. Fylkestinget støtta prosjektet med 20 mill. kroner. Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane vart etablert som eit interkommunalt samarbeid, jf. kommunelova § 27, med alle kommunane og fylkeskommunen som medlem.

Det vart oppretta fem nye distriktsmusikarstillingar i folkemusikk i 2018/2019. Talet på aktive distriktsmusikarstillingar er no oppe i 20. Kommunane Gloppen, Førde, Sogndal og Lærdal er arbeidsgjevarar, og musikarane underviser i dei kommunale kulturskulane. Fylkeskommunen yter tilskot til den utøvande delen av stillingane. I løpet av 2019 hadde også alle kommunane i Sogn og Fjordane fått på plass dagsturhytta si.

Etablering og utvikling av frivilligpolitikk og frivilligplattform i kommunar og fylkeskommunar var tema på ein dagskonferanse i samarbeid med Frivillighet Norge. Tema på konferansen vert følgt opp i Vestland fylkeskommune.

ØKONOMI

Sektoren næring og kultur hadde eit revidert budsjett på 272,101 mill. kr i 2019.
Midlane vart fordele slik:

i 1000 kr	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Bedriftsretta satsingar	27 600	27 600	27 600	36 020
Kommunikasjonsteknologi	20 882	20 882	3 000	8 277
Bransjeretta satsingar	31 686	32 140	9 475	9 384
Nyskapning	71 095	71 052	24 250	21 391
Kunnskap	1 800	1 800	2 818	4 593
Andre næringsområde	3 029	3 049	1 938	12 622
Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet - Administrasjon	11 118	11 184	11 018	10 241
Friluft, natur og vassforvaltning	1 069	1 169	1 488	1 175
Friluftsliv, vassregion etc. - Administrasjon	1 037	1 037	962	919
Bibliotek	5 607	6 178	5 958	5 934
Kulturminnevern	15 669	14 858	13 254	12 609
Museum	38 415	38 415	16 225	15 469
Kunstformidling	10 805	11 188	10 285	9 500
Kunstproduksjon	12 125	12 428	11 639	11 952
Idrett	8 890	9 181	2 491	2 708
Andre kulturaktivitetar	10 487	9 940	10 026	9 108
Næring og kultur	271 314	272 101	152 426	171 902

Tabell 17

Næringsbudsjettet består av regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og eigne driftsmidlar. Sogn og Fjordane fekk også 9,933 mill. kr frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) til utbygging av breiband i fylket i 2019.

Fylkeskommunen fekk 1,120 mill. kr frå Landbruks- og matdepartementet til arbeid med rekruttering og kompetanseheving innan landbruket.

Frå Miljødirektoratet fekk vi 2,010 mill. kr til arbeidet med vassforvaltning og 1,880 mill. kr. til friluftsføremål og lokale vilttiltak.

Kultursektoren forvalta i tillegg ca. 83 mill. kr i statlege tilskot til kulturaktivitet i fylket. Dei var fordeltet slik:

- 12,5 mill. til kulturminnevern (freda bygg, verdsarv og fartøyvern)
- 9,7 mill. til kunstformidling (spelemidlar til Den kulturelle skulesekken, skulekonsertar)
- 59,5 mill. til fysisk aktivitet (spelemidlar)
- 1,7 mill. til kulturbygg (spelemidlar)

REGIONAL PLAN FOR VERDISKAPING

Partnarskapsarenaen Næringsforum har peika på nokre område vi har lukkast med i Sogn og Fjordane dei siste åra. Det er mellom anna

- breibandsatsinga
- utvikling av sterke næringsmiljø og innovasjonsnettverk
- effektivisering og modernisering innan landbruket
- betre inkludering av forskingsmobilitet i regionalt utviklingsarbeid
- at vi er meir medvitne på kva sterke sider næringslivet i fylket har

Partnarskapen på leiarnivå fungerer godt, men gjennomføringa er i litt for stor grad lagt til fylkeskommunen.

Vi har fremja viktige politiske problemstillingar:

- kompetansestrategiar for Sogn og Fjordane
- innspel til jordbruksforhandlingane
- cruisestrategi for Vestlandet
- samarbeid om akvakulturforvaltning

Regional plan for verdiskaping 2014-2025 (verdiskapingsplanen) blei rullert av fylkestinget i juni 2018. I rulleringa blei det lagt større vekt på samarbeid mellom ulike bransjar og grøn omstilling. Verdiskapingsplanen har vore førande for bransjesatsingane landbruk, reiseliv, sjømatnæringer og energi, saman med dei tverrgåande satsingane kunnskap og nyskaping (inkludert industri). Verdiskapingsplanen skal framleis gjelde for Vestland, saman med andre regionale planar i dei gamle fylka, fram til ny regional plan for Vestland er vedteken.

NYSKAPING OG KUNNSKAP

driftig.no, etablerarkurs og temakurs

Nettsida driftig.no er ein informasjonskanal for etablerarar og småbedrifter. Sida samlar tilbodet til dei som ønsker å starte eller vidareutvikle småbedrifter i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen arrangerte grunnleggande etablerarkurs og temakurs for folk som ønskjer å starte eiga bedrift, fleire stadar i Sogn og Fjordane. Kursa går utanom vanleg arbeidstid og blir leia av ein innleigd konsulent. Kursa er utvikla saman med Innovasjon Norge og i samråd med kommunar, næringsselskap og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen gjennomførte grunnleggande etablerarkurs i Aurland, Måløy og på Sandane i 2019. Totalt deltok 40 personar på kursa. Tal deltakarar er på line med tidlegare år.

Fylkeskommunen gjennomførte ei rekke temakurs over heile fylket. Tema blei sett opp etter ønske frå næringslivet, og målgruppa var etablerarar og småselskap. Døme på tema for kursa er økonomikurs, netthandel, marknadsføring på Facebook, salskurs og strategikurs.

Kurs og samlingar og næringsmedarbeidarar

Næringsmedarbeidarar i kommunar og næringsselskap treng ulike kurs og samlingar for å vere gode rettleiarar for etablerarar og lokalt næringsliv. Dei må vere trygge på rolledeelinga i verkemiddelapparatet og på ulike regelverk og rutinar i samband med forvaltning av offentlege midlar. Vi gjennomførte ei samling for næringsmedarbeidarar i 2019. Elles trappa vi ned kurstilbodet i påvente av eit nytt kurstilbod i regi av det nye fylket.

Kommunale næringsfond

Fylkeskommunen tildeler midlar til dei kommunale næringsfonda i Sogn og Fjordane. Midlane skal hjelpe kommunane å vere gode støttespelarar for etablerarar og næringsliv i kommunane. I 2019 løvde fylkeskommunen 9,430 mill. kr til kommunale næringsfond.

Ungt Entreprenørskap

Fylkeskommunen og partnarane er opptekne av at barn og unge skal få god entreprenørskapsopplæring i barnehage, skule og høgare utdanning. Ungt Entreprenørskap (UE) er ansvarleg for det operative arbeidet. Fylkeskommunen har ein samarbeidsavtale med UE, som sikrar kontinuerleg innsats.

Innovasjonsnettverk

I 2018 oppnådde Maritim Foreining Arena-status i det nasjonale klyngeprogrammet med initiativet Ocean Hyway Cluster (hydrogenklynga). Hovudinntrykket frå 2019 er at Sogn og Fjordane har svært mange lovande innovasjonsnettverk, noko som er eit resultat av langvarig arbeid. I tillegg til etablerte miljø rundt næringshagane, Teknopollen og Måløy Maritime Group i Vågsøy, Campus i Sogndal og Maritim Foreining, har desse utpeika i 2019:

- miljøet rundt Stadt Towing Tank
- Fjordane Virtuelle Campus, med initiativtakarar på Nordfjordeid
- materialteknologi-initiativ i Gloppe
- Campus Førde Verftet
- Akva-hub i Hyllestad
- SITEP i Årdal
- arbeidet som er sentrert rundt Lærdal Grønt og Njøs Næringsutvikling

Fylkeskommunen sitt arbeid med å utvikle innovasjonsnettverk, er hovudsakleg i regi av Interreg Europe prosjektet P-IRIS. Det er eit internasjonalt samarbeidsprosjekt leia av fylkeskommunen i Sogn og Fjordane, med partnarar i Slovenia, Kroatia, Italia, Spania og Finland. Prosjektet har som mål å profesjonalisere nettverksarbeid i distrikt. I 2019 avslutta vi fase 1 for å iverksette det vi har lært. Aksjonsplanen for 2019-2021 i regionen vår, vart utvikla i samarbeid med Hordaland. Vi la vekt på å utvikle evner i å initiere, utvikle og omstille innovasjonsnettverk, på samarbeidet by-land og på omstellings- og fornyingsprosessar i næringslivet.

Arbeidet med kompetansestrategiar

Stortingsproposisjon 84 S (2017) definerer kompetanse som eitt av områda der fylkeskommunane har fått eit utvida samfunnsoppdrag. Målet er å styrke den strategiske rolla til regionalt folkevalt nivå i utviklinga av den regionale kompetansepolitikken. Ifølgje vurderingane til NAV vil Sogn og Fjordane ha store utfordringar når det gjeld å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft i åra framover. Det er definert fire innsatsområde som grunnlag for arbeidet:

- verdiskaping
- kompetansebehov
- utdanningsstrategiar
- bustadattraktivitet/generelle rekrutteringsstrategiar

VRI4 Sogn og Fjordane

Ved å mobilisere til meir forskingsbasert innovasjon, vil vi oppnå grøn vekst, auka berekraftig verdiskaping i bedrifter og fleire arbeidsplassar i fylket. Det skal i neste omgang føra til auka folketal, som er det overordna politiske målet. Satsinga er finansiert av Forskningsrådet sitt program FORREGION.

Målgruppene i 2019 har vore følgjande bransjar/næringar og tema:

- fornybar energi
- landbruk
- reiseliv
- sjømatnæringar
- kunnskapsnæringar - indirekte som prosessleiarar i FoU-startpakken
- teknologi og IKT (hausten 2019)

Verkemidla i 2019 har vore kompetansemekling, FoU-startpakken, forprosjekt eller små FoU-prosjekt, nettverksmøte og studentmobilitet. Vi har hatt ein kompetansemeklar for kvar bransje, men hausten 2019 vart det hyra inn tre ekstra kompetansemeklarar på teknologi- og IKT-feltet.

I 2019 har det vore mekla for 39 bedrifter. Ei bedrift fekk støtte til FoU-startpakken. To bedrifter fekk støtte til FoU-prosjekt, og det var åtte nettverksmøte med til saman 52 organisasjonar og 74 deltakarar. Av desse var det 21 kvinner. Fire bacheloroppgåver på Høgskulen på Vestlandet fekk støtte.

Til større hovudprosjekt vart det mekla til ein prosjektsøknad i RFF Vestlandet, til ein prosjektsøknad til Forskningsrådet og til to prosjekt til Horizon 2020.

I 2019 laga vi ny søknad for 2020, i tett samarbeid med det tilsvarende prosjektet i Hordaland, MobiFORSK.

Regionalt forskingsfond

Regionalt forskingsfond Vestlandet lyste ut støtte til hovudprosjekt i februar 2019. Prioriterte tema var:

- innovasjon basert på teknologi og kompetanse innan hav og energinæringane
- innovasjon innan berekraftig matproduksjon og bioøkonomi
- regionale offentlege prosjekt - innovasjon i kommunal sektor




Diagram 9

Grafen viser utviklinga i tal søkerne frå bedrifter og offentleg sektor i Sogn og Fjordane samla for perioden 2010 til 2019. Det var ni søkerne frå Sogn og Fjordane i 2019, noko som er eit relativt godt resultat. Av desse var det to som fekk støtte.

Det var fire søkerne om støtte til forprosjekt. Av desse var det berre Flora kommune som fekk støtte til eitt prosjekt.

OMSTILLING

Lærdal kommune var den einaste kommunen med formell omstillingsstatus i 2019.

Omstillingsprogrammet der har to satsingar:

- Vekst i Lærdal
- Attraktive Lærdal

Ein viktig suksessfaktor for oppfølging av omstillingsarbeidet, er at Lærdal kommune maktar å realisere planane knytte til Håbakken.

REISELIV

Verdiskapingsplanen definerer overordna og langsiktige effektmål for reiselivssatsinga i fylket, dei overordna måla er å

- auke verdiskapinga
- auke tal gjestedøgn
- få eit meir berekraftig reiseliv

Det operative arbeidet i planen er fordelt mellom fylkeskommunen, landbruksavdelinga til Fylkesmannen og Innovasjon Norge Vestland. Samarbeidet fungerer godt. Landbruksavdelinga til Fylkesmannen fekk i oppdrag frå fylkeskommunen å etablere

eit programstyre for lokalmat og reiseliv etter rullering av verdiskapingsplanen. Oppdraget blei trekt tilbake før sommaren 2019, då Fylkesmannen framleis ikkje var kome i gang med arbeidet, og fylkeskommunen sjølv ville få større del av ansvaret innan fagfeltet frå 2020.

Fylkeskommunen løyvde 5,740 mill. kr til satsinga reiseliv i 2019. Løyvingane frå fylkeskommunen gjekk til

- Fjord Norge AS
- NCE Tourism Fjord Norway
- destinasjonsselskap

I tillegg sette vi av 900 000 kr til vidare arbeid med prosjekt innan infrastruktur. Midlane vart lyste ut, og ti prosjekt fekk tilskot. Blant anna fekk Visit Fjordkysten tilskot til utvikling av stormløyper langs Fjordkysten, for å gjøre det trygt å gå langs kysten for å sjå og oppleve storm. Det styrkar satsinga på vandring, noko som er i tråd med reiselivssatsinga i verdiskapingsplanen.

I 2019 blei også prosjektet «Travel like the locals», eller Reis som dei lokale, starta opp. Det er eit samarbeid mellom fylkeskommunane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, samt Skyss, Kringom og Kolumbus. Prosjektet handlar om å ferdigpakke turar med offentleg transport og gjøre dei meir tilgjengelege for tilreisande frå utlandet. Møre og Romsdal har hatt prosjektet gåande sidan 2016. Arbeidet held fram inn i 2020 og vil då vere eit felles prosjekt for heile Vestlandet.

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet laga i 2017 eit framlegg til handlingsplan for cruise, som ei oppfølging av den tidlegare vedtekne cruisestrategien for Vestlandet. Handlingsplan for cruise vart vedteken i Vestlandsrådet i juni 2018. I 2019 starta arbeidet med handlingsplanen. Amland Reiselivsutvikling fekk oppdraget etter anbodsrunde. Det blei blant anna halde ein nasjonal konferanse for cruise i Bergen hausten 2019 i samband med dette. Konferansen fekk mange gode tilbakemeldingar, og dette arbeidet fortset inn i 2020.

SJØMATNÆRINGANE

Botnkart for kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora vart ferdige i mars 2018, og kommunane og næringslivet har teke dei i bruk. Kart over botnsediment og temakart er lagt ut på www.fylkesatlas.no. Nytt prosjekt som skal kartlegge kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gulen samt restareal i Kinn kommune vart starta opp våren 2019 og skal vere ferdig i 2023.

Fylkeskommunen har gjennomført ein multikriterieanalyse, som er ein verdisettingsanalyse av ulike interesser. Analysen syner eigna område for akvakultur frå og med Gulen og nordover og er gjort tilgjengelig på [fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no). Vi vil halde arbeidet med forbetring, og sjå på om fleire element kan takast inn i analysen.

Fondet MAREKO (Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond) var etablert på grunnlag av leigeinntekter frå undervisningskonsesjonen for laks og aure ved Måløy vidaregående skule. I 2019 vart det løyvd til saman 2 035 000 kr til prosjekt «Forprosjekt Akvakulturhall ved Måløy vgs.» og «Utvikling av akvakulturutdanning 2019-2020».

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane skal bidra til ei meir berekraftig akvakulturnæring i fylket og er basert på midlar frå konsesjonstildelinga i 2007. 2019 var siste år for utlysing. Det kom inn ni søknader til fondet. Fondet har delfinansiert prosjekt m.a. innan elektrifisering av havbruksnæringa, nytt fôr til torskeyngel og opplæring i havbruk på vidaregåande skule.

Det er løyvd midlar til prosjekt om videobasert overvaking av Lærdalselvi. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i samarbeid med Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfag i Sogn og Fjordane gjennomført marine rekrutteringsleirar for tiande-klassingar. Leirane er opphald på opplæringsfartøyet Skulebas med bedriftsbesøk og marine aktivitetar. Det var rekordstor söking til leirane i 2019, særleg av gutter.

Vestlandsamarbeidet - Marin sektor (VestMarin) er eit fylkesovergripande samarbeid innan marin næringsutvikling mellom Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Det starta i 2007 og er delvis knytt opp til strukturen i Vestlandsrådet. Hovudmålet er å bidra til å oppretthalde og styrke posisjonen Vestlandet har som leiande region innan marin sektor. I 2019 har vi m.a. samarbeida om

- høyringssaker
- finansiering av fylkesovergripande prosjekt
- finansiering og tilrettelegging av ein fellesstand for marint næringsliv frå Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane under akvakulturmessa Aqua-Nor i Trondheim

Sogn og Fjordane fylkeskommune arrangerte det årlege miljøseminaret for oppdrettsnæringa for åttande gong i 2019. Seminaret er eit samarbeid med Fylkesmannen i Vestland, Fiskeridirektoratet region Vest, Mattilsynet og Sjømat Norge. Hovudtema var knytt til overvaking av miljø, ny oppdrettsteknologi og forsking og utvikling i næringa. Vi fekk også eit engasjerande foredrag av Arne Hjeltnes om utviklinga av havnæringane frå vikingtida og fram til i dag. Over 100 personar frå næring, forvalting og forsking deltok.

Innan akvakulturforvalting fekk vi inn 31 søknader i 2019, om lag like mange som førre år. Søknadane gjeld i hovudsak laks og regnbogeaure i sjø, men også landbasert oppdrett og søknader om dyrking av makroalgar.

Vi har også i 2019 gjeve hjelp til Telemark fylkeskommune innan akvakulturforvalting. Det er no to søknader til handsaming.

LANDBRUK

Landbruk blei del av verdiskapingsplanen i 2016, og Fylkesmannen har hatt ansvaret for å følge opp dette temaområdet i planen. Gjennom regionreforma får fylkeskommunen frå 2020 eit større og koordinerande ansvar for næringsutvikling innan landbruket. Vi brukte mykje tid i 2019 på å bu oss på dette arbeidet.

Fylkeskommunen fordeler tilskot til prosjekt og kurs som rettar seg mot kompetanseheving og rekruttering i landbruket. I 2019 fordelte vi 1,120 mill. kr til slike føremål. Vidare er fylkeskommunen høyningsinstans for nasjonale prosessar og løftar fram dei viktigaste produksjonane i fylket i fråsegna til jordbruksoppgrøret.

2019 var også prega av at fylkeskommunen var med å finansierte fleire store og

viktige prosjekt for næringa i Sogn og Fjordane. Vestland har potensial for å auke produksjonen innan grønt og innan fleire frukt- og bærtyper. Løyvinga til eit felles pakkeri for frukt og bær på Håbakken, er avgjerande for å få til eit felles fylkesløft for å møte dei endringane marknaden krev for levering av frukt og grønt. Løyvinga til Njøs eigedom blei gjort for å sikre det viktige kompetansemiljøet innan frukt og bær på Njøs og for å sikre ei framtid for Njøs frukt- og bærcenter på Leikanger. Investeringane gjer at Graminor flyttar jordbærforedlinga til Njøs. Gjennom desse løyvingane la Sogn og Fjordane eit viktig grunnlag for at Vestland skal ta sin del av marknadsveksten som er venta innan desse områda i åra som kjem.

Hovudutval for næring og kultur var gjennom løyvinga si også ei avgjerande støtte i arbeidet med å få opp Noregs einaste fagskulestudie som koplar robotteknologi og landbrukt. Fagskuletilbodet mjølkeproduksjon med robotteknologi er eit samarbeid mellom Fagskulen Sogn og Fjordane og Mo og Øyrane vidaregåande skule. Deltidsstudiet startar opp på Mo allereie hausten 2020.

BREIBAND

Målet i breibandstrategien for Sogn og Fjordane er at alle i fylket skal ha tilgang til eller ha prosjekt for å etablere andregenerasjons breiband innan 2020. Strategien avheng av statleg støtte for å bli realisert.

Regjeringa har etablert ei tilskotsordning for breiband. Ordninga skal sikre eit tilstrekkeleg godt breibandtilbod til område der det ikkje løner seg å byggje ut på kommersielle vilkår. Kommunane i Sogn og Fjordane har i perioden 2014-2019 fått over 139 mill. kr frå staten gjennom denne tilskotsordninga.

Ordninga med statleg støtte til breiband vart lagt om i 2018, med ei endring i tildelingskriteria, også i 2019. Det ein stor nedgang i tildelinga for 2019 samanlikna med åra før. Vi meiner at distrikta, og områda som står at med dei dyraste og mest grisgrendte områda som skal byggast ut, kjem for därleg ut. Det har vi saman med mellom andre IT-forum jobba for å endre, både administrativt og politisk.

I statsbudsjettet for 2018 var det sett av 149,7 mill. kr til breibandordninga. Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk vel 17,24 mill. kr (11,5 prosent) av dette. I 2019 var det på landsbasis sett av 250 mill. kr, og Sogn og Fjordane fekk 9,93 mill. kr (4 prosent).

Sogn og Fjordane fylkeskommune sikra likevel store investeringar i breiband i fylket. Gjennom ulike vedtak løyvde Sogn og Fjordane fylkeskommune til saman 24,56 mill. kr til breibandprosjekt i Sogn og Fjordane. I 2018 var denne summen om lag 6,73, mill. kr. Vi klarte å finansiere alle 22 prosjektsøknadane frå 12 kommunar. Søknadane omfatta breiband til 19 717 husstandar. Det står framleis att nokre husstandar og område, men løyvinga er eit stort løft mot målet om full breibanddekning. Prosjekta har ein anslått totalverdi i utbyggingskostnader på nesten 100 mill. kr. Prosjekta blir lyste ut i regi av fylkeskommunen, saman med prosjekt frå Hordaland, i ein felles konkurranse på nyåret 2020.

TILRETTELEGGING FOR AUKA OLJE- OG GASSVERKSEMD

Fjord Base i Florø har ein sentral plass i petroleumsnæringa i Sogn og Fjordane,

og Equinor er den største kunden på basen. Selskapet er mellom anna operatør for Snorrefeltet. Plan for utbygging og drift av Snorre Expansion Project, som inneber investeringar på nær 20 milliardar, vart godkjend av Olje- og energidepartementet i juli 2018. Neptune Energy driv logistikk- og støttefunksjonar til Gjøafeltet, og planlegg utbygging av nye funn der. Gjøa vert også verstsplattform for undervassfeltet Nova, som er under utbygging med Wintershall Dea Norge som operatør. Norske Shell er operatør for Knarrfeltet og har base- og driftsavdeling for feltet på Fjord Base. Aktiviteten har vore høg i 2019.

Petroleumsverksemda er viktig også i Gulen kommune. Det er omfattande aktivitet og arealutvikling i både Sløvåg og Skipavika, der riggar ligg tett i opplag medan dei ventar på nye oppdrag.

Maritim Forening Sogn og Fjordane (no Hub for Ocean) har i verdiskapingsplanen hatt hovudansvar for å utvikle leverandørindustrien i fylket.

Petroleumskonferansen Vekst i Vest har vore arrangert årvisst sidan 2011, med fylkeskommunen som sentral arrangør. Også i 2019 vart denne arrangert, i samarbeid med Hub for Ocean og Norsk Petroleumsforening.

ARBEID MED VASSFORVALTNING

Hovudaktivitet i 2019 var å førebu arbeidet med ein vassforvaltningsplan for Vestland vassregion for 2022-2027.

1. Sogn og Fjordane vassregion vart slegen saman med Hordaland vassregion frå 1.1.2020. Følgjande dokument er utarbeidde og vedtekne i 2019
 - a. Planprogram for Vestland vassregion knytt til Regional plan for vassforvaltning 2022-2027
 - b. Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion. Hovudutfordringar i kvart av vassområda Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn ligg ved som vedlegg til hovuddokumentet

Ein høyringskonferanse om plandokumenta vart gjennomført i høyringsperioden våren 2019. Plandokumenta vart forankra i Sogn og Fjordane vassregionutval i oktober 2019. Etatane som er ansvarlege for å gjennomføre planen, sit i vassregionutvalet. Planprogrammet vart politisk vedteke i desember 2019, hovudutfordringsdokumenta vart tekne til orientering.

Vassområda Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn har lagt vekt på oppfølging av tiltaksprogrammet for den regionale planen i 2019 og å utarbeide hovudutfordringsdokument for kvart av vassområda. Mange av tiltaka for kommunane er problemkartlegging med mål om å få på plass eit betre kunnskapsgrunnlag. Prosjektleiarane for vassområda har koordinert innsatsen og lagt til rette for arbeidet til kommunane. Det har vore gjennomført møte i alle vassområdeutvala i 2019.

Fylkeskommunen fekk i 2019 overført 2,01 mill. kr frå Miljødirektoratet til planarbeidet og har gått inn med 0,3 mill. kr sjølv. Store delar av midlane er fordelt vidare til arbeidet i vassområda.

BEDRIFTSRETTA STØTTE GJENNOM INNOVASJON NORGE (IN)

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge som operatør for dei bedriftsretta verkemidla. Innovasjon Norge hadde i 2019 følgjande hovudmål:

- fleire gode gründerar
- fleire vekstkraftige bedrifter
- fleire innovative næringsmiljø

Det følgande er eit utdrag frå Innovasjon Norge si rapportering til fylkeskommunen for 2019:

Fleire gode gründerar

IN har gjennomført seminaret «Frå idé til marknad» til saman fem gonger i 2019, på Sandane, i Florø, Sogndal, Stryn og Førde. Møta blir haldne i samarbeid med lokal førstelinjeteneste. Omlag 80 deltakarar har delteke på arrangementa. Det er på same nivå som i 2018, og dei fleste av deltakarane var gründerar. «Frå idé til marknad» er Innovasjon Norge sitt tilbod til tidleg-fase-gründerar. I tillegg til at det gir god informasjon til etablerarar, ser vi at tiltaket er viktig for eit godt samspel med lokal førstelinjeteneste og inkubatorane.

Gründerfinansieringa var på same nivå som i 2018. Til saman vart det innvilga 6,7 mill. kr i etablerartilskot i 2019 og 2,7 mill. i oppstartslån. På kompetansesida vart det gjennomført fire Springbrett og løvd tre tilskot til bruk av Mentor.

Fleire vekstkraftige bedrifter

Kunnskapsintensiv sektor er prioritert, då desse bedriftene vert vurderte som ekstra viktige for fylket, som bidragsytar inn mot anna næringsliv. Dei representerer også viktige arbeidsplassar for ungdom og for tilflytтарar og tilbakeflytтарar.

For å få til auka bruk av FoU i næringslivet, har det vore arbeidd med å få til tettare kopling og samhandling mellom verkemiddelapparatet, forskningsmiljø og næringslivet. Av prosjekt Innovasjon Norge har vore involvert i 2019, vil vi trekke fram følgjande:

- «Hub for Ocean» - klyngesatsing for å byggje opp ei verdikjede for hydrogensatsing
- FoU-aktiviteten i bedriftsnettverka Akvahub med Bulandet Miljøfisk og marint forskningsmiljø i Bergen
- Outdoorhealth Network, der Vestlandsforskning og Høgskulen bidreg aktivt
- Industri 4.0-prosjektet, der bedriftene jobbar tett på skule, universitet og forskningsmiljø, mellom anna Sintef og NTNU
- Måløy Marine Ressurssenter, som fekk utviklingsmidlar til forskingsstifting etablert i samarbeid mellom bedrifter, NMBU og Måløy vidaregående skule

Kapitaldag

IN Vestland arrangerte også i 2019 kapitaldag i Førde for bedrifter frå fylket med kapitalbehov med tanke på å realisere ynskt vekst. Vi samarbeidde med NHO, Aksello, Sogn og Fjordane Næringsråd og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane - i år som i fjar - for å få størst mogeleg tyngde i mobilisering og gjennomføring av arrangementet. Temaet var regionale kapitalmiljø, og korleis ekstern kompetent kapital kan vere motor for vekst og utvikling. Ulike investormiljø fortalte kva dei ser etter/vektlegg, og investorklare bedrifter fekk presentere seg for investormiljøa i

KUNNSKAPSINTENSIV SEKTOR

Det er mykje spennande som skjer i fylket i denne sektoren, og vi kan trekke fram desse miljøa/bedriftene som har fått støtte i 2019:

- Haptic AS
- Dimeq AS
- Eduplaytion AS
- Paneda AS
- Rocketfarm AS
- Pocket ID AS
- Lytt AS

Det har vore ei god auke i tilskotsløyvingar til kunnskapsintensive, tenesteytande bedrifter.

etterkant. Det var god deltaking på arrangementet også i år, med omlag 80 deltagarar, som representerte ei god breidde av næringslivet i fylket.

Fleire innovative næringsmiljø

Innovasjon Norge prøver å stimulere til meir nettverkssamarbeid gjennom bedriftsnettverks-verkemidla og dei fylkeskommunale distriktsmidla. Det var ti aktive bedriftsnettverk med ca. 100 deltagarar i Sogn og Fjordane i 2019, men ingen nye vart sett i gang. Over halvparten av nettverka er relatert til reiseliv. Resten fordeler seg på næringane havbruk, digital trykk, prosessindustri og rådgjeving innan grøne og energieffektive løysingar. I tillegg er det nye kompetansetilbodet for tidlegfasenettverk (modul1) teke i bruk for tre nettverk i 2019.

Arenaklynga Ocean Hyway Cluster vart teken opp i klyngeprogrammet i 2018, som den første klynga frå Sogn og Fjordane. Ho er teken opp i Arena-programmet for tre år og kan deretter søkje om Arena Pro-status, dersom at dei har forventa utvikling. Vi vil følgje dei tett i åra framover.

ØKONOMI - KULTUR

Fylkeskommunen nyttar omlag 102 mill kroner til kulturføremål i 2019. I tillegg forvalta fylkeskommunen omlag 95 mill. kroner frå staten til kulturføremål (spelemidlar til idrettsanlegg, kulturbygg og DKS, til freda bygg, fartøyvern, m.m.). Kulturinstitusjonar og festivalar i fylket fekk omlag 70 mill. kroner i statleg støtte til arbeidet sitt.

FYLKESKULTURPRISEN

Den siste fylkeskulturprisen i Sogn og Fjordane vart delt ut til Ann Lundekvam (Gaular) og Bjørg Hovland (Luster) for arbeidet deira med drakt- og bunadstradisjonar i fylket. Prisen vart delt ut av fylkesordførar Jenny Følling og leiar for hovudutval for næring og kultur, Karen Marie Hjelmeseter.



Rekneskap 2017-2019




Diagram 10

KULTURKONFERANSEN 2019

Kulturkonferansen Vestland - Ein ny region veks fram vart gjennomført i Bergen i mars 2019, i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Konferansen samla omlag 250 deltakarar frå kultur- og idrettslivet i Hordaland og Sogn og Fjordane.

KULTUR FOR BARN OG UNGE

UKM (Ung kultur møtest)

UKM-festivalen Sogn og Fjordane vart arrangert i Nordfjordhallen med Vågsøy kommune som hovudarrangør. 230 ungdomar deltok på fylkesfestivalen, medan dei lokale mёнstringane hadde totalt 790 deltakarar. Vi vidareførte satsinga på unge konferansierar, UKM Media og unge arrangørar, i tillegg til sceneframsyningar, biscener, kunstutstilling og workshops.

Fem sceneinnslag, fire utstillingsarbeid, to unge arrangørar, ein konferansier og to deltakarar i UKM-Media representerte fylket på den nasjonale UKM-festivalen i Stjørdal i juni.

Ungdommens ressursgruppe (UKM)

Ungdommens ressursgruppe er sett saman av ungdommar frå ulike delar av fylket. Dei skal tilføre UKM-nettverket auka kunnskap om kva ungdom mellom 13 og 20 år er opptekne av. Gruppa var med på å planlegge og gjennomføre UKM-festivalen Sogn og Fjordane.

Felles barn, felles ansvar

DKS, UKM og kulturskulerådet arrangerte også i 2019 konferansen «Felles barn, felles ansvar». Målgruppe var politisk og administrativ leiing innan DKS, UKM og kulturskulane i kommunane.

Bornas verdsdagar

Bornas verdsdagar blei arrangerte for tiande gong i Sogn og Fjordane i november 2019. Førdefestivalen er hovudarrangør, i tett samarbeid med Førde kommune og Sogn og Fjordane Teater. Tilbodet er gratis for alle og samla meir enn 2000 deltakarar til ulike fleirkulturelle aktivitetar i Førdehuset.

Fylkesting for ungdom/UPU

Fylkesting for ungdom vart avvikla 5.-7. april på Skei. 38 røysteføre utsendingar og fire observatørar frå kommunar og organisasjonar møtte. Marte Teigen Refsnes vart valt som ny leiari for ungdomspolitisk utval.

Ungdomspolitisk utval hadde fem møte i 2019. UPU arbeidde med å

- førebu fylkesting for ungdom
- følgje opp saker frå fylkestinget
- førebu samanslåinga med Hordaland til Vestland
- følgje opp dei kommunale ungdomsråda

Fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane vart vedteke lagt ned på møte i Bergen 1. november 2019. 2. november 2019 vart Fylkesting for ungdom (FTU) Vestland etablert. FTU Vestland innstilte medlemmer til det nye ungdomspolitiske utvalet for Vestland fylkeskommune.

Ungdomsmedverknadsorgan for kommunar og fylkeskommunar er no lovfesta.

Den kulturelle skulesekken (DKS)

Den kulturelle skulesekken gjennomførte 39 turnear fordelte på kunstområda scenekunst, musikk, film, litteratur, kulturarv og visuell kunst i 2019. Alle elevane på 1.-7. steg fekk tre til fire ulike tilbod, medan elevar på ungdomstrinnet fekk tre

framstyringar. Alle elevane på dei vidaregåande skulane fekk to tilbod. Det var totalt 907 DKS-fraamtystyringar på skulane i Sogn og Fjordane i 2019.

Tilboda vart gjennomførte i samarbeid med Kulturtanken og nasjonale aktørar på dei ulike kunstfelta. Fleire av produksjonane var i samarbeid med kunstnarar og institusjonar innan film, litteratur, teater og musikk i Sogn og Fjordane.

DKS arrangerte også ein fagdag for elevar og lærarar på dei vidaregåande skulane med informasjon om DKS-tilbodet skuleåret 2019-20.

DKS, UKM og kulturskulerådet arrangerte i 2019 konferansen «Felles barn, felles ansvar». Konferansen var ei nettverkssamling for UKM-kontaktar, Norsk kulturskuleråd i fylket og kulturkontaktane for DKS på skulane og i kommunane. Det vart etablert eit samarbeid med Kulturtanken om tilgang til fleire nynorskspråklege formidlingstilbod til skulane. Dette arbeidet vil halde fram dei nærmaste åra.

Fylkeskommunen er med i EU-prosjektet SPARSE - Supporting & Promoting Arts in Rural Settlements of Europe. Prosjektet har som mål å etablere eit europeisk nettverk for turnering av kunst og kultur i rurale område. I mai 2018 var to representantar frå prosjektet på besøk, og fekk presentert korleis Den kulturelle skulesekken er bygd opp og fungerer.

SAMHANDLING MED FRIVILLIG SEKTOR

Frivillig sektor er ein stor og viktig berebjelke i kulturlivet i fylket vårt. Fylkeskommunen samhandlar med frivillig sektor på mange område, gjennom rettleatingsarbeid, utviklingsavtalar og tilskot til drift og aktivitet.

Fylkeskommunen hadde ut 2019 utviklingsavtalar med desse organisasjonane:

- Forum for natur og friluftsliv
- Sogn og Fjordane idrettskrins
- Sogn og Fjordane ungdomslag gjennom prosjektet «Huset i bygda»
- Gloppen musikkfest

Målet med avtalane har vore å arbeide for å realisere felles regionale mål og å utveksle kompetanse.

I november inviterte fylkeskommunen og Frivillighet Norge til konferansen «Kommunar og frivilligheit i samspel» på Sandane. Tema for konferansen var utvikling av politikk for frivilligheit i kommunane, og om lag 80 deltakrar frå kommunar og frivillige organisasjonar deltok.

TIISKOT TIL KULTURAKTIVITET

Tilskotsordninga er delt i to: tilskot til drift og tilskot til prosjekt og tiltak. Prosjekt og tiltak som er nyskapande og som utviklar og utfyller kulturtilbodet i Sogn og Fjordane, vert prioriterte gjennom særlege midlar til utviklingstiltak. Midlar til utviklingstiltak vart i 2019 prioritert til fire utviklingsavtalar, utvikling av nye sceneproduksjonar, litteraturtiltak og til Jakob Sande-senter.

Tilskot til kulturtiltak i 2019 fordeler seg slik:

Fylkesdekkande kulturorganisasjonar	2,17 mill. kr
Festivalar	1,57 mill. kr
Arrangement/tiltak	0,25 mill. kr
Kulturstipend/kulturpris	0,28 mill. kr
UKM/UPU/fylkesting for ungdom	1,02 mill. kr
Idrettstiltak og anlegg	7,45 mill. kr
Utviklingstiltak	1,65 mill. kr

KUNST OG KULTUR

Fylkeskommunen gir tilskot til fleire regionale organisasjonar og institusjonar. Blant desse er Sogn og Fjordane Teater, Opera Nordfjord og Musea i Sogn og Fjordane, som alle også får tilskot over budsjettet til Kulturdepartementet.

Sogn og Fjordane Teater har mål om å bli del av det nye Nynorskhuset i Førde, saman med avisa Firda, NRK Sogn og Fjordane og andre nynorske medie- og kulturaktørar. Fylkestinget har stilt seg positive til at teateret inngår avtale om leige i Nynorskhuset, og har signalisert at teateret kan leggje til grunn auka tilskot. Fylkestinget etablerte eit fond på 18 millionar, som kan nyttast til å dekke framtidige fylkeskommunale meirutgifter ved teateret.

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival og Norsk Countrytreff er no støtta gjennom festivalstøtteordninga til Norsk kulturråd. Fylkeskommunen gir tilskot og har signalisert vilje til femårig avtale med dei to festivalane gjennom festivalstrategien. Fylkeskommunen og kunstnarorganisasjonane har i 2019 samarbeidd om å løfte merksemda og auke kunnskapen om kunst i offentlege rom. I september inviterte Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge, Sogn og Fjordane Kunstlag, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sogn og Fjordane fylkeskommune til seminaret «Kunst i offentlege rom», med kommunetilsette innan plan og kultur og politikarar som særskild målgruppe. Om lag 60 deltok på seminaret i Førde.

Kunst i offentlege rom var også tema under fylkeskommunen si plansamling i Sogndal 29.-30. oktober. I tillegg har kunstnarorganisasjonane og fylkeskommunen utarbeidd og sendt ut eit rettleatingsnotat om arbeid med kunst i offentlege rom til kommunane i nye Vestland.

DIGITAL KULTURFORMIDLING

Digital formidling av kulturhistorisk innhald, og anna kulturarbeid som fylkeskommunen er involvert i, skal bidra til å gjøre kunst og kultur tilgjengeleg for folk flest. Vi kommuniserer hovudsakleg via eigne heimesider og sosiale medium, men også via etablerte internasjonale, nasjonale og regionale nett-ressursar. Døme på dette er Flickr, Lokalhistoriewiki.no, Kulturminnesøk, fylkesatlas.no og UT.no.

Vi jobbar for meir bruk av fribrukslisensar innanfor det digitale kulturfeltet. I januar oppretta vi kontakt med Norsk Lokalhistorisk Institutt for å samarbeide om felles løysningar for Skulen min og andre satsinga på plattforma Lokalhistoriewiki. I samband med dette har opplæring, støtte og rettleiing av eigne tilsette og frivillige

vore viktig. Det ligg eit stort potensial for kontakt med publikum og medverknad i dei digitale kanalane og verktøya, og det er derfor viktig at fleire veit korleis dei skal bruke verktøya.

I 2019 vart det oppretta Instagram- og Facebook-kontoar for dagsturhytta. Det er plattformer som når publikum raskt og oppfordrar til kontakt. I mars vart prosjektet Skulen min sluttført, og arbeidet med å formidle skulehistorisk materiale vart ein del av det daglege arbeidet.

Målet var å nå 2000 innlegg på Kulturhistorisk leksikon før 2020. Målet vart nådd 10. desember.

Det er publisert 87 artiklar i 2019. Nesten 50 av desse er i samband med prosjektet «Nettartiklar om opphavet til stadnamn».

KULTUR OG HELSE

Målet er å gjøre kultur tilgjengeleg for alle, å bruke kultur for å meistre kvardagen og å sjå samanhengen mellom kulturaktivitet og (god) helse.

KULTUR OG ELDRE

Gjennom løvingar til Den kulturelle spaserstokken er det fordelt ca. 0,9 mill. kr til 22 kommunar til gode kunst- og kulturopplevelingar for eldre.

POLYFON

Frå 2017 har fylkeskommunen delteke i POLYFON - ei kunnskapsklyngje for musikkterapi. Denne skal stimulere til kunnskaps-, kompetanse-, og tenesteutvikling og til å informere og formidle. Klynga er sett saman av tolv deltakarar frå Vestlandet. Fire aktørar frå Sogn og Fjordane er med. Det er Høgskulen på Vestlandet, Utviklings-senteret for sjukeheimar og heimetenester, Helse Førde og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Universitet i Bergen v/Griegakademiet koordinerer arbeidet.

Prioriterte arbeidsfelt innan POLYFON er barn og unges oppvekst, psykisk helse, rusbehandling, eldrehelse, lindrande behandling og omsorg.

KULTUR FOR SÆRLEGE GRUPPER

Visjonen om «kultur for alle» styrer innsatsen vår på dette feltet. Vi var saman med Norsk forbund for utviklingshemma Sogn og Fjordane arrangør av Kulturfestivalen for utviklingshemma. Festivalen vart arrangert for 31. gong i 2019. Med vel 270 deltakarar og hjelparar er dette ein svært viktig festival for menneske med ulike utviklingshemmingar i Sogn og Fjordane. Hovudmålet for festivalen er inkludering og tilrettelegging for deltaking i ulike kulturaktivitetar.

I 2019 har det blitt lagt eit grunnlag for kultur som reiskap for inkludering av ungdom som fell utanfor skule. Det skjer gjennom eit livsmeistringsprogram for ungdom i overgangen mellom ungdomsskule og vidaregående utdanning.

Velferdsteknologi er eit satsingsområde i møte med utfordringar knytt til alderdom. Vi prøver ut ein app basert på musikk og musikkterapi for profesjonelle helsearbeidarar, pasientar og pårørande. Appen er ei digital livshistorie, som kan opplevast av personar med demensslidningar og personar i familie med, eller som jobbar med, målgruppa. Vidare arbeid er planlagt i samarbeid med Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester og Røde Kors.

FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG ANLEGG

Frivillige lag og organisasjoner, kommunane og fylkeskommunen har samarbeidd godt for å utvikle aktivitet og tilpassa anlegg. Vi samarbeider om både kompetanseheving og tiltak for å fremje meir fysisk aktivitet for innbyggjarane i fylket.

Anleggsutvikling og samarbeid med kommunane

Fylkeskommunen, saman med Sogn og Fjordane idrettskrins og Forum for fysisk aktivitet, heldt i 2019 fram med å følgje opp kommunar som skal revidere kommuneplanar for fysisk aktivitet. To kommunar har hatt slike oppfølgingssamlingar i 2019.

Saman med Hordaland fylkeskommune, Hordaland idrettskrets og Sogn og Fjordane idrettskrins arrangerte vi ein anleggskonferanse i Bergen i mars, med om lag 150 deltagarar frå heile nye Vestland fylke.

Saman med Telemark fylkeskommune la vi opp til og gjennomførte ein studietur for kommunane i Sogn og Fjordane og Telemark. Vi vitja Sandane og Vågsøy, og såg på korleis dei har utvikla anlegg for fysisk aktivitet. Dei andre fylkeskommunane var også inviterte til å delta her. Samla deltok om lag 60 deltagarar på samlinga.

	2019	Samanlikna med 2018
Tal søknader	280	Litt lågare enn i 2018 (294), men fleire større søknader.
Tal innvilga søknader	116	105 i 2018
Søknadssum	364 mill.	Auke på 126 mill. frå 2018
Tildelingssum	80 mill.	Auke på 20 mill. frå 2018
Ventetid	4,5 år	3,9 i 2018 - ventetid noko opp grunna høg søknadssum
Investeringsverdi	1 058 mill.	Auke på 158 mill. frå 2018

Tabell 18

Spelemidlar 2019

Der er framleis stor interesse og behov for å etablere og rehabilitera anlegg med finansiering frå spelemiddelordninga. Sogn og Fjordane er i landstoppen til å søkje om midlar til anlegg i høve innbyggjartalet.

Teikn ditt skuleområde

Prosjektet «Teikn ditt skuleområde» har som mål å skape variert utandørsaktivitet som kan auke trivselen og moglegheitene for å vere fysisk aktiv på skulen. Prosjektet har vore på besøk i 18 kommunar dei siste åra - fem i 2019.

DAGSTURHYTTENE VART ETABLERTE SLIK:

2017:
Gloppen


2018:
Førde, Gauldal, Naustdal, Sogndal,
Aurland, Lærdal, Årdal, Selje, Vågsøy,
Hornindal, Eid, Leikanger, Stryn, Flora,
Jølster, Luster, Høyanger, Askvoll

2019:
Bremanger, Fjaler, Gulen, Hyllestad,
Solund, Vik, Balestrand

Dagsturhytta

I løpet av 2019 vart dei 7 siste av dei 26 planlagde dagsturhyttene flogne ut, monterte og gjort tilgjengelege for publikum. Dagsturhyttene i Sogn og Fjordane har blitt ein stor suksess, og både barnehagar, skular og folk elles nyttar hyttene. Tilbakemeldingane på sosiale medium vitnar om at tiltaket har blitt tatt godt i mot. Prosjektet er realisert i eit samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og lokale eldsjeler.

Tal innlegg på instagram




Grafen viser kor mange innlegg kontoen Dagsturhytta hadde på Instagram i 2019 – fordelt på månadar.

Diagram 11

Det første halvåret publiserte vi alle bilda med hæsjtagg #dagsturhytta, medan vi i august starta å heller publisere eit utval bilde. Difor er det nedgang i tal innlegg siste halvår.

Facebook og Instagram



Begge sider var oppretta i 2019 og starta då på 0. Det vil seie at det har kome til 778 følgarar på Facebook og 795 følgarar på Instagram i løpet av året.
Diagram 12

Gummigranulat

Det har vore auka merksemd på svinn av gummigranulat frå kunstgrasbaner. Fylkeskommunen har hatt ei koordinerande rolle. Saman med kommunane, NFF Sogn og Fjordane, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest har vi løyvd midlar til å avgrense spreiing av gummigranulat. Fylkeskommunen finansierer tiltaket gjennom klimaplanen.

Universell utforming av tilgjengelege fiskeplassar

I 2019 vart det gjennomført kartlegging av tilgjengelegheta til 27 fiskeplassar ved 18 ulike fiskevatn i 10 kommunar. Kartlegginga vart gjort som ein del av Kartverket si tilskotsordning knytt til kartlegging av tilgjengeleheit i friluftsområde. Resultatet av kartlegginga var at to av dei kartlagde plassane var godt tilgjengelege slik dei er i dag, medan mange av dei andre kartlagde plassane har stort potensial for å bli betre tilgjengelege gjennom enkle tiltak.

FRILUFTSLIV

Ordning 2019	Tal søknader	Tal tilsegn	Samla tilskot kr
Tilskot til friluftslivaktivitetar	19	16	1 212 750
Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde	5	3	440 000
Tilskot til vilttiltak	14	6	450 000
Sum			2 102 750

Tabell 19

Fylkeskommunen forvalta i 2019 vel 2,1 mill. kr frå Miljødirektoratet til ulike aktivitets- og forvaltingstiltak innan friluftsliv, jakt og fiske. Det er ei auke på i underkant av 0,1 mill. frå 2018. Midlane vart fordelt til lokale frivillige lag og organisasjonar etter søknad.

Arbeidet med kartlegging og verdisetting av friluftsområde i kommunane heldt fram. Ved utgangen av året var ti kommunar ferdige (Jølster, Stryn, Solund, Vik, Aurland, Flora, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Høyanger).

Fjordkysten friluftsråd fekk i 2019 400 000 kr til delfinansiering av båt til Skjærgårdstjenesta og 100 000 kr til profileringsmateriell for å få fleire medlemer. Kjøp av ein eventuell båt skal skje i samråd med Miljødirektoratet. Medlemer i rådet er Bremanger, Vågsøy, Solund, Flora og Askvoll.

KULTURBYGG

6 av 19 søknader fekk i 2019 til saman i underkant av 2,3 mill. kr frå den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg. Midlane går i hovudsak til opprusting og fornying av kulturbygg. Hovudutvalet prioriterte søknader frå lokale arenaer som inneholdt kulturaktivitet.

Vi samarbeider med Sogn og Fjordane ungdomslag v/Huset i bygda og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om å få inn fleire søknader til lokale kulturygg, og arbeidet heldt fram i 2019. Tildelingar vart, i den grad det var mogleg, samordna med tildelingar i den desentraliserte ordninga.

DISTRIKTSMUSIKARORDNINGA

Etter fylkeskommunen si omorganisering av fylkesmusikarordninga, er no fem nye folkemusikkstillingar fordelt på kommunane Gloppen (1), Sogndal (1), Sunnfjord (2) og Lærdal (1).

Det er tilsett to distriktsmusikarar på hardingfele, to på trekkspel og ein utøvar på vokal folkemusikk. I tillegg kjem dei andre 15 distriktsmusikarane som er fordelt på song (3), piano (3), violin (2), cello (2), fløyte (1), gitar (1), trompet (1), basstrombone (1) og slagverk (1).

Gjennom fylkeskvoteordninga medverka distriktsmusikarane i 2019 på ei rekke større prosjekt i regi av Gloppen Musikkfest, Opera Nordfjord, Teater Vestland, Sogn og Fjordane Symfoniorkester, Førde kammerkor, UKM og Førdefestivalen. Fleire av distriktsmusikargruppene var også på turné for Den kulturelle skulesekken.

LESEGLEDARAR

I samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, tilbyr fylkesbiblioteket lesegledarar, formidlarar av barne- og ungdomslitteratur, til bibliotek, skular og barnehagar. I 2019 har det vore 76 oppdrag fordelt på 12 kommunar.

FYLKESBIBLIOTEKET

Fylkesbiblioteket organiserer og delfinansierer fellesnester som e-bokordning, klassesett-tilbod, digital avis- og tidsskriftteneste og transportordning i fylket. Prosjektutvikling, oppfølging av dei regionale biblioteksamarbeida, rådgjeving, kompetanseheving og statistikkhandsaming er sentrale oppgåver. Kjerneområde er også å legge til rette for litteraturformidling, med særleg vekt på nynorsk og for målgruppa barn og unge og digital formidling.

I 2019 kom dagsturhytter med nynorske turbibliotek på plass i alle kommunane i fylket. Fylkesbiblioteket har stått for planlegging og oppstart av turbiblioteka i samarbeid med kommunane. Alle kommunane har fått ei samling med barne- og ungdomsbøker til turbiblioteka, og fylkesbiblioteket har sytt for utforming av informasjons- og marknadsføringsmateriell. I samarbeid med folkebiblioteka, DKS, norsksenter og andre har fylkesbiblioteket hatt 68 arrangement/formidlingar på dagsturhyttene sidan sommaren 2018. Prosjektet har fått 800 000 kr i tilskot frå Nasjonalbiblioteket. Totalt er det gjennomført arrangement i 18 kommunar.

I samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, tilbyr fylkesbiblioteket lesegledarar, formidlarar av barne- og ungdomslitteratur, til bibliotek, skular og barnehagar. I 2019 har det vore 76 oppdrag fordelt på 12 kommunar.

Fylkesbiblioteket tilbydde i 2019 leiaropplæring for biblioteksjefar i fylket. Tema for kurset var m.a. biblioteket si rolle i lokal samfunnsutvikling, biblioteksjefen si rolle og sine rammer, synleggjering, samanslåings- og endringsprosessar og konflikthandtering. Som del av opplæringa fekk deltakarane eit kurs i sakshandsaming i regi av KS Agenda. Det har elles vore ei rekke møte og kurs, m.a.

- dialogmøte i kvar region
- fire fagsamlingar for skulebibliotekarar i vidaregåande skule

- kurs i formidling
- to forfattarturnear
- ein turné som var del av klimaplanen til fylkeskommunen
- to fagdagar om litteratur for barn og vaksne
- Bibliotekdagane 2019
- Banelitterære fagdagar

I 2019 har fylkesbiblioteket halde fram arbeidet med å rettleie og kurse biblioteka i korleis bygge opp gode nettsider; 14 kommunar har fått hjelp i 2019. Fylkesbiblioteket har dessutan bygd opp ei kommunal biblioteknettside frå grunnen, samt starta arbeidet med tre andre. Kommunane har òg fått hjelp til kassering av bøker og tilrettelegging av lokale.

Fylkesbiblioteket laga i 2019 ein mal for communal skulebibliotekplan og samarbeidsavtale mellom folkebibliotek og skule og tilbydde dette til kommunane. Fylkesbiblioteket samarbeider tett med DKS Sogn og Fjordane ved å bidra i planlegging, syte for aktuell litteratur og stimulere til samarbeid mellom folkebiblioteka og skulane.

Nettstaden Forfattarar frå Sogn og Fjordane (forfattarar.sfj.no) presenterer ca. 600 forfattarar med tilknyting til fylket. I databasen Lokalhistoriske artiklar Sogn og Fjordane (tidlegare Fjognedok) er om lag 24 000 artiklar registrerte. Artikkeldatabasen hadde 20-årsjubileum i 2019. I den samanheng vart forfattar engasjert til å skrive ein artikkel om lokalhistoriske årbøker og tidsskrift i Sogn og Fjordane. Artikelen vert publisert hausten 2020. Fylkesbiblioteket samarbeider med Nasjonalbiblioteket om digitalisering og tilgjengeleggjering av lokalhistoriske tidsskrift i den nasjonale fulltekstbasen til Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/search>).

KULTURARV

Fylkeskommunen har eit mål om at kulturminna skal vere ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane. Vi arbeider både forvaltnings- og utviklingsretta for å nå målet.

Planarbeid

Fylkeskommunen handsama i 2019 i alt 459 saker der vi vurderte omsynet til kulturminne og kulturmiljø (inkludert landbruks-, vassdrags- og energisaker). Dette var

- kommuneplanar og kommunedelplanar
- områdereguleringsplanar
- detaljreguleringsplanar
- dispensasjonssøknader

Fylkeskommunen gjennomførte 42 kulturminneregistreringar.

Registrering av kulturminne

Fylkeskommunen registrerte fleire spennande funn av førhistoriske kulturminne i 2019. Funna omfatta førhistoriske spor etter busetting og gardsdrift. Svært interessant var også funn av eit jarnvinnanlegg i Nordfjord og fleire fangstanlegg i Aurland.

Freda bygg og fartøy

Fylkeskommunen fordelte 7,5 mill. statlege kroner til freda bygg i privat eige og 1,4 mill. statlege kroner til verdsarv i 2019. Fartøy med tilknyting til Sogn og Fjordane, fekk 5,7 mill. kroner i statlege tilskot og 0,8 mill. kroner i fylkeskommunalt tilskot.

Verdsarv

Staten har eit mål om at alle verdsarvstadene i landet skal ha eit autorisert verdsarvsenter. Fylkeskommunen deltok i forprosjektet for etablering av eit verdsarvssenter ved Urnes stavkyrkje. Senteret skal eigast og driftast av Fortidsminneforeningen. I 2019 vart plasseringa av senteret avgjort. Dette skal følgjast opp med ein reguleringsplanprosess i 2020.

I 2019 starta fylkeskommunen arbeidet med å rullere Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Planen skal vere eit heilskapleg verktøy i arbeidet med å ta vare på bygningsarven og kulturminneverdiane. Arbeidet vert gjort i samarbeid med Aurland, Vik, Lærdal og Voss kommune, Hordaland fylkeskommune, verneområdeforvaltar for Nærøyfjorden landskapsvernområde og Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)

Riksantikvaren skal lage eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Fylkeskommunen har sendt Riksantikvaren eit forslag om ulike kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Sogn og Fjordane. I 2020 vil arbeidet med dette registeret halde fram i samarbeid mellom Riksantikvaren og aktuelle kommunar.

Fredingssaker

Sak om freding av Hotel Mundal i Sogndal kommune er, i samråd med eigar, sett på vent. Fredingssak vart varsla 28. september 2017, og forslag om freding var klart for utsending våren 2018. Målet er å få saka på høyring i løpet av 2020.

Fylkeskommunen varsla oppstart av fredingssak på Dalheim/Singerheimen i Stryn kommune i mai 2019. Forslag om freding vart sendt ut på høyring i desember 2019. Då det har vore eit stort lokalt engasjement i denne saka, hadde fylkeskommunen eit folkemøte i Olden hausten 2019 for å informere om arbeidet med fredingssaka og for å få innspel frå innbyggjarane i Olden. Det er planlagt at Riksantikvaren gjer vedtak i denne saka i løpet av hausten 2020.

Fylkeskommunen varsla oppstart av fredingssak på Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden i Luster kommune i juni 2019. Etter framdriftsplanen skal denne saka sendast på høyring/offentleg ettersyn i løpet av april 2020.

Astrup

Fylkeskommunen støtta Jølster kommune med 1,4 mill. kroner til eit forprosjekt om formidlingsbygg ved Astruptunet. Seks tresnitt som fylkeskommunen kjøpte inn i 1987, vart gitt som gåve til Musea i Sogn og Fjordane v/Sogn og Fjordane kunstmuseum.

Regionalt pilegrimsenter i Selje

I 2019 gjorde hovudutval for næring og kultur vedtak om å opprette eit regionalt pilegrimsenter i Selje. Senteret skal koordinere og leggje til rette for pilegrimar og andre besøkande som reiser langs Kystpilegrimsleia. Tilsvarande er det oppretta regionale pilegrimsenter på Avaldsnes i Rogaland, i Bergen i Hordaland og på Smøla i Møre og Romsdal. Sentera vil i 2020 bli finansiert med løyvingar frå kommunar

og fylkeskommunar. Det er venta statleg medfinansiering over statsbudsjettet frå 2021.

GULATINGET

Gulatinget har i 2019 vore vertskap for fleire større arrangement, mellom anna opninga av Kystkultur no (Kystsogevekene), Gulatinget Vikingmarknad og Gulatingseminaret. Seminaret er eit årleg fagseminar utvikla i samarbeid med Universitetet i Bergen, spesielt Middelalderklynga, og andre fagmiljø frå FOU-miljø i inn- og utland. Tema for seminaret i 2019 var kjelder og kjeldegranskning.

Gulatinget har i 2019 hatt 14 000 besökande. Det er tilsett formildar i heil stilling frå november 2019.

Ein milepåle i 2019 var då Gulatingslova for første gang vart publisert på nett, gjennom eit samarbeid mellom Gulatinget og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Gulatinget er no nøkkelstad i Kystpilegrimsleia.

Gulatinget er òg medlem i Nasjonalt Tingnettverk saman med andre regionale tingstader. Gulatinget er vidare medlem i Destination Viking Association (DVA), som er EU/Europarådet sitt offisielle nettverk for vikingdestinasjonar i Europa.

Gulatinget er inne på programmet for Nasjonaljubileet i 2024 (Landslovjubileumsår) under temaet «Verdier i Lovverket». Gulatinget skal huse Landslovutstillinga «Miseabiles Personae» i 2020.

Gulatinget er i dag marknadsført både gjennom Visit Fjordkysten og Visit Bergen. Nytt i 2019 er at Gulatinget vert marknadsført inn mot cruisemarknaden.

Søknaden til Kulturdepartementet om statleg støtte til Gulatinget Nasjonale Kultursenter (GNK) førte dverre ikkje fram i første omgang, og vi må jobbe vidare med prosjektet.

FYLKESARKIVET

Fylkesarkivet tek vare på og formidlar historisk arkiv- og kjeldemateriale frå og i Sogn og Fjordane. Fylkesarkivet ordnar, registrerer og digitaliserer private og offentlege arkiv. Ei viktig oppgåve er å syte for tilgjenge og drive formidling av kjeldene.

Kommunearkivordninga

Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane vart etablert som eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Alle kommunane og fylkeskommunen slutta seg til samarbeidet. Vestland fylkeskommune har seinare slutta seg til samarbeidet, som no går under namnet Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvafelleskap.

Føremålet til samarbeidet er å leggje tilhøva til rette for at arkiva til deltagarane vert handterte, tekne vare på og formidla i samsvar med føremåla og føresegravlene i arkivlova. Samarbeidet kan yte depottenester for deltagarane sine papirbaserte og elektroniske arkiv - og dessutan tilby deltagarane ordnings- og digitaliseringstenest-

FOLKEHELSEPLANLEGGING

I Sogn og Fjordane starta vi i 2018 opp eit læringsnettverk i regi av KS, «Folkehelseplanlegging i kommunane». Nettverket hadde to samlingar i 2018 og to i 2019. Det var gode tilbakemeldingar frå dei åtte kommunane som deltok.

er og andre nærliggande tenester. Samarbeidet skal sørge for at arkiva til delta-karane vert gjorde tilgjengelege for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål.

I 2019 har vi prioritert særskilt oppfølging i samband med kommune- og region-reforma, og vi har kartlagt behovet til medlemskommunane i samband med utvida depotteneste.

Digitaliserings- og ordningstenesta ved kommunearkivordninga er i løpet av 2019 fullbemanna med seks nyopprett faste stillingar finansiert av medlemskommunane.

Ikkje-offentlege arkiv

I arbeidet med ikkje-offentleg arkivmateriale har vi i 2019 nytta mykje ressursar på å utvikle nye fagsystem og webarkiv for foto, musikk, multimedia, amerikabrev, lag/organisasjonar og møtebøker. Dei nye systema er utvikla på plattforma FotoWare, og alle seks nye site-ar skal vere sett i produksjon første halvår 2020.

Tre viktige prosjekt i arbeidet med bevaring og formidling starta i 2019:

- Prosjektet "Fotoarkivet etter fotograf Elen Loftesnes" hadde som mål å digitalisere det bevarte fotomaterialet etter Loftesnes, samle inn og registrere opplysingar om bilda og gjere materialet tilgjengeleg for publikum på internett. Vidare har vi samla inn opplysingar og dokumentasjon som kan fortelje meir om Loftesnes og hennar virke som fotograf. Prosjektet er gjennomført med prosjektstøtte frå Kulturrådet (260 000 kr) og Riksarkivet (200 000 kr).
- "Perler av elde" var eit formidlingsprosjekt gjennomført i samarbeid med Førdefestivalen. Historiske lydopptak frå tradisjonsmusikk-samlinga danna grunnlaget for ein heilt ny konsertproduksjon med premiere på festivalen. Ein fullsett sal fekk høre fire skapande musikarar framføre både tradisjonsmusikk og eigne komposisjonar side om side. Prosjektstøtte frå Kulturrådet (110 000 kr).
- I prosjektet "Nettartiklar om opphavet til stadnamn" vart det produsert 50 artiklar om "uskjønelege" stadnamn i Sogn og Fjordane. Artiklane er publisert i Kulturhistorisk leksikon. Prosjektstøtte frå Kulturrådet (90 000 kr).

To prosjekt vart av ulike årsaker ikkje starta opp i 2019. Det var

- "Vestlandet på film: Videoarkivet etter Vest Vision" - bevaring og tilgjengleggjering av levande film (prosjektstøtte frå Kulturrådet 260 000 kr)
- "Då alle var gamle, songane rare og verda i svart kvitt" - formidling av tradisjonsmusikk i barnehagane (prosjektstøtte frå Kulturrådet 110 000 kr)

LEVEKÅR OG LIVSKVALITET - FOLKEHELSE

Deltaking i delprosjekt om folkehelse i Vestland fylkeskommune og folkehelse-oversikt og analyse har vore prioritert, der sterkest søkelys har vore på korleis operasjonalisere berekraftmåla til FN.

Starten av året var likevel sterkest prega av at vi gjennomførde den mest omfattande levekår- og livskvalitetsundersøkinga hos voksenpopulasjonen nokon

gong. Det var viktig for å ha eit datagrunnlag som kunne samanliknast med Hordaland. Undersøkinga var i regi av Folkehelseinstituttet. Fylkeskommunen leverte kunnskap og rettleia respondentane. Det var nær 200 førespurnadar frå respondentane dei tre vekene undersøkinga gjekk føre seg. Resultata frå undersøkinga vart presenterte i juni.

Søknad om å bli programfylke «Barn og unges psykiske helse og livskvalitet» vart innvilga i 2019. Det vart arrangert to samlingar med representantar frå kommunane i Sogn og Fjordane for å få råd og rettleiing om søknadsskriving. Der orienterte Folkehelseinstituttet om ulike former for evaluering og Høgskulen på Vestlandet (HVL) om søknadsskriving. I september møtte regionalt samarbeidsorgan dei kommunane som ville søke. Kommunane la fram prosjektskissene sine og fekk tilbakemeldingar. I møtet i desember rådde regionalt samarbeidsorgan til å innvilge søknadane til Kinn kommune, Luster kommune og nye Sogndal kommune.

Det har vore fleire samlingar på nasjonalt nivå, der konferansen «Livskvalitet og psykisk helse» i Oslo i oktober kan nemnast spesielt. Det var også ei samling om prosjektleiarrolla i regi av Helsedirektoratet i november.

Det vart arrangert ei plansamling i Sogndal i slutten av oktober der både planleggjarar, folkehelsekoordinatorar og politikarar deltok.

SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

Fylkestinget

- | | |
|-----------|---|
| Sak 8/19 | Musea i Sogn og Fjordane - fellesmagasin og museumsbygg |
| Sak 14/19 | Etablering av Førde campus verftet as |
| Sak 20/19 | Samarbeidsavtale om distriktsmusikarordninga |
| Sak 39/19 | Regionalt forskingsfond Vestlandet. Årsrapport 2018 |
| Sak 48/19 | Mineralråd |
| Sak 45/19 | Overføring av Astrupkunst |
| Sak 46/19 | Nynorskhuset i Førde - Sogn og Fj. teater si vidare deltaking |

Fylkesutvalet

- | | |
|-----------|--|
| Sak 40/19 | Innspel til Kulturdepartementet sin scenekunststrategi |
|-----------|--|

Hovudutval for næring og kultur

- | | |
|-----------|---|
| Sak 2/19 | Kultur for alle. Handlingsplan 2019 - Regional plan for kultur |
| Sak 20/19 | Stortingsmelding 8 (2018-2019) Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida. Innspel til Familie- og kulturkomiteen i Stortinget. |
| Sak 21/19 | Ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken |
| Sak 27/19 | Jølster - Astrupunet. Søknad om støtte til forprosjekt for visningssenter |
| Sak 30/19 | Søknad om støtte til bevaring av kulturhistoriske verdiar på Harastølen |
| Sak 34/19 | Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023, uttale |
| Sak 36/19 | Ung kultur møtest, strategiplan 2020-2024 - høyring |
| Sak 39/19 | Høyring - Langtidsplan for pilegrimssatsing 2019-2037 |

I tillegg hadde hovudutvalet fleire saker der dei drøfta og fordele statlege og fylkeskommunale tilskot til idretts- og friluftsanlegg, freda bygg og utviklingstiltak innan kultur.

HOVUDUTVALET

Hovudutval for næring og kultur
handsama 71 saker i 2019. Det er ikkje registrert avvik i oppfølginga av dei politiske sakene.

MÅLEKART - AVVIK

Målekartet vart ikkje oppdatert etter at handlingsprogram for Regional plan for kultur vart vedteke. Det er handlingsprogrammet som har vore styrande for kultursektoren i 2019. Det har ikkje vore lagt opp til, eller gjennomført målingar.

Regional plan for verdiskaping har eit måltal for arbeidsplassvekst, som det er utfordrande å nå fullt ut. Eit punkt i målekartet seier at vi skal undersøkje kor nøgd partnerskapen er. Vi har ikkje gjort ei slik undersøking i 2019. Vi har ein ambisjon om at dei marine oppdrettssakene skal behandlast innan gjevne måltal. Vi har brukt lengre tid på ein del saker. Dette skuldast m.a. omfemnande vurderingar og faktainnsamling i samband med nye lokalitetar, og at vi også må avvente andre offentlege etatar si behandling av søknadane.

KOSTRA - NØKKELTAL KULTUR

Indikator - konsern	SFJ 2016	SFJ 2017	SFJ 2018	SFJ 2019	Vest-Noreg 2019	Landet u/ Oslo 2019
Netto driftsutgifter i alt til kultursektoren per innbyggjar	647	537	569	856	404	404
Brutto driftsutgifter kultursektoren per innbyggjar	1 232	1 195	1 273	1 690	787	817
Brutto investeringsutgifter kultursektoren per innbyggjar	22	12	12	11	1	2
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av samla netto driftsutgifter	3,1	2,6	2,6	3,5	3	3
Netto driftsutgifter bibliotek per innbyggjar	51	47	61	65	20	33
Netto driftsutgifter museum per innbyggjar	157	180	154	356	127	117
Netto driftsutgifter kunstproduksjon	105	108	108	111	55	51
Netto driftsutgifter kunstformidling	91	83	128	120	67	96
Netto driftsutgifter idrett per innbyggjar	141	35	30	109	63	27
Netto driftsutgifter andre kulturaktivitetar per innbyggjar	102	83	90	96	71	79

Tabell 20

OPPLÆRING

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan 2001 hausta gode erfaringar med å arbeide systematisk og målretta frå mål og strategiar til handling.

Hovudmålet i mål- og strategidokumentet for 2018-2021, Mot nye høgder!, er at elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane skal ha den kvalitativt beste opplæringa. Dokumentet vidarefører kvalitetsmåla trivsel, meistring og gjennomføring, med særskilde strategiar for leiing, opplæring og fag- og yrkesopplæring. Tilhøyrande handlingsprogram syner tiltak og prosessar for perioden. Handlingsprogrammet er grunnlaget for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanen, og det skal rullerast kvart andre år.

I målekartet for 2019 vedtok fylkestinget konkrete ambisjonsnivå for

- trivsel
- meistring (eksamens- og karakterresultat)
- gjennomføring
- samsvar mellom tilgjengelege læreplassar og søkerar til desse

2013-kullet i Sogn og Fjordane har hatt ein flott framgang på gjennomføring samanlikna med 2012-kullet. Yrkesfaglege utdanningsprogram har hatt ein framgang på 5,9 prosentpoeng, medan studieførebuande utdanningsprogram hadde ein framgang på 0,9 prosentpoeng. Resultatet samla sett er over landssnittet både for studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram.

Utviklingsarbeidet for å nå målet om den kvalitativt beste opplæringa, må halde fram. Fylkeskommunen arbeider kontinuerleg for å sikre eit godt psykososialt læringsmiljø for elevar og lærlingar. Den psykiske helsa til ungdom var eit viktig tema i 2019.

Tilbodet om grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom (GMU) syner svært gode resultat. Om lag 90 prosent av ungdom som har gått GMU og framleis er busette i Sogn og Fjordane, held fram i kvalifiserande opplæringsløp.

84 prosent av søkerane med ungdomsrett har fått godkjent lære- og opplæringskontrakt i 2019. Gjennomsnittet for landet er 76 prosent i 2019. Sogn og Fjordane peikar seg positivt ut.



Yrkesfagelev ved Sogndal vidaregåande skule.

Foto: Jostein Heggestad

I mill. kr	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Utgifter til lokale	56,856	52,864	57,704	58,974
Vedlikehald og drift av skulebygg	41,429	46,160	43,435	39,223
Forvaltning og fellesutgifter	48,022	47,215	46,538	41,297
Fellesutgifter	15,309	13,185	14,058	14,808
Eleveksamten	2,366	2,392	2,164	2,213
Elev- og lærlingombod	1,465	1,497	1,150	0,999
Pedagogisk leiing mv.	71,493	84,256	71,030	71,918
Pedagogiske fellesutgifter	13,389	14,362	12,980	14,936
Gjesteelevar	7,912	8,223	7,426	6,550
PC-ordninga	4,449	2,691	2,551	2,471
Utdanningsprogramma	352,605	347,617	345,243	340,746
Gratis læremiddel	0,122	0,692	0,081	0,015
Jordbrukskulegardar	3,926	3,717	3,498	3,337
Fagskuleutdanning	8,551	9,744	8,158	25,153
Landslinjer	5,461	4,987	4,609	6,106
PP-tenesta	13,651	13,594	11,744	11,954
Oppfølgingstenesta	5,974	7,229	5,613	5,751
Tilpassa opplæring	59,529	69,344	59,902	60,521
Fagopplæringsnemnda	0,128	0,232	0,125	0,104
Opplæring i bedrift	121,330	117,485	110,868	102,287
Fagprøver	17,138	16,316	14,112	14,912
Vaksenopplæring	15,415	15,341	10,633	9,142
Opplæring i sos.-/med. institusjonar	8,191	8,998	8,049	5,097
Privatisteksamen	2,262	1,738	1,447	1,661
Tilskot til elevorganisasjonar	0,020	0,042	0,020	0,020
Karriererettleiing	-0,010	-	0,030	0,059
Opplæring - andre område	0,946	-	1,699	0,746
Resultatoverføring skulane	4,834	-	0,093	7,236
Opplæring samla	882,762	889,921	844,959	848,236

Tabell 21

Driftsresultat for sektoren samla

Opplæringssektoren hadde i 2019 eit nettobudsjett på om lag 890 mill. kr. Rekneskapen viser eit samla netto mindreforbruk i høve budsjettet på 7,1 mill. kr. Dette utgjer om lag 0,8 prosent av budsjettet.

Dei største postane med mindreforbruk er

- | | |
|--|--------------|
| • utgifter til skulelokale | 4,2 mill. kr |
| • pedagogisk leiing, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevoppgjer | 5,3 mill. kr |
| • tilpassa opplæring | 3,9 mill. kr |

Den største posten med meirforbruk er

- | | |
|-----------------------|--------------|
| • opplæring i bedrift | 4,5 mill. kr |
|-----------------------|--------------|

Mindreforbruket på utgifter til lokale er i hovudsak knytt til energi og innsparing på vedlikehald og drift av skulebygg.

Mindreforbruket på pedagogisk leiing, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevoppgjer er i hovudsak knytt til ufordelt løyving til dei vidaregåande skulane (2,6 mill. kr) og omstillingstiltak for pedagogisk personale (1,5 mill. kr).

Mindreforbruket på tilpassa opplæring skuldast innsparing på ufordelt løyving til dei vidaregåande skulane (1,9 mill. kr) og mindre kjøp av eksterne tenester enn føresett (1,5 mill. kr). Tilpassa opplæring er ei anslagsløyving, der bruken av midlar er vanskeleg føreseileg.

Meirforbruket på opplæring i bedrift er i hovudsak knytt til tilskot til lærerbedrifter (3,5 mill. kr).

Dei vidaregåande skulane og Fagskulen i Sogn og Fjordane hadde eit samla mindreforbruk på ordinær drift på om lag 4,8 mill. kr i høve budsjettet. Skulane har resultatoverføring til 2020, og innsparinga påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

Fagskulen hadde i 2019 eit mindreforbruk på om lag 1,2 mill. kr. Akkumulert mindreforbruk i 2019 var om lag 0,5 mill. kr.

Landslinetilboda hadde i 2019 eit samla meirforbruk på 0,7 mill. kr. Akkumulert meirforbruk i 2019 var om lag 1,1 mill. kr.

- Sogn jord- og hagebruksskule hadde i 2019 eit meirforbruk på om lag 0,8 mill. kr. Akkumulert hadde skulen eit meirforbruk på om lag 1,6 mill. kr.
- Landslinetilboden i yrkessjåfør ved Sogndal vidaregåande skule hadde i 2019 eit meirforbruk på om lag 0,4 mill. kr. Akkumulert hadde skulen eit mindreforbruk på landslinetilboden på om lag 0,3 mill. kr.
- Landslinetilboden i skiskyting på Stryn vidaregåande skule hadde i 2019 eit mindreforbruk på om lag 0,2 mill. kr. Akkumulert hadde skulen ei drift om lag i balanse.

Resultata på yrkessjåfør og skiskyting må sjåast i samanheng med rekneskapsresultatet for høvesvis Sogndal og Stryn vidaregåande skule.



Sogn jord- og hagebruksskule
Foto: Kaarina Borud



Sogn jord- og hagebrukskule

Foto: Kaarina Borud

Nærare om rekneskapsresultatet på dei vidaregåande skulane (utan landslinene)

Fire skular hadde meirforbruk på den ordinære drifta i 2019, medan sju skular hadde mindreforbruk. Storleiken på meirforbruket varierer frå om lag 0,1 mill. kr til om lag 2,3 mill. kr, medan mindreforbruket varierer frå om lag 0,1 mill. kr til om lag 2,4 mill. kr. Akkumulert hadde skulane eit samla mindreforbruk på om lag 11,2 mill. kr knytt til ordinær skuledrift.

På anna verksemder hadde skulane i 2019 eit samla meirforbruk på 3,2 mill. kr. Akkumulert hadde skulane eit samla mindreforbruk på 6,2 mill. kr knytt til anna verksemder.

Fylkeskommunen har resultatoverføring, der eit eventuelt meir- og mindreforbruk ved dei vidaregåande skulane vert overført til året etter. Ordninga gir skulane større handlingsrom, eit meir langsigkt perspektiv og høve til å styre mot planlagde over-/underskot einskilde år.

Fylkesdirektøren vil også i 2020 følgje opp skular med avvik.

AKTIVITETSTAL

Søkjartal

Det var ti fleire søkerar til vidaregående opplæring i 2019 enn i 2018. Av totalt 5278, søkte 686 opplæring i bedrift. 4831 av søkerane til vidaregående opplæring hadde ungdomsrett, og 531 av desse søkte opplæring i bedrift.

Kjelde: Vigo.

Elevar i vidaregåande skule

4062 søkerar vart tekne inn til dei fylkeskommunale vidaregåande skulane skuleåret 2019-2020, mot 4064 året før.

Sogn og Fjordane fylkeskommune betalte i 2019 for desse elevgruppene i andre fylke:

- 26 elevar etter Hordalandsavtalen
- 21 elevar på programområde vi ikkje tilbyr
- 20 elevar etter lov om friare skuleval mellom fylka

107 elevar frå Sogn og Fjordane går på privatskule i eige fylke.

Kjelde: Vigo

Lære- og opplæringskontraktar

83,9 prosent av søkerane med ungdomsrett har fått godkjent lære- og opplæringskontrakt i 2019, mot 83,8 prosent i 2018. Gjennomsnittet for landet er 76 prosent i 2019. Sogn og Fjordane peikar seg såleis positivt ut.

Ved utgangen av 2019 var det registrert

- 1470 «løpende» lærekontraktar
- 93 opplæringskontraktar
- 31 elevkontraktar (vg3 i skule)
- 56 fagbrev på jobb-kontraktar

I 2019 var det 516 primærskjarar med ungdomsrett som søkte lærepass.

Søkjarar utan tilbod om lærepass

Sju søkerar med ungdomsrett var utan tilbod om lærepass eller vg3 i skule i 2019. Fylkesdirektøren har gjennomført ulike tiltak for å redusere tal søkerar utan tilbod om lærepass. Til dømes vart alle som stod utan lærepass, inviterte til eit møte der dei mellom anna fekk informasjon om vg3 i skule. I etterkant hadde vi oppfølging på individnivå.

Av dei elleve elevane som starta i vg3 i skule som alternativ til lærepass i 2019, var dei fleste innan elektrikarfaget og helsefaget. Tre av dei var vaksne.

GMU - grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom

GMU er eit likeverdig samarbeid mellom kommunane i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen. Opplæringstilbodet er for minoritetsspråkleg ungdom mellom 16 og 24 år, som skal kvalifisere elevane med vitnemål frå grunnskule, samt styrke nærliek til eit ungdomsmiljø. Samarbeidet gjev felles eigarskap og ansvar for elevgruppa, og gjev eit heilskapleg syn på kva behov ungdomane har for opplæring. Alle partar ser på GMU som ein nøkkel til kvalifisering.

Skuleåret 2019/2020 har 119 minoritetsspråklege elevar delteke i dette opplæringstilbodet. Det er tilbod om GMU ved sju vidaregåande skular.

Erfaringane syner at elevar i GMU kjem seg vidare i ønska opplæringsløp ved at dei gjennom GMU har fått grunnlag for å konkurrere om skuleplassar. Trass i svært ulike skulebakgrunnar og føresetnader, har 78 prosent av elevane som gjekk ut av GMU våren 2019, fått inntak til eitt av sine tre førstesteynske til vg1.

GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

2013-kullet i Sogn og Fjordane har hatt ein flott framgang på gjennomføring sammenlikna med 2012-kullet. Yrkesfaglege utdanningsprogram har hatt ein framgang på 5,9 prosentpoeng, medan studieførebuande utdanningsprogram hadde ein framgang på 0,9 prosentpoeng. Resultatet samla sett er over landssnittet både for studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram (sjå tabell under).


Stad	Kull	Studieførebuande	Yrkesfag	Samla
Sogn og Fjordane	2012-kullet	91,6	63,4	77,7
	2013-kullet	92,5	69,3	80,8
Nasjonalt	2013-kullet	87,5	61,6	75,3

Tala i prosent
Tabell 22


Fylkesdirektøren ser at arbeidet med tett oppfølging av skular og bedrifter gir resultat. Fylkeskommunen arbeider aktivt for å styrke opplæringa i bedrift, mellom anna gjennom god formidlingsprosess og tett oppfølging i læretida. Å auke gjennomføringa føreset samhandling, god koordinering og gode rutinar mellom alle aktørane i utdanningsløpet.

I Sogn og Fjordane vel omlag 55 prosent av søkerane til vidaregående opplæring yrkesfaglege utdanningsprogram.

Gjennomføring i vidaregående opplæring,
kull 2013 – ferdig i 2018



Gjennomføring i vidaregående opplæring,
kull 2013 – ferdig i 2018



	2007-2012	2008-2013	2009-2014	2010-2015	2011-2016	2012-2017	2013-2018
Slutta undervegs	20,6	19,1	20	20	16,6	21,4	16,7
Gjennomført vg3, men ikkje bestått eksamen/fag eller sveineprøve	5,1	6,4	4,4	5,1	3,4	2,3	3,2
Framleis i vidaregåande opplæring etter fem år	10,9	9,6	11,7	9,3	11	9,5	10,8
Fullført med studie- eller yrkeskompetanse på meir enn normert tid	17,2	20,8	22,2	23	24	23,4	24,3
Fullført med studie- eller yrkeskompetanse på normert tid	46,2	44,1	41,8	42,7	45	43,4	45

Tabell 23

Tabellen over syner utviklinga dei siste fem åra. Vi ser ei positiv utvikling på tal sluttarar, og samtidig ein auke i elevar som har fullført med studie- eller yrkeskompetanse på normert tid.

Dei vidaregåande skulane har over tid arbeidd godt med å kvalifisere elevane til opplæring i bedrift. Fylkesdirektøren for opplæring har hatt særleg merksemd på at kvalifisering til opplæring i bedrift også handlar om

- gode haldningar
- lågt fråvær
- god ordenskarakter
- å vere aktiv gjennom utplassering i programfaget yrkesfagleg fordjuping (YFF)
- god søknad og CV
- å øve på intervju situasjoner

Skulane har hatt møte med alle søkerane til opplæring i bedrift. Fylkesdirektøren har hatt jamleg dialog med opplæringskontor, politikarar, fagopplæringsnemnd, rektorar og elevrepresentantar om overgangen frå vg2 til opplæring i bedrift/vg3 i skule.

Utplassering i YFF er ein viktig faktor for å skape kontakt mellom søker til lære-plass og potensiell lærebodrift. Målet er at YFF-faget skal introdusere elevane for arbeidslivet. Vi må leggje til rette for at alle elevar får prøve ut lærefag i praksis i YFF-faget, både i vg1 og vg2.

Dei vidaregåande skulane har dei siste åra fått større ansvar for formidlingsproses-sen. Alle skulane med yrkesfaglege utdanningsprogram har tilsett arbeidslivs-kontakt, som har gjennomføring og overgang frå skule til bedrift som hovudarbeids-område.

Fylkeskommunen har frå hausten 2018 tilsett ein person i ei treårig statleg finansiert prosjektstilling. Arbeidsoppgåvene til denne prosjektstillinga er å

- få fleire i lære
- få til nettverksarbeid mellom skule og næringsliv
- få systematisert partnarskapsavtalane mellom skule og bedrift i portalen www.utdanning.no (Utdanningsdirektoratet)

Tabellen under viser utviklinga på tal nye lærlingar dei fem siste åra.

Indikator og nøkkeltal	2016	2016	2017	2018	2019
Tal lærlingar	1137	1137	1179	1309	1470
Tal elevar i fagopplæring i skule	13	7	2	20	31
Tal lærekandidatar	93	95	84	83	93
Fagbrev på jobb					56

Tabell 24

Tabellen under syner talet på lærlingar som har oppnådd fagbrev dei siste fem åra.

Indikator og nøkkeltal	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Tal fag- og sveinebrev - lærlingar	481	429	501	530	577
Tal fag- og sveinebrev - praksiskandidatar	202	250	273	232	195
Tal fag- og sveinebrev - elevar	6	14	11	3	2
Tal kompetansebevis - lærekandidatar	9	12	12	14	14

Tabell 25

Læringsmiljø

Kjerneaktiviteten til både skule og lærebedrift er å fremje læring. Eit godt læringsmiljø er ein føresetnad for den faglege og sosiale utviklinga til elevane og lærlingane i vid forstand. Føremålet med all opplæring er å sikre at alle elevar og lærlingar har eit læringsutbytte som er maksimalt ut frå føresetnadane deira.

Både elev- og lærlingundersøkinga viser høg grad av trivsel og resultat over landsgjennomsnittet. Likevel syner undersøkingane at vi har eit utviklingspotensial når det gjeld medverknad i eige læringsarbeid. Elevar og lærlingar seier at dei ønskjer større medverknad i korleis opplæringa blir gjennomført. I tillegg seier elevane at dei vil ha meir variasjon i undervisninga.

VIDAREGÅANDE OPPLÆRING FOR VAKSNE

I 2019 var det ca. 300 deltakrar i vidaregåande opplæring for vaksne, noko som er ein reduksjon på ca. 100 personar frå året før. Det kan forklarast med ein nedgang i tal søkerar med flyktningbakgrunn, og at vi året før hadde eit satsingsprosjekt i regi av Fylkesmannen for kvalifisering av barnehageassistentar. Nedgangen i tal søkerar med flyktningbakgrunn kan vidare forklarast med at kommunane set strengare krav til kvalifikasjonane deira (t.d. norskkompetanse) før dei søker dei inn til vidaregåande opplæring. Nedgangen skuldast nok òg at tal minoritetsspråklege personar med innvilga opphald, har gått ned.

Sjølv om det er ein nedgang i tal søkerar med minoritetsspråkleg bakgrunn, er det framleis desse som utgjer majoriteten av deltakarane i vidaregåande opplæring for vaksne. Majoriteten treng heile opplæringsløp. Helsearbeidarfaget er størst, og vi ser dette som ei stor utfordring når det gjeld både utplasserings- og lærepassar. 1. september stod 17 av 24 vaksne frå vg2 helsearbeidarfag utan lærepass. Det er i ei utfordring for dei vaksne å få lærepass uansett fag, og det er heller ikkje ei god løysing for mange av dei med vg3 i skule, m.a. grunna økonomi.

Modellen som fungerer best for den minoritetsspråklege gruppa, er den såkalla Gloppen-modellen, der deltakarane er garantert lærepass frå starten av. Det er ein «3+1-modell», der deltakarane vekslar mellom skule og bedrift dei tre første åra, og er «reine» lærlingar det fjerde året. Modellen er eit samarbeidsprosjekt med NAV og kommunar/næringsliv. I 2019 var det ni slike grupper i gang, dei fleste innan helsefag, men òg nokre innan industrifag og tannhelsesekretær. Det er i gang eit treårig forskningsprosjekt på modellen finansiert av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet. Forskningsinstituttet Norce skal m.a. sjå på suksessfaktorar, problemområde, og om modellen kan utviklast til å bli nasjonal ordning.

EFFEKTIVISERINGSTILTAK

Oppfylling i grupper

Dei vidaregåande skulane har for skuleåret 2019-2020 ei samla oppfylling på om lag 92 prosent, som året før.

Oppfylling per nivå:

- vg1: 97 prosent (92 prosent året før)
- vg2: 88 prosent (93 prosent året før)
- vg3: 92 prosent (96 prosent året før)

I årsrapporten for 2018 peika vi på lågare oppfylling på vg1 enn året før, og at det skuldast låg oppfylling i utdanningsprogramma medium og kommunikasjon (ME) og kunst, design og arkitektur (KD). Til skuleåret 2019-20 er kapasiteten i desse utdanningsprogramma redusert, og oppfyllingsgraden på vg1 er svært høg, 97 prosent. Den låge oppfyllingsgraden på vg2 skuldast i all hovudsak at kapasiteten i dei nemnde utdanningsprogramma ikkje vert redusert før skuleåret 2020-21.

POLITISKE SAKER - AVVIKSRAPPORTERING

Hovudutval for opplæring handsama 14 saker i 2019. Vi har ikkje registrert avvik i oppfølginga av dei politiske sakene i 2019.

SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

Fylkestinget

Sak 12/19	Vurdering av akkumulert mindreforbruk knytt til resultatoverføringsordningane
Sak 15/19	Utbygging Sogndal vgs avd. Kaupanger med utleigedel
Sak 16/19	Nytt opplærings- og kompetansesenter Førde
Sak 21/19	Mobbeombod for barnehage og grunnskule - forlenging av ordninga
Sak 22/19	Vitensenter - fylkeskommunal bruk
Sak 47/19	Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - utviding av låneavtale
Sak 52/19	Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - utviding av låneavtale

Fylkesutvalet

Sak 73/19	Tildeling 2019 MAREKO (marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond)
-----------	--

Hovudutval for opplæring

Sak 1/19	Avtale om gjesteelevar - Møre og Romsdal fylkeskommune
Sak 5/19	Stimuleringstilskot for fag- og yrkesopplæringa 2019
Sak 6/19	Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2019-2020
Sak 7/19	Justering av opplæringsstilbodet for skuleåret 2019-2020
Sak 12/19	Høyring av forslag til endringar i forskrift til opplæringslova og forskrift til friskulelova - fråværsgrensa og trafikkopplæring

MÅLEKART - AVVIK

Opplæringssektoren har gode resultat på dei fleste områda i vedteke målekart.

I 2019 syner målingane resultat under vedteke ambisjonsnivå på følgjande punkt:

- Trivsel: på ein skala frå 1 til 5 oppnår lærlingane i Sogn og Fjordane ein skår på 4,4. Dette er 0,1 under vedteke ambisjonsnivå.
- Gjennomføring: i 2018 hadde 80,8 prosent av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2013, gjennomført opplæringa. Det er to prosent under vedteke ambisjonsnivå.

KOSTRA - NØKKELTAL

Indikator - konsern	SFJ 2016	SFJ 2017	SFJ 2018	SFJ 2019	Vest-Noreg 2019	Landet u/Oslo 2019
Netto driftsutgifter til vidaregåande opplæring, per innbyggjar 16-18 år	182 664	190 272	195 404	208 935	175 117	186 692
Økonomisk belastning 510-562 vidaregåande opplæring i skule per elev	173 976	175 128	180 510			

Tabell 26

Indikator - konsern	SFJ 2016	SFJ 2017	SFJ 2018	SFJ 2019	Vest-Noreg 2019	Landet u/Oslo 2019
Del elevar og lærlingar som har bestått vgo i løpet av fem år *	77,2	78,6	77,6	-	-	-
Del elevar som har sluttar i løpet av året - alle årssteg	2,5	2,3	2,4			
Del elevar med direkte overgang fra vidaregåande opplæring til høgare utdanning*	46,1	47,6	45	-	-	-
Del beståtte fag- og sveineprøvar	93,8	95,3	95,5			
Del elevar vg2 yrkesfaglege utd. program i fjor, i lære i år	52	51,9	52			

*Tala for 2019 er ikkje klare før i juni 2020

Tabell 27

SAMFERDSLE

Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027 med handlingsprogram er det viktigaste styringsdokumentet vårt. Transportplanen legg opp til investeringar på fylkesvegområdet på omlag 3,5 mrd. kr. Han inneheld også ambisiøse mål for reduksjon i klimagassutslepp på mellom 30 og 40 prosent innan 2030, samanlikna med utsleppa i 2015.

Handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021 gir, saman med trafikktryggingstiltak føreslege i Regional transportplan 2018-2027, føringer for prioriteringar innan trafikktrygging. Planen legg særleg vekt på tiltak som er retta mot å endre haldninga til aktørar i trafikken.

Samferdslesektoren har i 2019 i hovudsak konsentrert seg om å følgje opp målsetjingane i desse planane og starte opp vedtekne prosjekt.

Dei siste åra har vi opplevd fleire hendingar med skadar på fylkesvegane som følgje av ras og flaum. I slutten av juli fekk vi omfattande skadar på fylkesvegnettet i Jølster, Gloppen og Førde på grunn av store nedbørsmengder.

Samferdsleavdelinga har i 2019 jobba mykje med samanslåinga til og organiseringa av nye Vestland fylkeskommune. Vi har også jobba mykje med å avvikle sams vegadministrasjon og lagt grunnlaget for overføring av oppgåver og personell frå Statens vegvesen til fylkeskommunen.

Tal reisande med buss og båt er på same nivå som i 2018. Det har ikkje vore større endringar i rutetilbodet, med unntak av ei styrking av pendlartilbodet mellom Måløy og Florø, der Kinn kommune betalar delar av kostnaden.

SAMFERDSLEBUDSJETT

Fylkeskommunen har ansvaret for

- kollektivtrafikktilbodet inkludert skuleskyss
- løvetildeling
- drift og vedlikehald av om lag 2600 km fylkesveg
- ferjedrift
- investeringar på fylkesvegnettet

Samla nytta samferdslesektoren 1,59 mrd. kroner til drift og investeringar i 2019.



Skadar på Tverrelva bru etter ekstremvêr i 2019.

Foto: Statens vegvesen

Område	Rekneskap 2019	Budsjett 2019
Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	596,3	596,3
Bilruter	252,1	252,0
Fylkesvegferjer	151,3	152,3
Båtruter	131,7	132,5
Tilrettelagt transport	9,5*	9,7
Investeringar	449,1	485,4
Totalt	1590	1628

* I tillegg kjem tilskot på 9 mill. kr frå Samferdselsdepartementet øyremerka til blinde/svaksynte og rullestolbrukarar, der unytta midlar frå 2018 gjekk til fråtrekk.

Tabell 28

Tala på driftsløyvingane som kjem fram i tabellen over, er nettokostnad etter at inntekter og meirverdiavgift er trekt frå.

Fordeling av midlar i samferdslesektoren




Diagram 15

FYLKESVEG

Sams vegadministrasjon

Statens vegvesen har hatt det operative ansvaret for oppfølging av fylkesvegnettet og fylkesvegferjene på vegne av fylkeskommunen. Samarbeidet med vegvesenet er godt og tett, og det vert styrt gjennom ein rammeavtale og årlege leveranseavtalar. Vi har også hatt månadlege styringsmøte med vegvesenet, samt eigarstyringsmøte for store investeringsprosjekt og tunnelrehabiliteringsprosjektet.

Tunneltryggingsforskrift for fylkesvegtunnelar

Fylkestinget har lagt til grunn ei ramme på 1,4 mrd. 2015-kr til tunnelvedlikehald og oppgradering av fylkesvegtunnelar etter tunneltryggingsforskrifta i perioden 2016-2024. Tunnelar som er omfatta av krava i tunneltryggingsforskrifta, skal vere ferdig utbetra før 2025.

I 2019 har det vore arbeid knytt til tunneltryggingsforskrifta i følgjande tunnelar:

- fv. 55 Høyangertunnelen
- fv. 55 Hovdetunnelen
- fv. 55 Råumtunnelen
- fv. 55 Ottatunnelen
- fv. 55 Røneidstunnelen
- fv. 55 Vadheimstunnelen
- fv. 55/fv. 609 Tussviktunnelen og Kvernbergtunnelen
- fv. 53 Steiggjatunnelen

I 2019 vart det samla nytta 154,4 mill. kr til tunnelrehabilitering i tunnelar omfatta av tunneltryggingsforskrifta.

Ekstremvêr juli 2019

30. juli kom det store nedbørsmengder, som førte til fleire flaum- og jordskred. Hendinga gjorde store skadar på fylkesvegnettet i Jølster, Gloppe og Førde. Skadane på fylkesvegnettet som følgje av hendinga, er berekna til om lag 46 mill. kr. Hovuddelen av skadane er knytt til oppbygging av Tverrelva bru på 5730, som vart riven vekk i flaumen.

Ressursbruk

Fylkeskommunen nytta 567,1 mill. kr til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i 2019. Det er ein auke på 3,5 mill. kr frå året før. Til investeringar på fylkesvegnettet vart det samla nytta 449,1 mill. kr.

Driftsutgifter til fylkesvegføremål	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Driftsmidlar overført investering				2,500
Fylkesveg - drift og vedlikehald	567,078 ¹	567,082	563,579 ²	461,879 ³
Fylkesvegar - uventa hendingar	18,400	18,400		
FTU - administrasjon og tiltaksmidlar	962	1,200	981	957
FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane	4,204	5,000	3,891	4,280
Fylkesveg, miljø og trafikktryggingstiltak - administrasjon	5,665	4,625	5,140	4,673
Fylkesveg, miljø og trafikktryggingstiltak	596,309	596,307	573,591	474,289

Tabell 29

¹ Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 2,7 mill. kr til disposisjonsfond

² Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 36,8 mill. kr til disposisjonsfond

³ Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 2,8 mill. kr til disposisjonsfond.


Drift og vedlikehald

Vi hadde sett av 567,1 mill. kr netto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i budsjettet for 2019.

Vi nyttet i 2019 om lag 2,7 mill. kr mindre til drift og vedlikehald enn det vi hadde budsjettert med.


Rekneskapen er såleis inkludert eit overført overskot på 2,7 mill. kr (mindreforbruk). Midlane er avsette på disposisjonsfond til bruk i Vestland fylkeskommune i 2020.

Dekkelegging og rekervo



Det vart lagt 176 km nytt dekke og sett opp 30 km rekervo på fylkesvegnettet i 2019. Tala for 2018 var 174 km nytt dekke og 48 km rekervo.
Diagram 16

Spordjupne på dekke mm (jamnheit på tvers)



Spordjupne seier noko om kvaliteten på vegdekket. Det er i 2016 ikkje utført målingar på heile vegnettet, slik at talet ikkje gir ein korrekt middelverdi. Grunna feil i måleutstyret, har vi ikkje data frå 2017.

Diagram 17

Fylkestrafikktryggingsutvalet og trafikktryggingstiltak

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) hadde 6,2 mill. kr til disposisjon i 2019 og brukte 5,2 mill. kr av den disponibele ramma. Midlane er brukte slik:

- trafikktryggingstiltak i kommunane: 4,2 mill. kr med eit mindreforbruk på 0,8 mill. kr
- ulike aktivitetar knytt til trafikktrygging: 1 mill. kr med eit mindreforbruk på 0,2 mill. kr

14 kommunar fekk utbetalt midlar til trafikktryggingstiltak.

Mindreforbruket skuldast at tiltaka ikkje er gjennomførte, eller at tiltaka hadde lågare pris enn venta.

Trafikkulukker i Sogn og Fjordane





Diagram 18

Det er førebels rapportert inn 55 ulukker med personskade på fylkesvegane i 2019. Då det erfarringsvis er eit etterslep i rapporteringa av trafikkulukker, kan endeleg tal ulukker blir høgare. Ulukkestala har auka dei siste åra, etter nokre år med nedgang frå 2012 til 2016. Dei fleste ulukkene med personskade i fylket er utforkyringsulukker og møteulukker.

Diagram 16

Tal drepne i trafikken i Sogn og Fjordane



Tal drepne i trafikken i Sogn og Fjordane har lege ganske stabilt i perioden 2015–2019.
Diagram 19

Veginvesteringar og skredsikring

Fylkesvegføremål	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Investeringar	216,6	239,8	168,8	207,2
Skredsikring	232,5	245,6	130,3	48,5
Totalt	449,1	485,4	299,1	255,7

Tabell 30

Samla ramme til investeringar var 485,4 mill. kr i 2019. Det vart nytta 449,1 mill. kr – fordelt med 216,6 mill. kr til ordinære investeringar og 232,5 mill. kr til skredsikring. Samla mindreforbruk på veginvesteringane er 36,3 mill. kr. Mindreforbruket på ordinære investeringar var 23,2 mill. kr, medan vi hadde eit meirforbruk på 13,1 mill. kr knytt til skredsikring.

Store prosjekt

Vi nytta 123 mill. kr til dei store fylkesvegprosjekta i 2019. Det vart nytta 116 mill. kr i prosjektet fv. 698 Blaksettunnelen, noko som er omlag 8,8 mill. kr over budsjett. Vidare vart det nytta 7 mill. kr i prosjektet fv. 303 Seimsdalstunnelen.

Førdepakken

Vi nytta 24 mill. kr til fylkesvegprosjekta i Førdepakken i 2019.

Mindre utbetingar

Vi nytta 19,6 mill. kr til mindre utbetingar med eit samla mindreforbruk på om lag 9,4 mill. kr. Mindreforbruket skuldast i hovudsak forseinkingar knytt til fleire av prosjekta.



Sprenging av første salve på tunnel på fv. 722 Flovegen.

Foto: Statens vegvesen

Gang- og sykkelvegar

Vi nytta 6,6 mill. kr til gang- og sykkelvegar. Det er om lag 3,9 mill. kr i mindreforbruk.

Trafikktryggingstiltak

Vi nytta 14,1 mill. kr til trafikktryggingstiltak i 2019. Midlane gjekk i hovudsak til rekkverk med eit samla forbruk på 11,1 mill. kr.

Planlegging

Til planlegging nytta vi 17,5 mill. kr i 2019. Vi brukte om lag 7,2 mill. kr på planarbeidet på Atløysambandet og om lag 3,6 mill. kr til planarbeid knytt til 616 Svelgen-Indrehus.

Skredsikring

Vi nytta 232,5 mill. kr til skredsikring i 2019. Det er om lag 13,1 mill. kr mindre enn rekna med i budsjettet.

- På prosjektet fv. 722 Flovegen nytta vi 128,1 mill. kr, noko som er om lag 11,4 mill. kr over budsjett.
- Vi nytta 61,6 mill. kr på prosjektet fv. 53 Ljoteli, med eit mindreforbruk på 14,8 mill. kr.
- Fv. 691 Åstranda i Gloppe nytta 18,8 mill. kr med eit mindreforbruk på 6,2 mill. kr. Prosjektet møtte utfordringar med mykje lausmassar, og det må brukast noko tid på greie ut om anlegget kan byggast som tenkt.

Fylkesvegferjer

Fylkesvegferjer	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Fylkesvegferjer	151,258	152,285	123,165	127,974

Tabell 31

Vi nytta 151,3 mill. kr til ferjedrifta i 2019. Det er 1 mill. kr lågare enn budsjettet. Sogn og Fjordane fylkeskommune driv i dag sju fylkesvegferjesamband.

Ferjesambandet Barmen-Barmsund opna som fylkeskommunalt ferjesamband 1.7.2019. Frå opninga og ut 2019 hadde sambandet trafikkta på 4163 personbileiningar.




Diagram 20




Diagram 21

Plangrunnlag

Grunnlaget for prioriteringane på samferdsleområdet er Regional transportplan 2018-2027 og fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021. Plandokumenta er baserte på eit felles kunnskapsgrunnlag.

Regional transportplan 2018-2027

Fylkestinget har ambisjonar om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane for å stoppe forfallet og tilpasse veginfrastrukturen til eit endra klima med meir nedbør. Fylkesvegtunnelane skal tilfredsstille krava til tunnelsikkerheitsforskrifta innan utgangen av 2024, etter vedteken plan for tunnelrehabilitering.

Fylkestinget har eit mål om å legge til rette for raskast mogleg overgang frå bruk av fossile drivstoff til nullutsleppskøyretøy på vegnettet og å auke talet på gåande og syklende i fylket.

Når det gjeld kollektivtrafikken, har vi eit mål om at fylket skal ha eit heilskapleg rutesystem, som heng saman med høvelege korrespondansar og enkel omstigning. Transportplanen legg opp til gradvis reduksjon av klimagassutslepp i samband med framtidige anbod for å nå målet om tilnærma nullutslepp i kollektivtrafikken innan 2050.

Planen har også eit mål om å sikre vegnettet mot alvorlege utforkøyrlingsulukker ved auka satsing på utbygging og utskifting av rekkrverk og sikring av sideterregn. Vi skal ha eit effektivt transportsystem som syter for raskast mogleg framkome for næringstransporten. Klimagassutsleppa frå godstransporten skal reduserast m.a. ved godsoverføring frå veg til sjø.

Handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021

Fylkeskommunen har ansvaret for å koordinere trafikktryggingsarbeidet i fylket. Det skjer gjennom handlingsplan for trafikktrygging, som tek føre seg det haldningsskapande trafikktryggingsarbeidet. Handlingsplanen har følgjande satsingsområde i perioden 2018-2021:

- sikringsutstyr
- rusførebygging
- trafikksikker kommune
- trafikkåtferd

Kollektivtrafikk

Rammevilkår/økonomi

Budsjettet til kollektivtransport var på 394,1 mill. kr i 2019 og rekneskapen på 393,4 mill. kr. Dette gir eit samla mindreforbruk innan kollektivområdet på 0,8 mill. kr.

Driftsutgifter til kollektivtransport

I 1000 kr	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Rekneskap 2016
Bilruter	252 136	251 967	246 143	234 275
Båtruter	131 704	132 488	111 448	87 356
Tilrettelagt transport	9516*	9676	8868	8261
Sum kollektivtrafikk	393 356	394 131	366 459	329 892

*I tillegg kjem tilskot på 9 mill. kr frå Samferdselsdepartementet øyremerka til blinde/svak-synte og rullestolbrukarar der unytta midlar frå 2018 gjekk til fråtrekk.

Tabell 32

Tal reisande og skuleskyss

Bussrutene i det fylkeskommunale tenestekjøpet hadde 1,33 mill. reisande utanom skuleelevar i 2019, mot 1,35 mill. reisande i 2018. Rutetilboden har vore på om lag same nivå desse åra.

Reisande med kommersielle bussruter er ikkje med i tala over. Dei kommersielle bussrutene er likevel ein viktig del av rutetilboden i fylket, og busselskapa har forplikta seg til å bruke fylkeskommunale takstar og rabattar, samt tilby plassgaranti på fylkesinterne reiser.

Det var om lag 4500 grunnskuleelevar med skuleskyss i 2019. Det er litt færre enn året før. I vidaregåande skule hadde om lag 1500 elevar skuleskyss, noko som er på same nivå som i 2018.



Foto: Photoevent/Sogn og Fjordane fylkeskommune



Foto: Photoevent/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Båtruter

Båtruter omfattar

- skuleskyss
- ruter til veglause grender
- bygderuter
- lokalruter
- godsbåtruter
- ekspressrutene som går mellom Sogn og Fjordane og Bergen

Ekspressbåtruter, lokalbåtruter og godsruter er sette ut på anbod. Rutetilbodet er uendra bortsett frå ei styrking av pendlartilbodet mellom Måløy og Florø, der Kinn kommune betalar delar av kostnaden.

Arbeidet med å førebu utlysing av anbod på ekspress- og lokalbåtrutene i fylket og mellom Sogn og Fjordane og Bergen med oppstart 1. mai 2022, har pågått i heile 2019. Skyss/Kringom jobbar vidare med dette i 2020.

Frå 2018 til 2019 er det ein svak nedgang i tal reisande med lokalbåt og ein svak auke i tal reisande med ekspressbåt. Totalt har vi om lag 570 000 reisande med ekspress- og lokalbåt.

Ungdomstilbod

Ungdomskort

Eit ungdomskort har kosta 365 kr per månad i 2019. Kortet gjev ungdom mellom 16 og 19 år rett til å reise fritt med kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane. Tal reisande er på same nivå som i 2018.

Trygt heim for ein 50-lapp

Trygt heim for ein 50-lapp-ordninga er eit tiltak for å betre trafikktryggleiken for ungdom over 18 år.

I 2019 kosta ordninga om lag 1,5 mill. kr inkludert sommarruter.

Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)

LTU er eit tilbod som gjer det mogleg for ungdomar i fylket å reise kollektivt til og frå fritidsaktivitetar, også når det vanlege kollektivtilbodet ikkje finst. I eit fylke med store avstandar der det er umogleg å ha eit ordinært rutetilbod som passar alle, har tilbodet vist seg å vere viktig for mange unge.

Ungdomane søker gjennom kommunen sin om midlar til å setje opp transport til og frå aktivitetar som til dømes ungdomsklubbar, kino, trening og konserter. Vi brukte 0,8 mill. kr til fleksible skyssløysingar for ungdommar til og frå fritidsaktivitetar på ettermiddags- og kveldstid i 2019.

Drosje

Det er no 148 drosjeløyve i Sogn og Fjordane, inkludert 34 reserveløyve. 50 av løyva er tilrettelagde for rullestolbrukarar.

Vi har hatt ein nedgang i tal drosjeløyve i Sogn og Fjordane dei siste åra, og det har vist seg å vere utfordrande å få søkjrarar til utlyste løyve i distriktskommunar.

Tilrettelagt transport (TT-ordninga)

Tilrettelagt transport er eit viktig tilbod for brukarar som av ulike grunnar ikkje kan nytte ordinært kollektivtilbod.

Sogn og Fjordane fylkeskommune utbetalte 6,5 mill. kr til ordninga med tilrettelagt transport i 2019. Det er eit tilbod om drosjetransport til personar med varig nedsett funksjonsevne.

I tillegg er Sogn og Fjordane fylkeskommune omfatta av ei statleg ordning med øyremerka midlar til blinde/svaksynte og rullestolbrukarar. Ordninga omfattar om lag 465 aktive brukarar i fylket vårt. Fylkeskommunen har gjennom denne ordninga fått tilsegn på om lag ni mill. kr fra Samferdsledepartementet, der unytta midlar frå 2018 kjem til fråtrekk.

Serviceskyss

Serviceskyss er ei utvida form for tingingsruter, som er open for alle, sjølv om hovudmålet er å finne løysingar som aukar mobiliteten til eldre og funksjonshemma. Det var ved utgangen av 2019 serviceskysstilbod i 25 av 26 kommunar i fylket. Det vart brukt 3,2 mill. kroner til serviceskyss i 2019.

SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

Fylkestinget

Sak 9/19	Kollektiv - Rabatt for lærlingar
Sak 10/19	Kjøp av rutetenester med båt frå 1. mai 2022
Sak 24/19	Fv. 303 Seimsdalstunnelen - kostnadsoverslag
Sak 26/19	Kjøp av rutetenester med båt frå 1. mai 2022 - ekstra utgreiing
Sak 27/19	Søknad om finansiell deltaking i nytt hurtigbåttilbod Florø-Smørhamn-Måløy
Sak 28/19	Ferjeavløsing Ytre Steinsund bru - stadfesting av vedtak og finansieringsplan

OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK OG AVVIKSRAPPORTERING

Hovudutval for samferdsle

Hovudutval for samferdsle handsama 33 saker i 2019. Det er ikkje registrert avvik i viktige politiske vedtak gjort av hovudutvalet.

Trafikktryggingsutvalet (FTU)

Trafikktryggingsutvalet handsama fem saker i 2019. Det er ikkje registrert avvik i viktige politiske vedtak gjort av trafikktryggingsutvalet.

MÅLEKART - AVVIK

Målekart for samferdsle har eit ambisjonsnivå på fleire enn 1,7 mill. reisande med buss og fleire enn 560 000 reisande med båt. I tillegg har vi hatt ein ambisjon om auke i tal passasjerkilometer med buss og båt (ekskl. skuleskyss). Vi har ikkje klart å nå ambisjonsnivået for tal reisande med buss. Dette skuldast i stor grad at vi ikkje har justert ambisjonsnivået ned i takt med kommersialisering av bussruter. Reisande på kommersielle bussruter er ikkje med i tal reisande. Tal reisande med buss ekskl.

skuleskyss er tilnærma uendra frå 2018. Tal reisande på båt ekskl. skuleskyss er omrent på ambisjonsnivået, og dermed på same nivå som i 2018. Tal passasjerkilometer for båt har auka noko, medan passasjerkilometer på buss har gått litt ned.

KOSTRA - NØKKELTAL

Indikator - konsern	SFJ 2016	SFJ 2017	SFJ 2018	SFJ 2019	Vest-Noreg 2019	Landet u/ Oslo 2019
Netto driftsutgifter i kr per innbyggjar, samferdsel i alt	9 808	9 567	10 712	11 689	5 239	4 575
Netto driftsutgifter i kr per innbyggjar, fylkesvegar	5 439	5 380	6 221	6 687	2 237	1 989
Netto driftsutgifter i kr per innbyggjar, bilruter	2 323	2 134	2 244	2 303	1 531	1 606
Netto driftutgifter i kr per innbyggjar, fylkesvegferjer, konsern	1038	1161	1122	1381	764	538
Netto driftutgifter i kr per innbyggjar, båtruter	918	817	1 045	1 232	431	317
Netto driftutgifter i kr per innbyggjar, transport for funksjonshemma	91	75	81	87	70	69
Brutto investeringsutgifter i kr per innbyggjar, fylkesvegar	3 111	2 305	2 414	4 099	2 464	2 531
Brutto investeringsutgifter i kr per innbyggjar, samferdsle i alt	3 193	2 339	2 414	4 110	3 971	3 015
Brutto driftsutgifter i kr per km fylkesveg	230 677	228 978	272 386			

Tabell 33

TANNHELSETENESTA

AKTIVITET I TENESTA I 2019

2019 har i stor grad vore prega av førebuing til og arbeid med fylkessamanslåinga og arbeidet med å utvikle ei felles tannhelseteneste. Vi har jobba særleg med samanslåing av databasar for fagsystema i tannhelsetenesta.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

Utfordringa framover blir å få til ei samkjørt tannhelseteneste innan dei rammene tenesta har.

Tenester	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Budsjett 2019
Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar	19,5	19,4	21,3	17,3
Tannhelsetenesta - pasientbehandling	63,7	64	64,7	68,7
Sum	83,2	83,4	86,00	86,00

Tannhelsetenesta sine netto driftsutgifter 2017-2019, i mill. kr. Tala for fellesfunksjonar i tannhelsetenesta inneheld resultatoverføring (disposisjonsfondet), eit overskot på 1,9 mill. kr i 2017, på 3,0 mill. kr i 2018 og på 3,5 mill. kr i 2019.

Tabell 34

Ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta er regulert gjennom lov om tannhelsetenesta. Det er definert tal for måloppnåing i vedteke plandokument - strategisk handlingsplan for den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane 2014-2017, gjeldande til samanslåinga med Hordaland i 2020.

Tannhelsetenesta registrerer kvart år tannhelsedata på nøkkelårskull: 3-, 5-, 12-, 15- og 18-åringar. (KOSTRA-tal). Vi gjer det for å identifisere når tannhelseproblem oppstår.

- 90 prosent av 3-åringane hadde ikkje hol i mjølketennene.
- 86 prosent av 5-åringane hadde ikkje hol i mjølketennene. I fjar var talet 85 prosent. I 2017 og 2016 var talet 82 prosent, og i 2015 var talet 85 prosent.
- 12-åringane har i gjennomsnitt 0,8 tenner med hol, noko som har vore jamt dei siste åra.
- 15-åringane har i gjennomsnitt 1,7 tenner med hol, og 18-åringane har 3,2 tenner med hol i gjennomsnitt. Desse tala er jamne med tala for 2018 og 2017.

ANSVAR

Tannhelsetenesta har ansvar for desse gruppene:

- Barn og unge 0-18 år (gr. A)
- Personar med psykisk utviklingshemming (gr. B)
- Langtidssjuke i institusjon (gr. C1) og heimesjukepleie (gr. C2)
- Ungdom 19-20 år (gr. D)
- Personar med rusmiddelavhengigheit som får kommunale helse- og omsorgstenester eller er under LAR-behandling (gr. E)

I Sogn og Fjordane er det rundt 30 000 personar som høyrer til ei av dei prioriterte gruppene. 90 prosent av personane i dei prioriterte gruppene, var under tilsyn i 2019. Dette er same prosenttal som vi har lege på dei seinare åra.

LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

Tannhelsetenesta er medvitne planen for mangfold og likeverd. Det gjer seg gjeldande ved tilsettingar og ved tilbodet til

- personar med funksjonshemmning
- prioritert klientell utan tilstrekkeleg norskunnskap

- Barn og unge i Sogn og Fjordane har god tannhelse, men 7 prosent (8,5 prosent i 2016 og 6,9 prosent i 2017, 10 prosent i 2018) av 18-åringane har meir enn ni hol i tennene. Vi ser dette talet svingar, og vi treng å ha merksemld på førebyggande tiltak. Pasientane det gjeld treng tett individuell oppfølging. Høg kariesaktivitet kan føre til større tannhelseproblem i vaksen alder.

Rekneskapet for 2019 er gjort opp med bruk av disposisjonsfond på 3,457 mill. kr. Overskotet skuldast i hovudsak vakansar.

Den offentlege tannhelsetenesta utførte til saman 96,79 årsverk i 2019. Av desse var 34,20 tannlegeårsverk og 15,1 tannpleiarårsverk. I 2018 vart det totalt utført 92,06 årsverk.

FOLKEHELSEARBEID

Faktorar som gjev god helse, er som regel gunstige også for tannhelsa. Mange avgjerder som påverkar tannhelsa, vert ofte tekne utanfor ansvarsområdet til helsesektoren eller tannhelsetenesta.

Tannhelsetenesta må difor samarbeide med kommunar, statlege instansar og andre samarbeidspartnarar for å redusere helserisiko i befolkninga og for å betre helsa for den enkelte. Tannhelsetenesta skal delta i det generelle folkehelsearbeidet. Vi har også i 2019 lagt vekt på å førebygge svak tannhelse hjå risikogrupper. Som regional utviklingsaktør skal vi bidra til sosial utjamning når det gjeld tannhelse.

Tannhelsetenesta har i 2019 vidareført samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet, Campus Førde og Campus Sogndal, der vi underviser i oral helse for sjukpleiarstudentar, vernepleiarar og barnevernspedagogar. Dette meiner vi gjev god kunnsskap om oral helse og er med på å sikra tverrfagleg samarbeid tenester imellom.

KOSTRA - NØKKELTAL

Indikator - konsern	SFJ 2016	SFJ 2017	SFJ 2018	SFJ 2019	Vest-Noreg 2019	Landet u/ Oslo 2019
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner	753	756	759	788	508	535
Brutto driftsutgifter per innbyggjar i kroner	969	946	971			
Netto driftsutgifter i prosent av fylkeskommunen sine samla netto driftsutgifter	3,6	3,6	3,5	3	4	4,3
18-åringer, del behandla med DMFT>9*	8,4	6,9	9,9	6,7	-	-

* viser kor mange 18-åringar som har over ni tanner med karies (behandla eller ubehandla)
Tabell 35

BYGG OG EIGEDOM

Bygge- og eigedomstenesta leverer tenester knytte til eigarfunksjonen til fylkeskommunen. Det inneber ansvaret for å skaffe naudsynte bygg og tenlege lokale til alle delar av den fylkeskommunale verksemda. Arbeidet omfattar alle sider av forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service.

Vi har eit overordna mål om å oppretthalde verdien på eigedomsmassen. Eigedommane og bygningane skal heile tida vere tilpassa behovet til brukarane og ha løysingar som er best mogleg lagt til rette for framtidige endringar.

BYGGE- OG INVESTERINGSPROSJEKT - PLANLEGGING OG BYGGING

Aktiviteten på nye, større bygge- og investeringsprosjekt har i 2018 i hovudsak vore knytt til:

- **Prosjekt ved Måløy vidaregåande skule**
Det går føre seg eit arbeid med rehabilitering av bygg B og C ved Måløy vidaregåande skule. Det er ei stor ombygging spesielt knytt til klasserom, studieareal og fellesareala. Skulen har flytta undervisninga til mellombelse lokale, og arbeidet på plassen er godt i gang. Ferdigstilling er planlagt i løpet av første halvdel av 2020.
- **Ridehall ved Mo- og Øyrane vidaregåande skule**
Det er i løpet av året gjennomført planlegging, anbodsinnhenting og bygging av ein ny ridehall på Mo. Prosjektet inneheld ridehall med tilhøyrande funksjonsrom som lager, tribune, garderober, toalett og eit fleksibelt rom til undervisning, utleige, klubbhus, m.m. Komplett ferdigstilling er planlagt i løpet av første kvartal 2020.
- **Samanslåing av dei vidaregåande skulane i Førde**
Arbeidet med å etablere ein felles vidaregåande skule i Førde er vidareført. Intensjonsavtalen med Førde kommune og nytt rom- og funksjonsprogram for den nye og samla skulen ligg føre. Vi inviterte òg til anbodskonkurranse i 2019, og prosjektet vert etter planen vidareført med ein samspelsfase i 2020. Planlagt total ferdigstilling er i 2023.
- **Sogndal vidaregåande skule, avdeling Kaupangar og nytt vitensenter**
Det er utarbeidd eit nytt rom- og funksjonsprogram for skulen. Samstundes har Vitensenteret arbeidd med sitt program knytt til innhald, behov og finansiering av senterdelen av det planlagde anlegget. Vi har i 2019 gjennomført ein anbodskonkurranse, og prosjektet er no i ein samspelsfase. Målsettinga er å fysisk starte arbeidet med prosjektet i andre kvartal i 2020 og ferdigstille i tredje kvartal i 2021.

- **Flora idrettssenter**

På bakgrunn av intensjonsavtalen som låg føre, vart det i 2018 gjort vedtak om at fylkeskommunen skulle kjøpe Flora idrettssenter. Kjøpet er gjennomført i 2019, og det er gjort fleire mindre tekniske oppgraderingar av anlegget. Arbeidet går framleis føre seg, og det er planlagt noko mindre ombygging i 2020, for å tilpasse anlegget meir til skuleføremål.

OMBYGGING, REHABILITERING OG SIKRING

Bygge- og eigedomstenesta gjennomfører årleg fleire større og mindre prosjekt innan ombygging, rehabilitering og sikring. I 2018 hadde vil mellom anna desse prosjekta:

- Etablering av solcelleanlegg ved Sogn jord- og hagebruksskule
- Ny sykkelparkeringsanlegg ved Firda vgs.
- Rehabilitering av uteanlegget og ny parkeringsplass ved Årdal vgs.
- Ombygging for rettleiingstenestene i Sogndal, Førde og Eid
- Nytt utvendig VA-anlegg på Mo
- Rehabilitering av internatet ved Sogn jord- og hagebruksskule
- Utbetring av heis i Fylkeshuset
- Supplering av tak/bod i arbeidstun ved Sogndal vgs.
- Teknisk oppgradering av ventilasjonsanlegg ved Flora vgs.

Vi har også hatt kontinuitet i arbeidet med skalsikring av den fylkeskommunale bygningsmassen, og det kontinuerlege arbeidet med oppgradering av fleire naudlys- og brannalarmanlegg held fram.

ANDRE TILTAK

Tiltak for gående og syklande

I 2019 starta tenesta og opp og gjennomførte nokre tiltak for å betre tilhøva for gående og syklande. Det gjeld ulike tiltak i tilknyting til dei fylkeskommunale eideommane i fylket. Tiltaka omfattar blant anna betre sykkelparkering, betre fortau og tilkomst, betre av- og påstigingsløysingar for skulebussar og betre merking.

Fysisk miljø og inneklima/HMT

Bygge- og eigedomstenesta er kontinuerleg oppteken av at alle bygg skal ha eit godt innemiljø. Vi kartlegg via enkle parameter som temperatur, relativ fuktigkeit og co₂-innhald i lufta ved ulik bruk. Aktuelle tiltak vert utførte som akutte prosjekt eller som del av vedlikehaldsplanen etter behov. Tenesta følgjer òg opp aktuelle saker i samband med helseverngodkjenninga av dei einskilde skulane og ulike tilsyn retta mot HMT-arbeid.

Universell utforming

Bygge- og eigedomstenesta passar på at universell utforming i dei fylkeskommunale bygg vert ivareteke. Vi har tidlegare kartlagt tilstanden til dei fylkeskommunale eigedommane, og resultatet av arbeidet vart lagt fram i ein eigen rapport. Vi vurderer, planlegg og prioriterer fortløpande dei aktuelle punkta i tiltakslista for oppfølging, anten som eigne prosjekt eller som del av større ombyggingar og rehabiliteringsarbeid.

Driftstenester

Alle tekniske driftstenester i fylkeskommunen vert utførte av bygge- og eigedomstenesta, og tenesta er etablert med regionale, tekniske driftsavdelingar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Vi har brukaravtalar med dei vidaregåande skulane som regulerer ansvarstilhøve og oppgåvefordeling.

Andre oppgåver

Bygge- og eigedomstenesta utfører òg forvaltningsoppgåver for tannhelsestenesta og samferdsleavdelinga. Arbeidet for tannhelsetenesta gjeld bistand ved nye leigeavtalar og endringar i eksisterande avtalar, samt tekniske driftstenester for tannlegekontora i fylket. Tannhelsetenesta syter sjølv for dentalteknisk drift av det tekniske utstyret på tannklinikkeane.

Når det gjeld samferdsle er arbeidsoppgåvene våre vesentleg arbeid med avklaringar og tingningar omkring eige- eller leigetilhøve for rutebilstasjonar i fylket.

Bygge- og eigedomstenesta arbeider aktivt for å etablere effektive energiløysingar og slik redusere den samla energibruken i fylkeskommunale bygg. Les om dette i kapittelet om klimaarbeid, frå side 38.

Vestland fylkeskommune

Bygge- og eigedomstenesta har i løpet av året hatt ein aktiv og god dialog med eigedomsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Vi har brukt tid på å legge til rette for at eigedomsavdelinga i Vestland fylkeskommune skulle fungere godt frå oppstarten. Vi har også gjennomført prosessar både knytte til arbeidsoppgåver og til dei meir overordna strategiske utfordringane avdelinga vil stå framføre. Dei tilsette har vore aktivt med i fleire arbeidsgrupper knytte til dette arbeidet.

ORGANISASJON



Elevar ved Sogndal vidaregåande skule:
Helga T. Sjøthun, Daniel Myklebust og Viktor Haara
Foto: Jostein Heggestad

FYLKESKOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Arbeidsgjevarområdet dekkjer strategiske tiltak for

- rekruttering
- personal- og organisasjonsutvikling
- likestilling
- arbeidsmiljø

Einingsleiarane har ansvar for å utøve personalpolitikken til fylkeskommunen. Arbeidsgjevarpolitikken er i hovudsak styrt gjennom lovverk, forskrifter og avtaleverk. Personalstaben til fylkesrådmannen (FRM-personal) gir støtte, råd og rettleiding til einingsleiarane.

Sentrale arbeidsoppgåver for FRM-personal har i 2019 vore

- arbeidet med fylkessamanslåinga
- oppfølging av handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfold
- oppfølging av kompetanseregistreringssystemet
- oppfølging og vidareutvikling av rekrutteringssystem og rutinar
- oppfølging av resultat frå medarbeidarundersøking
- gjennomføring av
 - lokale lønsforhandlingar
 - fagseminar for reinhaldspersonale
 - fagdagar innan rekrutteringsarbeid
 - grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap (målgruppa er verneombod, lokalt arbeidsmiljøutval og leiarar)
 - operativ leiarstøtte innan personalforvaltning
 - deltaking på rekrutteringsmesser i Trondheim, Oslo, Sogndal og Bergen

ARBEIDSMILJØARBEIDET

Den lokalt underteikna IA-avtalen vart avslutta 31.12.2018. Staten og partane teikna ein ny sentral avtale som omfattar alle bedrifter og verksemder i Noreg. Sogn og Fjordane fylkeskommune slutta seg til intensjonane i den nye avtalen for eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) for perioden 1. januar 2019-31. desember 2022.

IA-avtalen skal skape eit arbeidsliv med plass til alle gjennom å førebyggje sjukefråvær og fråfall, og på denne måten bidra til å auke sysselsettinga.

- **Sjukefråvær:** Sjukefråværsprosenten skal reduserast med ti prosent samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018. Har vi høvesvis låge fråværstal, skal målet vere å stabilisere nivået. I dei einingane/avdelingane der fråværstala er høge, skal relevant innsats prioriterast.

- **Fråfall:** Fråfallet frå arbeidslivet skal reduserast. Her rettar avtalen seg mot personar som ikkje kjem attende i arbeid etter fråvær. Det er vanlegvis langtidssjukmelde, som går over på arbeidsavklaringspengar og etter kvart til uføretrygd, eller det kan vere personar som går over i tidlegpensjon.

Ved å arbeide godt og systematisk med å førebyggje og redusere sjukefråvær og fråfall, vil fylkeskommunen vere med på å skape eit godt inkluderingsklima.

Det skjer ei vriding frå kollektive tiltak til meir individretta arbeid i korleis vi arbeider med å utvikle arbeidsmiljøet. Vi har ei målsetting om at sjukefråværet over tid ikkje skal vere over fem prosent. Difor arbeider vi aktivt med førebyggande tiltak og oppfølging av sjukmelde medarbeidarar. Vi prioritærer tilrettelegging av arbeidsplassen for å halde på tilsette som får helseplager. Nøkkelen til suksess er kunnskap om arbeidsmiljøet, og om kva faktorar som kan utvikle eit velfungerande arbeidsmiljø, både kollektivt og for den einskilde medarbeidar. Vi gjennomfører årleg grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap som tilbod for leiarar, verneombod og medlemer av i arbeidsmiljøutvala våre.

Det registrerte sjukefråværet i 2019 var 6,1 prosent. Det er 1,1 prosent over målet om eit sjukefråvær på maksimalt 5 prosent.




Diagram 22

Sjukefråværsutvikling		2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Kvinner	Sentraladm.	5,1	7,2	5,7	5,3	4,8	4,8	5,5	7,2
Menn	Sentraladm.	2,2	3,7	1,9	3,6	3,1	2,9	4,3	5,1
Sum totalt	Sentraladm.	3,5	5,4	3,7	4,4	3,9	3,8	4,8	6,0
Kvinner	Opplærings-sektoren	5,6	7,0	4,8	6,1	5,6	6,3	6,7	7,3
Menn	Opplærings-sektoren	4,0	3,7	3,0	3,6	3,7	4,1	3,8	3,9
Sum totalt	Skule	4,9	5,4	3,9	4,9	4,7	5,3	5,5	5,9
Kvinner	Tannhelse	9,0	9,2	5,6	5,1	6,7	6,2	8,4	8,3
Menn	Tannhelse	6,7	6,0	2,5	4,5	5,4	2,6	4,2	3,2
Sum totalt	Tannhelse	8,6	8,7	5,2	5,0	6,5	5,8	8,0	7,9
Kvinner	Andre	2,5	4,2	4,6	5,5	5,8	Utgått	Utgått	Utgått
Menn	Andre	12,6	4,4	4,8	0,8	3,6	Utgått	Utgått	Utgått
Sum totalt	Andre	4,7	4,3	4,6	4,3	5,1			
Sum totalt kvinner		5,9	7,1	5,0	5,8	5,6	6,1	6,7	7,4
Sum totalt menn		3,9	3,8	2,8	3,6	3,6	3,8	3,9	4,2
Sum begge kjønn		5,0	5,6	4,0	4,8	4,7	5,1	5,5	6,1

Tabell 36

SENIORPOLITISK ARBEID

Vi legg med seniorsatsinga til rette for å utvikle og nytte kunnskapane, ferdigheten og arbeidsevna til seniormedarbeidaren på ein måte som tener både arbeidsgjevar og arbeidstakar. Desse medarbeidarane står for viktige ressursar i organisasjonen. Dei er produktive og har gode føresetnader for å tilegne seg ny kunnskap. Dei er samstundes medarbeidarar med god mellommenneskeleg innsikt, samt plikt- og ansvarskjensle. Fylkeskommunen legg forholda til rette slik at denne arbeidstakargruppa skal trivast og få personlege og faglege utviklende arbeidsoppgåver. Seniorpolitikk er også å leggje til rette for at kvar einskild skal få avslutte yrkeskarrieren sin på ein tenleg og verdig måte.

Litt om ordninga

Seniorsatsing er eit tredelt leiarverktøy. Det første tiltaket rettar seg mot medarbeidaren frå det året han/ho fyller 55 år og får eit fortrinn ved tildeling av hospiteringsmidlar. Ut frå prioritert behov i verksemda og ønske medarbeidarane har om kompetanse, skal tilsette i alderen 55+ prioriterast. Utviklingssamtalen frå 55+ skal ta opp seinkarrieren som tema.

Tiltak to er eit årleg seinkarrierekurs for medlemane i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK). Innholdet i kurset er motivasjon med arbeidspsykologisk vinkling og direkte faktakunnskap om pensjon,

inkludert tilbod om individuell samtale med seniormedarbeidaren. Her får seniormedarbeidaren rekna ut pensjonen sin, gitt opplysningsane som ligg føre.

Det tredje tiltaket er at seniormedarbeidaren frå fylte 62 år, og vidare kvart år fram til han/ho fyller 67 år (seks gonger), kan søkje nærmeste overordna om utviklings-tiltak/subsidiert avlastningstiltak. Kvar inngåtte avtale med senioren, gir eininga eit årleg tilskot på 7000 kroner.

51 seniormedarbeidarar nytta ordninga i 2019. I 2016 var talet 55, i 2017 var talet 47, og i 2018 vart talet 60. På kursdagane 8. november (KLP) og 22. november 2019 (SPK) deltok til saman 52 seniorar. Alle fekk tilbod om ein til ein-samtale med personleg utrekning av den framtidige pensjonen sin.

BEDRIFTSHELSETENESTA

Tenesta skal dekkje behova vi har for HMS-oppfølging og bistand etter

- § 3-3 i arbeidsmiljølova
- kapittel 13 i forskrift om organisering, leiing og medverknad
- § 5 i forskrift om systematisk HMS-arbeid

FRM-personal har den kontinuerlege oppfølginga av bestillingar og får løpende rapportar og notat som skildrar dei utførte oppdragene til bedriftshelsetenesta. Vidare gjennomfører FRM-personal minimum to årlege status- og bestillarmøte med leverandøren.

Kundeansvarleg i 2019 har vore Wenche Elveseter. Totalt har bedriftshelsetenesta levert tenestetimar for ein samla verdi av 1 090 991 kr. Tabellen under syner tenesteleveransen fordelt på overordna tenesteområde.

Leverte tenester	Kostnad
Arbeidshelse	42 717
Arbeidsmiljøkartleggingar	89 066
Ergonomi	116 298
Helsekontroll (HK)	138 075
Kurs	67 736
Livsstil	1 638
Psykososialt og organisatorisk	189 965
Rus og avhengigheit	410
Sjukefråvær	14 742
Systematisk HMT-arbeid	355 260
Yrkeshygiene	75 084
Total leveranse	1 090 991

ARBEIDSSTYRKEN

Vi har ein arbeidsstyrke på 1344 personar, der 58,8 prosent er kvinner. 31,7 prosent av dei tilsette i fylkeskommunen arbeidde deltid i 2018. Det var det også i 2018. Det er kvinner i vel sju av ti deltidsstillingar. Skeivfordelinga er i hovudsak eit utrykk for tradisjonelle familiemønster. Menn arbeider heiltid og kvinner deltid. Den fleksible haldninga fylkeskommunen har til arbeidstakarane sine eigne ønske, fører til fleire deltidsstillingar og fleire deltidstilsette kvinner.

I opplæringssektoren er det to hovudgrunnar til deltidsutfordringa:

- Det er mange reinhaldar- og miljøarbeidarstillingar i opplæringssektoren. Mange av desse stillingane er deltidsstillingar.
- Krav til undervisningskompetanse i dei ulike faga, gjer at undervisningsoppgåvene må løysast gjennom deltidsstillingar for å få timeplanane til å gå i hop med den økonomiske ramma.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik i fylkeskommunen var 88,5 prosent i 2019, mot 89,1 i 2018.

Stilling	Kvinner	Prosent	Menn	Prosent	Totalt	Prosent
Heiltid	498	37,1 %	420	31,3 %	918	68,3 %
Deltid	292	21,7 %	134	10,0 %	426	31,7 %
Totalt	790	58,8 %	554	41,2 %	1344	100,0 %

Tal deltidstilsette og heiltidstilsette inklusiv lærlingar og eksklusiv permitterte.

Tabell 38

Stillingsgrupper	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Kontorstøtte	99,2	8,61 %	8,7	0,76 %	107,9	9,37 %
Drifts- og støttestillingar til fagstillingar	133,3	11,58 %	54,6	4,74 %	187,9	16,32 %
Sakshandsamarstillingar	63,1	5,48 %	70,5	6,12 %	133,6	11,60 %
Fagstillingar fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	2	0,17 %	0,8	0,07 %	2,8	0,24 %
Tannlegestillingar	24,2	2,10 %	8,8	0,76 %	33	2,87 %
Pedagogstillingar	305,2	26,50 %	291,2	25,29 %	596,4	51,79 %
Leiarstillingar	46	3,99 %	44	3,82 %	90	7,82 %
Totalt	673	58,44 %	478,6	41,56 %	1 151,60	100,00 %

Tal årsverk fordelt på stillingsgrupper, eksklusiv permitterte og lærlingar.

Tabell 39

2015		2016		2017		2018		2019	
Menn	Kvinner								
49 %	51 %	49 %	51 %	49 %	51 %	49 %	51 %	48 %	52 %

Utviklingstrekk, fordeling av leiarstillingar mellom menn og kvinner.

Tabell 40

Sektor	Menn	%	Kvinner	%
Sentraladministrasjonen	11	52 %	10	48 %
Tannhelse	0	0 %	1	100 %
Kultur	1	50 %	1	50 %
Opplæring (skulane og PPT)	32	48 %	35	52 %
Totalt alle sektorar	44	48 %	47	52 %

Leiarstillingar fordelt på sektor og kjønn, eksklusive permitterte.

Tabell 41

Fylkeskommunen har gitt 3421 arbeidsdagar permisjon til utdanning og kompetanse-tiltak i 2019. Kvinner har nytt 84,7 prosent av desse, mot 62,6 prosent i 2018.

	Foreldreperm.	Barns sjukdom	Omsorgsperm.	Anna velferd
Kvinne	77,40 %	70,50 %	99,80 %	60,30 %
Mann	23,60 %	29,50 %	34,60 %	33,20 %

Prosentvis fordeling av permisjonsdagar.

Tabell 42

LØNSSTATISTIKK OG LØNSFORHANDLINGAR

Samla var lønsgjennomsnittet for kvinner i fylkeskommunen 94,8 prosent av lønsgjennomsnittet for menn i 2019, mot 95,4 prosent i 2018. I 2014 var lønnsnittet for kvinner 93,1 prosent. Skilnaden minkar jamt. Tilsvarende tal for kommunesektoren samla var 93,8 prosent i 2018 og 94,6 prosent i 2019¹.

Forklaringa på skilnaden er i hovudsak stillingsstrukturen mellom kvinner og menn. Tradisjonelle kvinneyrke i fylkeskommunen er kontorstøtte-, drifts- og støttestillinger til fagstillingar. Dei utgjer kring 26 prosent av dei tilsette i fylkeskommunen, og det er kvinner i kring tre av fire stillinger. Gjennomsnittsløna til desse gruppene er lågare enn for andre stillingsgrupper.

¹ <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/statistikker/lonnansatt/aar>

Stillingsgruppe	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Kontorstøttestillinger	94,6	91,3	95,1	96,4	99,4	96,9
Drifts- og støttestillinger til fagstillingar	97,6	99,1	101,5	100,2	100,2	97,6
Sakshandsamarstillinger	95,7	97,2	95,3	96,3	95,5	95,8
Fagstillingar, fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	109,0	108,8	103,7	100,2	106,5	101,5
Tannlegestillingar	95,9	95,2	95,5	94,3	90,8	94,5
Pedagogiske stillinger	99,6	100,7	101,5	102,4	102,7	102,5
Leiarstillingar	96,3	101,6	99,3	98,0	99,5	98,4
Alle årsverk	93,1	96,2	95,4	95,1	95,4	94,8

Tabell 43 Utvikling av kvinner si løn i prosent av menn si løn, etter årsløn og stillingsgrupper.

Kapittel 3.4 og 5.2 får all løn fastsett gjennom lokale forhandlingar. Både i kapittel 3.4 og kapittel 5.2 fekk kvinner ein større del av lønstillegga enn lønsdanninga tilsa. Det var ikkje lokale forhandlingar i kapittel 4.2.1 i 2019. I 2017 fekk kvinner ein større del av lønstillegga i 4.2.1 enn lønsdanninga tilsa. Slik var det også i 2014.

Lokale lønsforhandlingar	Del av lønsdanninga		Del av lønstillegga	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kap. 3.4 Leiatar	50,2 %	49,8 %	52,4 %	47,6 %
Kap. 5.2 Sakshandsamarar, tannlegar og fagstillingar	54,6 %	46,4 %	58,3 %	41,7 %

Tabell 44 Fordeling av lønstillegga på kjønn i høve lønsdanninga.

LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

HANLINGSPLAN FOR LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

Likestillingsutvalet vedtok justering av handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfold i 2014. Planperioden var fra 2014 til 2017. På grunn av samanslåinga med Hordaland fylkeskommune fra januar 2020, har vi valt å arbeide vidare etter vedteken handlingsplan fram til samanslåinga.

Det berande prinsippet i handlingsplanen er at mangfold er ein ressurs, og at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere inkluderande, syne omsorg og ha respekt for alle.

Visjonen er:

«Sogn og Fjordane fylkeskommunen skal vere kjent for å arbeide aktivt med likestilling, likeverd og mangfold»

Overordna mål

Ambisjonen er at medarbeidarane og brukarane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfold. Det skal målast i medarbeidar- og brukarundersøkingar. Ambisjonen er at minst 80 prosent opplever dette.

Delmål

1. Mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i regionale planar der det er naturleg.
2. Innan utgangen av 2014 skal fylkeskommunen tilfredsstille aktivitets- og rapporteringsplikta i tråd med diskrimineringslova om seksuell orientering (ny lov frå januar 2014).
3. Innan utgangen av 2015 skal Fylkesspegen byrje å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus for Sogn og Fjordane.
4. Innan utgangen av planperioden skal fylkeskommunen ha gjort ei ny kartlegging av eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav om universell utforming.
5. Innan utgangen av 2016 skal fylkeskommunen ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom dei offentlege aktørane i fylket om korleis offentlege nett-sider kan bidra til betre integrering av innvandrarar.
6. Innan utgangen av 2017 skal tal faste tilsette som ufrivillig arbeider deltid i fylkeskommunen vere redusert frå 39 til 26, noko som er ein reduksjon på 33 prosent.
7. Innan utgangen av 2017 skal informasjonsproduksjonen til fylkeskommunen formidle at fylkeskommunen er ein inkluderande arbeidsgjevar og tenesteytar der dette er tenleg.

Tiltak

For å nå det overordna målet og dei sju delmåla arbeider fylkeskommunen med følgjande tiltak:

Tiltak overordna mål

Fylkeskommunen skal også i neste planperiode tilfredsstille aktivitets- og rapporteringsplikta i gjeldande lovkrav. For å nå det overordna målet må

- kvar eining halde fram med å kartlegge, registrere, rapportere, setje i gang og evaluere likestillings-, likeverds- og mangfaldstiltak
- fylkesrådmannen og fylkesdirektørane samle inn og samanfatte dei einingsvise rapportane og formidle dette i årsrapporten til fylkesrådmannen

Når ansvar og rapportering vert lagt til kvar eining og kvar sektor, vil fylkeskommunen samla kunne gi ei konkret og korrekt framstilling av tilhøva og likestillingsarbeidet i heile fylkeskommunen.

Tiltak delmål 1

Fylkesrådmannen skal ta stilling til om mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i nye regionale planar eller ved revisjon av eksisterande.

Tiltak delmål 2

Innan utgangen av 2014 skal fylkeskommunen tilfredsstille aktivitets- og rapporteringsplikta i tråd med diskrimineringslova om seksuell orientering (ny lov frå januar 2014).

Tiltak delmål 3

Innan utgangen av 2015 skal Fylkesspegen byrje å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus for Sogn og Fjordane.

Tiltak delmål 4

Innan utgangen av planperioden skal fylkeskommunen ha gjort ei ny kartlegging av eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav om universell utforming.

Tiltak delmål 5

Innan utgangen av 2016 skal fylkeskommunen ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom dei offentlege aktørane i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarar.

Tiltak delmål 6

Innan utgangen av 2017 skal tal faste tilsette i fylkeskommunen, som ufrivillig arbeider deltid, vere redusert frå 39 til 26 personar, ein reduksjon på 33 prosent. Dette tiltaket må gjennomførast i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk og gjennom bruk av kompetansehevingstiltak.

Organisatoriske tiltak jamfør § 2.3 i hovudtariffavtalen

1. Ved ledige deltidsstillingar skal ein vurdere om dei kan slåast saman, eller om arbeidsoppgåvene kan overførast til tilsette i deltidsstillingar. Om det er fleire som er kvalifiserte, skal stillinga lysast ut internt.
2. Tilsvarande prosess skal gjerast ved ledige 100-prosentstillingar.
3. Om det oppstår behov som ikkje kan vente til utviklingssamtalen, skal tilsette som jobbar deltid melde frå til nærmeste leiar om dei ønskjer utviding av

stillinga si.

4. Tilsette som har ytra ønske om utviding av stilling, og som ikke tek i mot eventuelt tilbod frå arbeidsgjevar, vil ikke bli prioriterte ved seinare høve. Om det har oppstått spesielle private grunnar som gjer det vanskeleg å utvide stillingsprosenten, skal det takast omsyn til det.

Kompetansehevingstiltak

- Gjennom utviklingssamtalen skal leiar kartleggje kven av dei tilsette med deltid som ønskjer å auke stillingsprosenten sin.
- Kompetanseprofilen til den einskilde skal drøftast og avklarast mellom leiar og medarbeidar gjennom kompetanse- og opplæringssystemet vårt.
- Den tilsette skal synleggjere kva kompetansehevingstiltak vedkomande ønskjer.
- Tilsvarande skal leiar vurdere behovet for endra og/eller ny kompetanse ved eininga i eit perspektiv på minst tre år.
- Kompetansebehovet til eininga skal sjåast i samanheng med ønska til dei tilsette.
- Om det er nødvendig med kompetansehevingstiltak for at tilsette skal kome i ein betre posisjon for utviding av stilling, skal det avtalast tiltak mellom leiar og medarbeidar. Om kompetansehevinga er innanfor behovet leiar har kartlagt ved eininga, skal det avtalast verkemiddel for at den tilsette skal kunne gjennomføre kompetansehevinga.

Tiltak delmål 7

1. Lage og implementere retningsliner for informasjonsproduksjonen i fylkeskommunen som støttar opp om målformuleringa i delmål 7.
2. Innan utgangen av 2017 skal heimesida til fylkeskommunen stette krava Direktorat for fornying og ikt har til universell utforming.

LIKESTILLINGS-, LIKEVERDS- OG MANGFALDSARBEID I 2019

Handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfold er det overordna rammeverket for arbeidet vårt med likestilling, likeverd og mangfold. Det betyr at kvar eining og kvar sektor skal arbeide systematisk med likestilling, likeverd og mangfold når det gjeld ansvarsområda sine, men også støtte opp om tiltaka i den overordna handlingsplanen. Dei skal kartleggje, setje seg mål, setje i verk tiltak og evaluere arbeidet. Det gir lokalt eigarskap og mangfold i det samla arbeidet.

Ambisjonen er at medarbeidarane og brukarane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfold.

I medarbeidarundersøkinga i 2016 var eitt av spørsmåla om dei tilsette opplever at fylkeskommunen legg vekt på likestilling, likeverd og mangfold for brukarar og tilsette. Dei tilsette er stort sett eller svært samde i påstanden om at fylkeskommunen er ei verksemd som prioriterer og verdset dette. Resultatet er marginalt betre enn i 2014. Vi er på det nivået vi ønskjer å vere.

Når det gjeld delmål 1 om at mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i regionale planar der det er naturleg, så gjer vi det.

- I Kultur for alle - regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 er det overordna målet Kultur for alle. Det betyr at alle skal ha reelle høve til å delta i og bidra til kulturaktivitetar og arbeid og utvikling på kulturfeltet. Alle skal ha tilgang til kulturopplevingar av høg kvalitet. I planen er det m.a. definert eit hovudtema som omhandlar deltaking og oppleving. Her er det også definert to innsatsområde: tidleg engasjement og mangfald og fellesskap. Planen blir følgt opp av eit fireåring handlingsprogram 2019-2022 og årlege handlingsplanar. Der vert det definert tiltak for å nå måla.
- I verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane, revidert i 2018, er samfunnsansvar ein premiss for alle satsingar. Likeverd og mangfald står sterkt, og aktivitetar baserte på sosial dumping vil ikkje bli prioriterte. Arbeidsinnvandrarar skal møte eit Sogn og Fjordane som syner godt vertskap.
- Regional plan for folkehelse for Sogn og Fjordane 2015-2025 tek utgangspunkt i seks utfordringar i samfunnet, ei av dei er å styrke toleranse og inkludering. Det er med som gjennomgåande tema i dei fem satsingsområda i planen. Døme på dette:
 1. Satsingsområde 2 om bumiljø og nærmiljø skal fremje:
 - a. bu- og nærmiljø der alle (på tvers av alder, funksjonsnivå og bakgrunn) kan delt.
 2. Satsingsområdet 3 om oppvekst skal fremje
 - a. god integrering av fleirkulturelle
 - b. gode levevanar og toleranse

I januar 2014 byrja diskrimineringslova om seksuell orientering å gjelde. Fylkeskommunen har så langt følgt opp delmål to med å ha kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk på programmet til den årlege leiarsamlinga til fylkesrådmannen i 2014. Vi har også innarbeidd aktivitets- og rapporteringsplikta knytt til denne lova, i den overordna handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfald. I tillegg er teneste-tilboda våre, til dømes på skulane og tannlegekontora, regulerte av blant anna opplæringslova, helsepersonellova og tannhelselova.

Fylkeskommunen byrja i 2017 å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus i Fylkesspegen, jamfør delmål tre. Der vert det publisert demografiske mangfaldsdata under temaet Mangfald, likestilling og integrering.

Arbeidet med å kartlegge eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav til universell utforming, tok til i 2014. Våren 2015 blei kartlegginga avslutta, og resultata er samla i ein eigen rapport. Vi har i god tid nådd delmål fire.

Vi har ikkje klart målet om å ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom offentlege aktørar i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarar. Det låg i februar 2017 føre ein rapport frå eit stort vestlands-prosjekt for arbeidsinnvandring. Rapporten gjev mellom anna nyttig kunnskap om informasjonsbehovet til arbeidsinnvandrarane, og korleis dei finn informasjon i dag. Vi tok i 2018 initiativ til ei samling der vi ønska å formidle resultata frå forskingsarbeidet, og drøfte kva vi konkret kunne gjere for å betre m.a. informasjonen til innvandrarane. Samlinga vart dessverre avlyst på grunn av manglande påmelding. Vi har i ettertid hatt mykje arbeid med fylkessamanslåinga og har valt å legge oppgåva på vent.

Kommunikasjonskanalane våre stettar krava Direktorat for fornying og ikt (Difi) har til universell utforming. Plan for informasjonsarbeid, Brukarhandbok for nettsta-

dar og andre informasjonsrutinar sikar formidlinga av at fylkeskommunen er ein inkluderande arbeidsgjevar og tenesteytar, der dette er tenleg. Tiltaka til delmål 7 er gjennomført, og vi har nådd delmålet.

Når det gjeld tiltak seks, halvering av tilsette som arbeider ufrivillig deltid, må vi gjennomføre dette arbeidet i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk, nemnt i tiltak for delmål seks. I tillegg har vi også sidan 2010 gitt økonomisk bistand til tilsette som arbeider ufrivillig deltid, og som ønskjer å ta utdanning for å kvalifisere seg til fleire arbeidsoppgåver. Tiltaket blei i 2015 avvikla på grunn av liten etterspurnad. Målsettinga til fylkeskommunen er ein reduksjon frå 39 til 26 innan 2017. I 2016 var det 39 fast tilsette som arbeidde uønskt deltid (32 kvinner og 7 menn), og vi var i rute med å nå målsettinga. Ved utgangen av 2019 var det 29 fast tilsette som arbeidde uønskt deltid. Det var 23 kvinner og 6 menn, noko som utgjer 2,2 prosent av alle tilsette. Tal uønskt deltidstilsette har svinga mellom 30 og 40 over fleire år. Det ser ut til at det er vanskeleg å kome under 30 tilsette som arbeider uønskt deltid.

I tillegg til arbeidet med å nå dei overordna måla, arbeider dei fylkeskommunale einingane systematisk lokalt. Det lokale arbeidet har i 2019 blant anna lagt vekt på

- å skape eit ope og inkluderande arbeidsmiljø
- fysisk tilrettelegging for tilsette, brukarar og elevar med nedsett funksjonsevne
- temadagar og arrangement om mobbing, vald, psykisk helse, kulturelt mangfold og rasisme
- vaksenopplæring for framandspråklege og internasjonale samarbeidsprosjekt
- at elevråd skal ha likestilling, likeverd og mangfold som tema i arbeidsplanane sine
- at likestilling, likeverd og mangfold blir drøfta i utviklingssamtalar mellom leiar og tilsette
- fredskorpsverksemد
- at einingane sine lokale planar er konkrete og syner tydeleg framdrifts-tidsplan og gjer greie for ansvarsforhold i gjennomføring
- utjamning av lønsskilnaden mellom kvinner og menn

Konkrete døme

Kultur for alle

2019 var første heile året der «Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027» la premissane for arbeidet til kultursektoren. Planen signaliserer ei tydeleg retning der inkludering, mangfold og fellesskap er viktige stikkord.

Kulturfestivalen

Kulturfestivalen i Sogn og Fjordane feira 30 år i mai 2018. Festivalen har vore ein unik og inkluderande kulturfestival og er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Norsk forbund for utviklingshemma. Målet er å skape ein kulturell og sosial arena for dialog, samhald og likeverd gjennom positive opplevingar. I 2019 deltok nær 300 på festivalen.

Bornas verdsdagar

Bornas verdsdagar blei arrangerte i Sogn og Fjordane for tiande gong i 2019. Det er eit arrangement i regi av Rikskonsertene, som del av Oslo World Music Festival. Bornas verdsdagar har vore eit fast punkt på programmet sidan oppstarten i 1999. Førdefestivalen er hovudarrangør, i tett samarbeid med Førde kommune og Sogn

og Fjordane Teater. Tilboden er gratis for alle og samlar meir enn 2000 deltagarar til ulike fleirkulturelle aktivitetar i Førdehuset.

Utdanning

Tannhelsetenesta har saman med opplæringsavdelinga og Nav starta utdanning for tannhelsesekretærar ved Firda vidaregåande skule. Utdanninga starta hausten 2017. Av 15 elevar hadde 13 av desse ikkje etnisk norsk bakgrunn. Klinikkar som har praksiselev, har kursa ein person i å gi rettleiing til elevar i praksis.

Tannhelsetenesta har laga ein plan for praksisplass til alle elevane på tannhelseskretærutdanninga. Språkopplæring har også vore integrert i praksisen. Alle har fått eigen kontaktperson i praksisfeltet. Dette starta hausten 2017 og vil vere ferdig våren 2020.

Tilrettelagt arbeidsplass

Tannhelsetenesta har med seg dei overordna målsettingane til fylkes kommunen i all kommunikasjon og samhandling med naturlege samarbeidspartar.

Tenesta har til dømes hatt avtale med Nav om utprøving av arbeid for ein person med funksjonsnedsetting. Utprøvinga var på ein tannklinik. Vidare har tannhelsetenesta gjennom Sogneprodukt hatt ein person i arbeidstrening på ein tannklinik.

Hausten 2018 var fylkeskommunen ved tannhelsetenesta ein av tre som var nominerte til IA-prisen 2018. Grunngjevinga var systematisk oppfølging av og planar for integrering av fleire grupper.

Tilrettelegging for brukarar

Alle tannklinikkar har informasjonsmateriell på fleire språk for å sikre at alle brukarane skal få vite om rettane sine, og kva tilbod vi gjev.

Fylkeskommunen har ved fleire høve gjennomført kartlegging av i kva grad ulike friluftsområde i kommunane har ei universell tilrettelegging. Kartlegginga er gjennomført med økonomisk støtte frå Kartverket. Rapportane går til kommunane som kan nytte desse for å utbetre tilrettelegginga. I 2019 vart t.d. 27 fiskeplassar ved 18 fiskevatn i 10 kommunar kartlagte.

Opplæringssektoren

Opplæringssektoren satsa i 2018 på psykisk helse, blant anna gjennom Draumeskulaprosjektet, som er del av Helsedirektoratet si satsing Psykisk helse i skulen. Satsinga er eit tiltak for ungdoms- og vidaregåande skuler. Det er ein modell for å jobbe systematisk med det psykososiale miljøet utifrå et helsefremmande perspektiv. Målet er å skape læringsmiljø der elevane opplever tryggleik og tilhøyrslle, får brukt ressursane sine, og der den psykiske helsa til enkeltelevane vert fremja. Arbeidet blei vidareført i 2019.

Generelt er det eit mål for opplæringssektoren å skape eit godt og inkluderande arbeidsmiljø. Kollegiet skal spegle mangfaldet som bur i Sogn og Fjordane. Rekruttering og tilsettjing av nye medarbeidarar skal skje på grunn av faglege kvalifikasjoner uavhengig av nasjonalitet, nedsett funksjonsevne, religion o.a.

MÅLEKART - AVVIK

Det registrerte sjukefråværet i 2019 var 6,1 prosent. Det er 1,1 prosent over målet om maksimalt 5 prosent.

Målet vårt er at medarbeidrarar opplever leiarane sine som støttande, motiverande, utviklende og rettferdige. I medarbeidarundersøkinga frå 2016 var ambisjonsnivået ein score på minst 78 poeng. Resultatet var 75 poeng. Vi er marginalt under vår eigen ambisjon, men ligg i normalområdet for offentleg sektor.

ETISK STANDARD

Verdigrunnlaget til fylkeskommune vart revidert av fylkestinget i desember 2014. Dei grunnleggande verdiane til Sogn og Fjordane fylkeskommune er:

- innsikt - vi skal aktivt skaffe oss innsikt i noko
- integritet - vi har vilje/evne til å halde viktige prinsipp og vere sjølvstendige
- openheit - vi har respekt for noko(n), viser respekt og tek omsyn
- respekt - vi er demokratisk forankra og vernar om demokratiet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer å ha høg tillit i samfunnet, levere gode tenester, bidra til utvikling i fylket, vere demokratisk forankra og å verne om demokratiet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg stor vekt på at etisk haldning også må få gjennomslag i praktisk handling m.a. ved å:

- følgje lover, føresegner og ordningar elles som gjeld for fylkeskommunen
- ta opp tilhøve som ein meiner er feil
- forvalte fylkeskommunen sine ressursar på ei best mogleg måte
- å vere lojal mot fylkeskommunen sine overordna mål
- å vise andre respekt i omtale og handling

Verdigrunnlag og etisk haldning vert halde «levande» ved m.a. å vera fast innslag på alle samlingar med nytilsette

FORVALTNINGSREVISJON OG INTERNKONTROLL

FORVALTNINGSREVISJON - STATUS

Fylkestinget handsamar forvaltningsrevisjonsrapportane frå kontrollutvalet (KU). Følgjande prosjekt vart handsama i 2019:

- forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv (FT-sak 1/19)
- kontroll av reiserekningar på politisk nivå (FT-sak 37/19)

Fylkesrådmannen meiner at administrasjonen arbeider godt med forvaltnings-revisjonane.

Ved utgangen av året er følgjande saker sende frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for vidare oppfølging:

- FT-sak 37/19 - Kontroll av reiserekningar på politisk nivå
- KU-sak 50/19 - Forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv - oppfølging av vedtak i FT-sak 1/19
- FT-sak 38/19 - Triveselshagen IKS - Selskapskontroll
- KU-sak 48/19 - Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i perioden 2015-2019.

OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK OG AVVIKSRAPPORTERING

Fylkeskommunen har etablert slike rutinar for rapportering av avvik når det gjeld gjennomføring av politiske vedtak:

- Fylkesrådmannen rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av fylkesutvalet og fylkestinget i årsrapporten.
- Fylkesdirektørane rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av hovudutvala i årsmeldingane. Etter at årsmeldingane for hovudutvala er avvikla vil fylkeskommunen gi ei samla avviksrapportering her.

Fylkesrådmannen har ikkje avvik av betydning i vedtak gjort i fylkesutval eller fylkesting i 2019.

INTERNKONTROLL

I 2019 har fylkesrådmannen lagt vekt på å leggje opp arbeidet innanfor internkontroll slik at det ikke kjem i konflikt eller konkurranse med arbeidet som blir gjort inn mot samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar. Fylkesrådmannen har lagt vekt på at prioriterte tiltak for Sogn og Fjordane fylkeskommune må vere mogleg å gjennomføre før 31. desember 2019.

Fylkesrådmannen har prioritert gjennomføring av samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane. Her er det gjort eit omfattande arbeid i alle ledd av organisasjonen vår. Risiko for å miste oversikt, prioritet og framdrift, og dermed ikkje klare å få opp ein funksjonell organisasjon per 1. januar 2020, har vore førande gjennom året. Etableringa av Vestland fylkeskommune involverer alle avdelingar og har gitt betydelege kapasitetsutfordringar. Fylkesrådmannen har ikkje fått meldt inn særlege risiko-område for utgreiing innanfor internkontrollsystemet frå avdelingane, men har fått tilbakemeldingar om høgt arbeidspress.

